



## *Universitetet i Bergen*

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium*

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Vår 2019

# Talemålsvariasjon på Vest-Karmøy

Marie Lund



## Forord

Avhandlinga er lang, så eg skal prøva å halda forordet kortare.

Først og fremst vil eg takka Gunnstein Akselberg for god rettleiing og for at eg no endeleg veit forskjellen på ein bindestrek og ein tankestrek. Takk til resten av fagmiljøet ved UiB, som har kome med nyttige innspel og tilbakemeldingar gjennom heile året. Takk til Bente for navigasjon gjennom datainnsamlingsprosessen og for korrekturlesinga av 556 sider med transkripsjonar. Takk til Per Sigmund for hjelp med signifikanstesting og mange gode råd.

I tillegg vil eg gi ein stor takk til hovudpersonane i denne avhandlinga: alle informantane som har stilt til intervju. Takk til rektor, lærarar og elevar ved Åkra ungdomsskole, som har latt meg få koma inn og forstyrre skuledagen. Takk til alle dei vaksne informantane, som inviterte ein framand student inn i heimen sin, og som har bidratt med både nyttig datamateriale og interessante samtalar.

Takk til alle på lesesalen for kaker, kviss, kakling, kunnskap, k(a)os og klemmar.

Takk til Kristian for at du ikkje forventar ei klissete kjærleikserklæring i forordet.

Takk til alle som har hjelpt til i innspurten.

Og til alle andre i livet mitt: Takk for maten!

# Innhald

Liste over tabellar .....	VIII
Liste over diagram .....	XI
Liste over figurar .....	XIII
Forkortingar .....	XIV
1 Innleiing .....	1
1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål .....	1
1.2 Motivasjon .....	2
1.3 Struktura i avhandlinga .....	2
2 Samfunn og talemål i Åkra .....	4
2.1 Administrativ inndeling .....	5
2.2 Demografi .....	6
2.2.1 Folketal .....	7
2.2.2 Flytting .....	8
2.3 Sysselsetjing .....	9
2.3.1 Sild og jordbruk .....	9
2.3.2 Amerikafart og islandsfiske .....	10
2.3.3 Nye sildeår .....	11
2.3.4 Industri .....	12
2.3.5 Sysselsetjinga i dag .....	13
2.4 Samferdsel .....	13
2.5 Målføret .....	16
2.5.1 Dialektgrupper i Noreg .....	17
2.5.2 Sørvestlandsk .....	18
2.5.3 Tidlegare målføregranskingar .....	18
2.6 Oppsummering .....	21
3 Teoretisk bakgrunn .....	22
3.1 Sosiolingvistikk .....	22
3.1.1 Dialektologi .....	22
3.1.2 Formell språkvitskap .....	23
3.1.3 Andre disiplinar .....	24
3.1.4 Tidlegare sosiolingvistisk forking .....	24
3.2 Språkleg variasjon .....	27
3.2.1 Variasjon på ulike nivå .....	27
3.2.2 Språkleg tilpassing .....	27

3.2.3	Kjønn .....	28
3.3	Språkendring .....	30
3.3.1	Indre faktorar .....	30
3.3.2	Ytre faktorar .....	31
3.3.3	Dialektnivellering .....	34
3.3.4	Regionalisering .....	35
3.3.5	Spreiingsmodellar .....	35
3.3.6	Verkeleg tid og tilsynelatande tid .....	36
3.4	Samfunn og nettverk .....	38
3.4.1	Språksamfunn .....	38
3.4.2	Språksamfunnet Åkra? .....	39
3.4.3	Sosial nettverksteori .....	40
3.5	Oppsummering .....	41
4	Variablane .....	42
4.1	Dei språklege variablane .....	42
4.1.1	Variabelutvalet .....	42
4.1.2	V1: Segmentasjon av <i>ll</i> .....	43
4.1.3	V2: Delt hokjønnsbøying .....	44
4.1.4	V3: Palatalisering av velarar .....	46
4.1.5	V4: Formelt subjekt .....	47
4.1.6	V5: <i>Kjem</i> .....	49
4.1.7	V6: <i>Kanskje</i> .....	49
4.2	Dei sosiale variablane .....	49
4.2.1	Alder .....	50
4.2.2	Kjønn .....	50
4.2.3	Foreldre sin oppvekststad .....	50
4.2.4	Yrkeskontaktflate .....	51
4.2.5	Hovudmål i skulen .....	51
4.3	Hypotesar .....	51
4.3.1	Dei språklege variablane .....	52
4.3.2	Alder .....	52
4.3.3	Kjønn .....	52
4.3.4	Foreldre sin oppvekststad .....	52
4.3.5	Yrkeskontaktflate .....	52
4.3.6	Hovudmål i skulen .....	53
4.4	Oppsummering .....	53

5	Metode.....	54
5.1	Forskningsdesign.....	54
5.2	Behandling av datamaterialet .....	55
5.2.1	Framgangsmåte .....	56
5.2.2	<i>Dialektendringsprosessar</i> .....	57
5.2.3	Grunngjeving av framgangsmåte .....	57
5.3	Tilsynelatande tid .....	58
5.3.1	Språkendring eller livsfasevariasjon?.....	58
5.3.2	Generasjonar.....	59
5.4	Informantutval .....	60
5.4.1	Aldersgruppene.....	60
5.4.2	Geografisk inndeling .....	61
5.4.3	Avvik .....	62
5.5	Utveljing av dei språklege variablane .....	62
5.6	Innsamling av datamaterialet.....	64
5.6.1	Gjennomføring av intervju .....	64
5.6.2	Utfordringar knytte til intervjusituasjonen .....	65
5.7	Oppsummering .....	67
6	Resultat.....	68
6.1	Presentasjonen av resultata.....	68
6.1.1	Signifikans.....	69
6.2	V1: Segmentasjon av <i>ll</i> .....	70
6.2.1	Alder .....	70
6.2.2	Kjønn .....	70
6.2.3	Foreldre sin oppvekststad .....	71
6.2.4	Yrkeskontaktflate .....	72
6.2.5	Hovudmål i skulen.....	73
6.3	V2: Delt hokjønnsbøying .....	73
6.3.1	Alder .....	73
6.3.2	Kjønn .....	74
6.3.3	Foreldre sin oppvekststad .....	74
6.3.4	Yrkeskontaktflate .....	75
6.3.5	Hovudmål i skulen.....	76
6.4	V3: Palatalisering av velarar .....	76
6.4.1	Alder .....	76
6.4.2	Kjønn .....	77

6.4.3	Foreldre sin oppvekststad.....	78
6.4.4	Yrkeskontaktflate .....	78
6.4.5	Hovudmål i skulen.....	79
6.5	V4: Formelt subjekt.....	79
6.5.1	Alder.....	80
6.5.2	Kjønn.....	80
6.5.3	Foreldre sin oppvekststad.....	81
6.5.4	Yrkeskontaktflate .....	81
6.6	V5: Kjem.....	82
6.6.1	Alder.....	82
6.6.2	Kjønn.....	82
6.6.3	Foreldre sin oppvekststad.....	83
6.6.4	Yrkeskontaktflate .....	84
6.7	V6: Kanskje.....	85
6.7.1	Alder.....	85
6.7.2	Kjønn.....	85
6.8	Oppsummering.....	86
7	Drøfting.....	87
	DEL A: Synkron variasjon.....	87
7.1	Drøfting av hypotesane.....	87
7.1.1	Alder.....	87
7.1.2	Kjønn.....	89
7.1.3	Foreldre sin oppvekststad.....	90
7.1.4	Yrkeskontaktflate .....	92
7.1.5	Hovudmål i skulen.....	92
	DEL B: Diakron variasjon.....	94
7.2	Språkending?.....	94
7.3	Dei språklege variablane i eit diakront perspektiv .....	95
7.3.1	V1: Segmentasjon av <i>ll</i> .....	96
7.3.2	V2: Delt hokjønnsbøying .....	97
7.3.3	V3: Palatalisering av velarar i innlyd .....	97
7.3.4	V4: Formelt subjekt i presenteringssetningar.....	98
7.3.5	V5: <i>Kjem</i> .....	99
7.3.6	V6: <i>Kanskje</i> .....	100
7.3.7	Regionalisering.....	101
7.4	Diakron variasjon i eit språkinternt perspektiv.....	102

7.4.1	V1: Segmentasjon av <i>ll</i> .....	102
7.4.2	V2: Delt hokjønnsbøying .....	103
7.4.3	V3: Palatalisering av velarar .....	105
7.4.4	Meir om indre faktorar til språkending .....	106
7.5	Diakron variasjon i eit språkeksternt perspektiv .....	107
7.5.1	Alder .....	108
7.5.2	Kjønn .....	110
7.5.3	Lokale foreldre .....	111
7.5.4	Yrkeskontaktflate .....	111
7.5.5	Hovudmål i skulen.....	111
7.6	Språksamfunnet Åkra .....	112
7.6.1	Eitt språksamfunn? .....	112
7.6.2	Generalisering til populasjonsnivå .....	114
7.7	Oppsummering .....	116
8	Oppsummering .....	117
8.1	Konklusjon .....	117
8.2	Vidare forskning.....	118
8.2.1	Vidare forskning på åkramålet .....	119
8.2.2	Vidare sosiolingvistisk forskning på Vestlandet og i Noreg .....	120
8.2.3	Andre disiplinær .....	120
	Litteratur.....	121
	Litteratur i vedlegg .....	126
	Vedlegg 1: Kart .....	127
	Vedlegg 2: Folketal .....	130
	Vedlegg 3: Flytting.....	135
	Vedlegg 4: Pendling .....	137
	Vedlegg 5: Prosjektskildring for arbeidsgruppe om vestkarmøydialekten.....	139
	Vedlegg 6: Palatalisering av velarar i innlyd .....	140
	Vedlegg 7: Spørjeskjema til elevar på 10. trinn ved Åkra ungdomsskole .....	142
	Vedlegg 8: Spørjeskjema om personopplysingar, yngre informantar .....	143
	Vedlegg 9: Spørjeskjema om personopplysingar, eldre informantar .....	146
	Vedlegg 10: Biletoppgåver.....	150
	Vedlegg 11: Intervjuguide.....	156
	Vedlegg 12: Informasjonsskriv til informantane.....	159
	Vedlegg 13: Oversiktstabell over alle variablane.....	160
	Vedlegg 14: V1: Segmentasjon av <i>ll</i> .....	162



Vedlegg 15: V2: Delt hokjønnsbøying.....	170
Vedlegg 16: V3: Palatalisering av velarar.....	179
Vedlegg 17: V4: Formelt subjekt .....	186
Vedlegg 18: V5: <i>Kjem</i> .....	190
Vedlegg 19: V6: <i>Kanskje</i> .....	196
Vedlegg 20: Geografisk fordeling av nye variantar .....	200
Vedlegg 21: Vurdering frå NSD.....	201
Samandrag.....	202
Abstract .....	203
Profesjonsrelevans.....	203

## Liste over tabellar

Tabell 2.1: Forholdet mellom folketalsutviklinga i Åkra og Karmøy .....	7
Tabell 5.1: Planlagd informantmatrise .....	61
Tabell 5.2: Informantfordeling per delområde .....	61
Tabell 6.1: Signifikansnivå.....	70
Tabell 6.2: Segmentasjon, alder .....	70
Tabell 6.3: Segmentasjon, kjønn, alder .....	70
Tabell 6.4: Segmentasjon, lokale foreldre, eldre og yngre .....	71
Tabell 6.5: Segmentasjon, yrkeskontaktflate, eldre.....	72
Tabell 6.6: Segmentasjon, hovudmål, yngre .....	73
Tabell 6.7: Hokjønn, alder.....	73
Tabell 6.8: Hokjønn, kjønn.....	74
Tabell 6.9: Hokjønn, lokale foreldre, eldre og yngre .....	74
Tabell 6.10: Hokjønn, yrkeskontaktflate, eldre .....	75
Tabell 6.11: Hokjønn, hovudmål, yngre.....	76
Tabell 6.12: Palatalisering, alder.....	76
Tabell 6.13: Palatalisering, kjønn, alle aldersgrupper .....	77
Tabell 6.14: Palatalisering, lokale foreldre.....	78
Tabell 6.15: Palatalisering, yrkeskontaktflate, eldre .....	78
Tabell 6.16: Palatalisering, hovudmål, yngre .....	79
Tabell 6.17: Subjekt, alder .....	80
Tabell 6.18: Subjekt, kjønn, eldre .....	80
Tabell 6.19: Subjekt, lokale foreldre, eldre .....	81
Tabell 6.20: Subjekt, yrkeskontaktflate, eldre.....	81
Tabell 6.21: Kjem, alder.....	82
Tabell 6.22: Kjem, kjønn, alle aldersgrupper.....	82
Tabell 6.23: Kjem, lokale foreldre, eldre og yngre .....	83
Tabell 6.24: Kjem, yrkeskontaktflate, eldre .....	84
Tabell 6.25: Kanskje, alder.....	85
Tabell 6.26: Kanskje, kjønn, eldre.....	85
Tabell 7.1: Bruk av nye variantar, alder .....	88
Tabell 7.2: Bruk av nye variantar, kjønn.....	89
Tabell 7.3: Bruk av nye variantar, lokale foreldre.....	90
Tabell 7.4: Bruk av nye variantar, yrkeskontaktflate, eldre .....	92
Tabell 7.5: Bruk av nye variantar, hovudmål .....	93
Tabell 7.6: Individprosentar for nye variantar.....	94
Tabell 7.7: Bruk av usegmentert <i>ll</i> på Sørvestlandet.....	96
Tabell 7.8: Bruk av ikkje-palataliserte velarar på Sørvestlandet.....	97
Tabell 7.9: Lydovergangar der eldre ikkje palataliserer.....	105
Tabell 7.10: Grammatikalske kategoriar der eldre ikkje palataliserer.....	105
Tabell 0.1: Folketal i Åkra og Karmøy kommunar .....	130
Tabell 0.2: Folketal i Åkra etter grunnkrins .....	132
Tabell 0.3: Folketalsutvikling i Vedavågen, 1960–1990.....	133
Tabell 0.4: Folketalsutvikling i Sevland, 1960–1990.....	133
Tabell 0.5: Folketalsutvikling i Åkrehamn, 1960–1990.....	134
Tabell 0.6: Flytting til og frå Åkra, 1951–1959 .....	135
Tabell 0.7: Flytting (inn- og utland) til og frå Karmøy kommune, 2002–2017 .....	135

Tabell 0.8: Flytting (innanlands) til og frå Karmøy kommune, 1994–2017 .....	136
Tabell 0.9: Utpendling frå Karmøy kommune, 2001 .....	137
Tabell 0.10: Innpending til Karmøy kommune, 2001 .....	138
Tabell 0.11: Kategoriar og realisasjonar av palatalisering av velarar, eldre .....	140
Tabell 0.12: Realisasjonar av palataliserte velarar etter lydovergang, eldre .....	141
Tabell 0.13 .Oversiktstabell over alle variablane og informantane .....	161
Tabell 0.14: Segmentasjon, yngre .....	162
Tabell 0.15: Segmentasjon, eldre .....	162
Tabell 0.16: Segmentasjon, alder (kopi av 6.2).....	162
Tabell 0.17: Segmentasjon, eldre menn .....	163
Tabell 0.18: Segmentasjon, eldre kvinner .....	163
Tabell 0.19: Segmentasjon, yngre menn .....	163
Tabell 0.20: Segmentasjon, yngre kvinner .....	163
Tabell 0.21: Segmentasjon, alle kvinner .....	163
Tabell 0.22: Segmentasjon, alle menn.....	163
Tabell 0.23: Segmentasjon av <i>ll</i> , kjønn (kopi av 6.3).....	164
Tabell 0.24: Segmentasjon, 2 lokale foreldre, eldre .....	164
Tabell 0.25: Segmentasjon, 1 lokal forelder, eldre.....	164
Tabell 0.26: Segmentasjon, 0 lokale foreldre, yngre.....	165
Tabell 0.27: Segmentasjon, 1 lokal forelder, yngre.....	165
Tabell 0.28: Segmentasjon, 2 lokale foreldre, yngre.....	165
Tabell 0.29: Segmentasjon, lokale foreldre (kopi av 6.4) .....	165
Tabell 0.30: Segmentasjon, yrkeskontaktflate innanfor Åkra, eldre .....	166
Tabell 0.31: Segmentasjon, yrkeskontaktflate utanfor Åkra, eldre .....	166
Tabell 0.32: Segmentasjon, yrkeskontaktflate, eldre (kopi av 6.5) .....	166
Tabell 0.33: Segmentasjon, bokmål, yngre .....	167
Tabell 0.34: Segmentasjon, nynorsk, yngre .....	167
Tabell 0.35: Segmentasjon, hovudmål, yngre (kopi av 6.6).....	167
Tabell 0.36: Realisasjonar av <i>dl</i> , eldre .....	168
Tabell 0.37: Realisasjonar av <i>ll</i> , eldre .....	168
Tabell 0.38: Realisasjonar av <i>dl</i> , yngre .....	169
Tabell 0.39: Realisasjonar av <i>ll</i> , yngre .....	169
Tabell 0.40: Endingsvokal hokjønn, yngre.....	170
Tabell 0.41: Endingsvokal hokjønn, eldre.....	170
Tabell 0.42: Hokjønn, alder (kopi av 6.7) .....	170
Tabell 0.43: Hokjønn, alle menn .....	171
Tabell 0.44: Hokjønn, alle kvinner.....	171
Tabell 0.45: Hokjønn, eldre menn.....	171
Tabell 0.46: Hokjønn, yngre menn.....	171
Tabell 0.47 Hokjønn, yngre kvinner.....	171
Tabell 0.48: Hokjønn, eldre kvinner.....	171
Tabell 0.49: Hokjønn, alder (kopi av 6.8) .....	172
Tabell 0.50: Hokjønn, eldre, 2 lokale foreldre .....	172
Tabell 0.51: Hokjønn, eldre, 1 lokal forelder .....	172
Tabell 0.52: Hokjønn, 0 lokale foreldre, yngre .....	173
Tabell 0.53: Hokjønn, 1 lokal forelder, yngre .....	173
Tabell 0.54: Hokjønn, 2 lokale foreldre, yngre .....	173
Tabell 0.55: Hokjønn, lokale foreldre, eldre og yngre (kopi av 6.9).....	173

Tabell 0.56: Hokjøn, yrkeskontaktflate innanfor Åkra, eldre.....	174
Tabell 0.57: Hokjøn, yrkeskontaktflate utanfor Åkra, eldre.....	174
Tabell 0.58: Hokjøn, yrkeskontaktflate, eldre (kopi av 6.10).....	174
Tabell 0.59: Hokjøn, bokmål, yngre.....	175
Tabell 0.60: Hokjøn, nynorsk, yngre.....	175
Tabell 0.61: Hokjøn, hovudmål, yngre (kopi av 6.11) .....	175
Tabell 0.62: Realisasjonar av -e for sterke hokjøn, eldre .....	176
Tabell 0.63: Realisasjonar av -å for sterke hokjøn, eldre .....	176
Tabell 0.64: Realisasjonar av -e for sterke hokjøn, yngre .....	177
Tabell 0.65: Realisasjonar av -å for sterke hokjøn, yngre.....	177
Tabell 0.66: E-ending for svake hokjøn, alle .....	178
Tabell 0.67: Palatalisering, yngre.....	179
Tabell 0.68: Palatalisering, eldre .....	179
Tabell 0.69: Palatalisering, alder (kopi av 6.12) .....	179
Tabell 0.70: Palatalisering, eldre menn .....	180
Tabell 0.71: Palatalisering, eldre kvinner.....	180
Tabell 0.72: Palatalisering, yngre kvinner.....	180
Tabell 0.73: Palatalisering, yngre menn .....	180
Tabell 0.74: Palatalisering, alle kvinner .....	180
Tabell 0.75: Palatalisering, alle menn .....	180
Tabell 0.76: Palatalisering, kjønn, alle aldersgrupper (kopi av 6.13).....	181
Tabell 0.77: Palatalisering, 2 lokale foreldre, eldre.....	181
Tabell 0.78: Palatalisering, 1 lokal forelder, eldre .....	181
Tabell 0.79: Palatalisering, 0 lokale foreldre, eldre.....	182
Tabell 0.80: Palatalisering, 1 lokal forelder, eldre .....	182
Tabell 0.81: Palatalisering, 2 lokale foreldre, eldre.....	182
Tabell 0.82: Palatalisering, lokale foreldre (kopi av 6.14) .....	182
Tabell 0.83: Palatalisering, yrkeskontaktflate innanfor Åkra, eldre.....	183
Tabell 0.84: Palatalisering, yrkeskontaktflate utanfor Åkra, eldre.....	183
Tabell 0.85: Palatalisering, yrkeskontaktflate, eldre (kopi av 6.15).....	183
Tabell 0.86: Palatalisering, bokmål, yngre .....	184
Tabell 0.87: Palatalisering, nynorsk, yngre .....	184
Tabell 0.88: Palatalisering, hovudmål, yngre (kopi av 6.16) .....	184
Tabell 0.89: Realisasjonar av ikkje-palataliserte velarar, eldre.....	185
Tabell 0.90: Realisasjonar av palataliserte velarar, yngre .....	185
Tabell 0.91: Subjekt, yngre .....	186
Tabell 0.92: Subjekt, eldre .....	186
Tabell 0.93: Subjekt, alder (kopi av 6.17).....	186
Tabell 0.94: Subjekt, eldre kvinner .....	187
Tabell 0.95: Subjekt, eldre menn.....	187
Tabell 0.96: Subjekt, kjønn, eldre (kopi av 6.18).....	187
Tabell 0.97: Subjekt, eldre, 2 lokale foreldre .....	188
Tabell 0.98: Subjekt, eldre, 1 lokal forelder .....	188
Tabell 0.99: Subjekt, lokale foreldre, eldre (kopi av 6.19).....	188
Tabell 0.100: Subjekt, yrkeskontaktflate innanfor Åkra, eldre .....	189
Tabell 0.101: Subjekt, yrkeskontaktflate utanfor Åkra, eldre .....	189
Tabell 0.102: Subjekt, yrkeskontaktflate, eldre (kopi av 6.20) .....	189
Tabell 0.103: <i>Kjem</i> , yngre .....	190

Tabell 0.104: <i>Kjem</i> , eldre .....	190
Tabell 0.105: <i>Kjem</i> , alder (kopi av 6.21).....	190
Tabell 0.106: <i>Kjem</i> , eldre menn .....	191
Tabell 0.107: <i>Kjem</i> , alle menn.....	191
Tabell 0.108: <i>Kjem</i> , alle kvinner .....	191
Tabell 0.109: <i>Kjem</i> , yngre menn .....	191
Tabell 0.110: <i>Kjem</i> , yngre kvinner.....	191
Tabell 0.111: <i>Kjem</i> , eldre kvinner .....	191
Tabell 0.112: <i>Kjem</i> , kjønn, alle aldersgrupper (kopi av 6.22) .....	192
Tabell 0.113: <i>Kjem</i> , eldre, 2 lokale foreldre .....	192
Tabell 0.114: <i>Kjem</i> , eldre, 1 lokal forelder.....	192
Tabell 0.115: <i>Kjem</i> , yngre, 0 lokale foreldre.....	193
Tabell 0.116: <i>Kjem</i> , yngre, 1 lokal forelder.....	193
Tabell 0.117: <i>Kjem</i> , yngre, 2 lokale foreldre.....	193
Tabell 0.118: <i>Kjem</i> , lokale foreldre (kopi av 6.23) .....	193
Tabell 0.119: <i>Kjem</i> , yrkeskontaktflate innanfor Åkra, eldre .....	194
Tabell 0.120: <i>Kjem</i> , yrkeskontaktflate utanfor Åkra, eldre .....	194
Tabell 0.121: <i>Kjem</i> , yrkeskontaktflate, eldre (kopi av 6.24) .....	194
Tabell 0.122: <i>Kjem</i> , bokmål, yngre .....	195
Tabell 0.123: <i>Kjem</i> , nynorsk, yngre .....	195
Tabell 0.124: <i>Kanskje</i> , yngre.....	196
Tabell 0.125: <i>Kanskje</i> , eldre .....	196
Tabell 0.126: <i>Kanskje</i> , alder (kopi av 6.25) .....	196
Tabell 0.127: <i>Kanskje</i> , eldre menn .....	197
Tabell 0.128: <i>Kanskje</i> , yngre kvinner.....	197
Tabell 0.129: <i>Kanskje</i> , eldre kvinner.....	197
Tabell 0.130: <i>Kanskje</i> , eldre menn .....	197
Tabell 0.131: <i>Kanskje</i> , kjønn, eldre (kopi av 6.26) .....	197
Tabell 0.132: <i>Kanskje</i> , 2 lokale foreldre, eldre .....	198
Tabell 0.133: <i>Kanskje</i> , 1 lokal forelder, eldre .....	198
Tabell 0.134: <i>Kanskje</i> , 0 lokale foreldre, yngre .....	198
Tabell 0.135: <i>Kanskje</i> , 1 lokal forelder, yngre .....	198
Tabell 0.136: <i>Kanskje</i> , 2 lokale foreldre, yngre .....	198
Tabell 0.137: <i>Kanskje</i> , yrkeskontaktflate innanfor Åkra, eldre.....	199
Tabell 0.138: <i>Kanskje</i> , yrkeskontaktflate utanfor Åkra, eldre.....	199
Tabell 0.139: <i>Kanskje</i> , bokmål, yngre.....	199
Tabell 0.140: <i>Kanskje</i> , nynorsk, yngre .....	199
Tabell 0.141: Geografisk spreining av nye variantar .....	200

## Liste over diagram

Diagram 2.1: Folketalsutvikling i Åkra og Karmøy kommunar .....	7
Diagram 2.2: Innanlands flytting til og frå Karmøy, 1994–2017 .....	8
Diagram 6.1: Segmentasjon, alder.....	70
Diagram 6.2: Segmentasjon, kjønn, alder .....	71
Diagram 6.3: Segmentasjon, lokale foreldre, eldre og yngre .....	71
Diagram 6.4: Segmentasjon, yrkeskontaktflate, eldre.....	72

Diagram 6.5: Segmentasjon, hovudmål, yngre .....	73
Diagram 6.6: Hokjønn, alder .....	73
Diagram 6.7: Hokjønn, kjønn, alle aldersgrupper .....	74
Diagram 6.8: Hokjønn, lokale foreldre, eldre og yngre.....	75
Diagram 6.9: Hokjønn, yrkeskontaktflate, eldre .....	75
Diagram 6.10: Hokjønn, hovudmål, yngre .....	76
Diagram 6.11: Palatalisering, alder .....	76
Diagram 6.12: Palatalisering, kjønn, alle aldersgrupper .....	77
Diagram 6.13: Palatalisering, lokale foreldre, eldre og yngre.....	78
Diagram 6.14: Palatalisering, yrkeskontaktflate, eldre.....	78
Diagram 6.15: Palatalisering, hovudmål, yngre .....	79
Diagram 6.16: Subjekt, alder.....	80
Diagram 6.17: Subjekt, kjønn, eldre.....	80
Diagram 6.18: Subjekt, lokale foreldre, eldre .....	81
Diagram 6.19: Subjekt, yrkeskontaktflate, eldre .....	81
Diagram 6.20: <i>Kjem</i> , alder .....	82
Diagram 6.21: <i>Kjem</i> , kjønn, alle aldersgrupper.....	83
Diagram 6.22: <i>Kjem</i> , lokale foreldre, eldre og yngre .....	84
Diagram 6.23: <i>Kjem</i> , yrkeskontaktflate, eldre.....	84
Diagram 6.24: <i>Kanskje</i> , alder .....	85
Diagram 6.25: <i>Kanskje</i> , kjønn, eldre.....	85
Diagram 7.1: Bruk av nye variantar, alder .....	88
Diagram 7.2: Bruk av nye variantar, kjønn .....	89
Diagram 7.3: Differanse mellom bruken av nye variantar, kjønn .....	89
Diagram 7.4: Differanse mellom bruken av nye variantar, lokale foreldre.....	91
Diagram 7.5: Bruk av nye variantar, lokale foreldre.....	91
Diagram 7.6: Differanse mellom bruken av nye variantar, yrkeskontaktflate .....	92
Diagram 7.7: Bruk av nye variantar, yrkeskontaktflate, eldre.....	92
Diagram 7.8: Differanse mellom bruken av nye variantar, hovudmål .....	93
Diagram 7.9: Bruk av nye variantar, hovudmål .....	93
Diagram 0.1: Folketal i Åkra og Karmøy kommunar .....	130
Diagram 0.2: Folketalsutvikling i Vedavågen etter grunnkrinsar .....	133
Diagram 0.3: Folketalsutvikling i Vedavågen, 1960–2009.....	133
Diagram 0.4: Folketalsutvikling i Sevland, 1960–2009 .....	134
Diagram 0.5: Folketalsutvikling i Sevland etter grunnkrinsar .....	134
Diagram 0.6: Folketalsutvikling i Åkrehamn etter grunnkrinsar.....	134
Diagram 0.7: Folketalsutvikling i Åkrehamn, 1960–1990 .....	134
Diagram 0.8: Flytting til og frå Åkra, 1951–1959.....	135
Diagram 0.9: Flytting (inn- og utland) til og frå Karmøy kommune, 2002–2017.....	136
Diagram 0.10: Flytting (innland) til og frå Karmøy, 1994–2017 .....	136
Diagram 0.11: Utpendling frå Karmøy kommune, 2001.....	137
Diagram 0.12: Innpendling til Karmøy kommune, 2001 .....	138
Diagram 0.13: Segmentasjon, alder (kopi av 6.1) .....	162
Diagram 0.14: Segmentasjon, kjønn (kopi av 6.2).....	164
Diagram 0.15: Segmentasjon, lokale foreldre (kopi av 6.3).....	165
Diagram 0.16: Segmentasjon, yrkeskontaktflate, eldre (kopi av 6.4) .....	166
Diagram 0.17: Segmentasjon, hovudmål, yngre (kopi av 6.5) .....	167
Diagram 0.18: Hokjønn, alder (kopi av (6.6) .....	170

Diagram 0.19: Hokjønn, kjønn, alle aldersgrupper (kopi av 6.7).....	172
Diagram 0.20: Hokjønn, lokale foreldre, eldre og yngre (kopi av 6.8).....	173
Diagram 0.21: Hokjønn, yrkeskontaktflate, eldre (kopi av 6.9).....	174
Diagram 0.22: Hokjønn, hovudmål, yngre (kopi av 6.10).....	175
Diagram 0.23: Palatalisering, alder (kopi av 6.11).....	179
Diagram 0.24: Palatalisering, kjønn, alle aldersgrupper (kopi av 6.12).....	181
Diagram 0.25: Palatalisering, lokale foreldre (kopi av 6.13).....	182
Diagram 0.26: Palatalisering, yrkeskontaktflate, eldre (kopi av 6.14).....	183
Diagram 0.27: Palatalisering, hovudmål, yngre (kopi av 6.15).....	184
Diagram 0.28: Subjekt, alder (kopi av 6.16).....	186
Diagram 0.29: Subjekt, kjønn, eldre (kopi av 6.17).....	187
Diagram 0.30: Subjekt, lokale foreldre, eldre (kopi av 6.18).....	188
Diagram 0.31: Subjekt, yrkeskontaktflate, eldre (kopi av 6.19).....	189
Diagram 0.32: <i>Kjem</i> , alder (kopi av 6.20).....	190
Diagram 0.33: <i>Kjem</i> , kjønn (kopi av 6.21).....	192
Diagram 0.34: <i>Kjem</i> , lokale foreldre (kopi av 6.22).....	193
Diagram 0.35: <i>Kjem</i> , yrkeskontaktflate, eldre (kopi av 6.23).....	194
Diagram 0.36: <i>Kanskje</i> , alder (kopi av 6.24).....	196
Diagram 0.37: <i>Kanskje</i> , kjønn, eldre (kopi av 6.25).....	197

## Liste over figurar

Figur 2.1: Kart over tettstader i Åkra .....	4
Figur 2.2: Kart over Åkra med delområda Vedavågen, Sevland og Åkrehamn.....	4
Figur 3.1: S-kurve for spreining av språktrekk .....	36
Figur 3.2: Nettverkstettleik.....	41
Figur 0.1: Regioninndeling i Rogaland .....	127
Figur 0.2: Kart over tettstader på Haugalandet .....	128
Figur 0.3: Kart over Sørvestlandet .....	129

## Forkortingar

Så langt det lar seg gjera unngår eg bruk av forkortingar. I nokre tilfelle ser eg det likevel som føremålstenleg å ikkje skriva ut det fullstendige ordet av plassomsyn, ofte i tabellar og grafiske framstillingar. Følgjande forkortingar blir nytta i avhandlinga:

subst.	substantiv	//	Fonemisk transkripsjon
adj.	adjektiv	[ ]	Fonetisk transkripsjon
ub.f.	ubestemt form	< >	Ortografisk transkripsjon
b.f.	bestemt form	<sup>1</sup>	Tonelag 1
et.	eintal	<sup>2</sup>	Tonelag 2
flt.	fleirtal	:	Langt fonem
m.	maskulinum	,	Stavingsberande konsonant
f.	femininum		
n.	nøytrum		
inf.	infinitiv		
pres.	presens		
pret.	preteritum		
part.	partisipp		
pal.	palatalisering		
kap.	kapittel		
pkt.	punkt		
jf.	jamfør		
eng.	engelsk		
DEP	<i>Dialektendringsprosessar</i>		

Sjå elles Tabell 6.1 (s. 70) for symbol for statistiske signifikansnivå.



# 1 Innleiing

I denne avhandlinga vil eg sjå på variasjon i talemålet i det geografiske området sørvest på Karmøy som fram til 1965 utgjorde Åkra kommune, både synkront og i tilsynelatande tid. Oppgåva er basert på ei primært kvantitativ undersøking av korrelasjon mellom seks språklege variablar og fem sosiale bakgrunnsvariablar hos talarar i to ulike generasjonar i området. Undersøkinga skriv seg inn i den sosiolingvistiske tradisjonen, nærmare bestemt den kvantitative variasjonslingvistikken. I tillegg vil det finnast meir dialektologiske element, hovudsakleg i det teoretiske utgangspunktet for arbeidet. Det empiriske materialet består av transkriberte lydopptak frå sosiolingvistiske intervju med 20 informantar, fordelte på ein eldre generasjon (53–77 år) og ein yngre generasjon (15 år). Metodisk skriv avhandlinga seg inn i tradisjonen etter forskingsprosjektet *Dialektendringsprosessar* ved Universitetet i Bergen. Målsetnaden til arbeida i *Dialektendringsprosessar* er å skildra endringar i dei norske talemåla og gi innsikt i prosessane som går føre seg ved slike endringar (Sandøy m.fl, 2007). Dette prosjektet blir vidare presentert i 3.3.6 og i 5.2.2.

## 1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål

Føremålet med avhandlinga er å undersøka synkron og diakron variasjon i talemålet til eit tilnærma tilfeldig informantutval i Åkra. Målet er både å koma fram til resultat som gir ny kunnskap om talemålet i Åkra og å leggja grunnlag for vidare forskning på talemålet i området. I tillegg er det eit personleg mål å utvikla eiga metodisk forståing og evne til å gjennomføra eit større vitenskapleg arbeid. Problemstillinga eg tek utgangspunkt i er samansett og omfattar både deskriptive og analytiske aspekt ved variasjonsspørsmålet. Overordna vil eg operera med ei todelt problemstilling:

### A) Korleis varierer informantane bruken av dei aktuelle språklege variablane?

Denne delen av problemstillinga har eit synkront perspektiv og tek hovudsakleg utgangspunkt i ei frekvensmåling av informantane sine realisasjonar av seks språklege variablar målte opp mot fem uavhengige sosiale bakgrunnsvariablar. Del A kan konkretiserast i to forskingsspørsmål:

- I kor stor grad finst det variasjon i bruken av dei språklege variablane blant informantane?
- Korleis opptrer den språklege variasjonen intraindividuell, interindividuell og på gruppenivå?

**B)** Kva kan variasjonsmønstera i språkbruken til informantane fortelja om endringa av talemålet i Åkra?

I del B tek eg sikte på å *tolka* og *forklara* variasjonsmønstera som måtte bli påviste for dei språklege variablane. Forskingsspørsmål knytte til denne delen av problemstillinga er:

- I kor stor grad kan ein seia at den synkrone variasjonen gir uttrykk for ei *endring* (diakron variasjon) i åkramålet?
- Korleis endrar talemålet i Åkra seg i forhold til resten av Sørvestlandet? Kan ein snakka om ei regionalisering, eller følgjer Åkra ei eiga utvikling?
- På kva måte er språkleg variasjon/språkendringar knytte til endringar i samfunnsstrukturen i språksamfunnet?
- I kor stor grad kan variasjonsmønstera for dei ulike informantgruppene generaliserast og seia noko om resten av språksamfunnet Åkra?

I samband med dei siste to forskningsspørsmåla vil eg i tillegg stilla spørsmål til om Åkra kan og bør reknast som eit språksamfunn og kva som eventuelt ligg i ei slik avgrensing.

## **1.2 Motivasjon**

Valet av nettopp dette masterprosjektet er både fagleg og personleg motivert.

*Argumentasjonen* for utføringa av prosjektet ligg i det faglege, nærmare bestemt i mangelen på tidlegare talemålsforsking på Haugalandet og ynsket om å bidra til å utvida det geografiske grunnlaget for talemålsforskinga på Vestlandet. *Motivasjonen* bak, derimot, er personleg styrt. Det at eg sjølv er frå Åkra har gjort meg merksam på både kor samansett den talespråklege situasjonen er og kor lite som er forska på han. I tillegg ser eg det sjølv å ha vakse opp på staden og ha morsmålskompetanse i målføret som ein stor fordel i ei undersøking som denne, både når det gjeld lytting til tydingsskiljande nyansar i talespråket, kjennskap til språkssystemet i området og i kontakten med informantane (sjå pkt. 5.6.2 ).


## **1.3 Strukturen i avhandlinga**

I neste kapittel, kapittel 2, vil eg definera og avgrensa det geografiske området eg har valt å studera. Her presenterer eg samfunnsmessige og språklege forhold i området i eit historisk perspektiv og presenterer tidlegare språkforsking om regionen. I kapittel 3 vil eg introdusera ei rekke sosiolingvistiske omgrep og fenomen som er relevante for tolkinga og drøftinga av datamaterialet. I dette kapittelet gir eg ei kort oversikt over tidlegare sosiolingvistisk litteratur basert på undersøkingar med liknande metodikk som i denne avhandlinga, både internasjonalt


og i Noreg. Kapittel 4 tek føre seg dei språklege og sosiale variablane som blir undersøkte i avhandlinga. Kapittel 2, 3 og 4 utgjer det teoretiske rammeverket for oppgåva. Ut frå dette vil eg, i slutten av kapittel 4, setja fram ei rekke hypotesar som uttrykker forventingar til resultatata av analysen som kjem seinare. I kapittel 5 gjer eg greie for metodiske val eg har teke og skildrar prosessen med arbeidet. Her drøftar eg i tillegg fleire utfordringar og eventuelle feilkjelder. Kapittel 6 består av ein presentasjon av resultatata frå undersøkinga, med utgangspunkt i dei språklege variablane. I kapittel 7 blir desse resultatata oppsummerte og drøfta. Dette kapittelet består av to delar, der del A fokuserer på drøftinga av synkron variasjon og del B fokuserer på drøftinga av diakron variasjon, jf. inndelinga av problemstillinga. Til slutt, i kapittel 8, vil eg koma tilbake til problemstillinga, forskingsspørsmåla og hypotesane for å oppsummera resultatata eg har kome fram til.

## 2 Samfunn og talemål i Åkra

Åkra kommune var éin av dei sju kommunane som i 1965 gjekk saman til Karmøy kommune. Området dekker dei sørvestre delane av Karmøy, frå Vedavågen i nord til Liknes i sør<sup>1</sup>. Det som tidlegare utgjorde Åkra kommune utgjer i dag sokna Åkra og Vedavågen, poststadene og delområda Åkrehamn, Seveland/Sævelandsvik og Vedavågen/Veavågen og grunnkrinsane Sævik, Østhus, Østhusneset, Munkejord, Vea, Heiå, Mannes, Sevelandsvik, Varne, Tjøsvoll, Tjøsvoll øst, Åkrehamn, Årvold, Grindhaug, Mosbron, Stong, Ådland og Liknes.



Figur 2.2: Kart over tettsteder<sup>2</sup> i Åkra (Statistisk sentralbyrå, u.å.a). Sjå Vedlegg 1 for kart i full storleik.



Figur 2.1: Kart over Åkra med delområda Vedavågen (nord), Seveland (midt) og Åkrehamn (sør). Kartet utan kommunegrensa er kopiert frå Kartverket (u.å.).

<sup>1</sup> Liknes har låg busetnad og blir ikkje vist på nokre av karta som er lånte frå eksterne kjelder. Grensa går nord for Ferkingstad og Stava.

<sup>2</sup> I følge SSB skal «en hussamling [...] registreres som et tettsted dersom det 1. bor minst 200 personer der og 2. Avstanden mellom husene skal normalt ikke overstige 50 meter [...]» (Statistisk sentralbyrå, 2018c).

«Åkra» vil i denne avhandlinga bli nytta om det geografiske området som utgjer den tidlegare kommunen. Dette bryt med folkeleg nemning, der «Åkra» blir nytta om byen eller delområdet Åkrehamn og det ikkje finst noko samlande namn på området til den tidlegare kommunen. For å referera til dei ulike delane av den tidlegare kommunen vil eg bruka namna på dei tre delområda i dag: Åkrehamn, Sevland og Vedavågen. «Åkra», i tydinga «Åkrehamn», kan likevel bli nytta i sitat og utsegner frå andre kjelder. Eg vil då gjera merksam på skilnaden uttrykt ved preposisjonsbruk. *På* Åkra viser til staden Åkrehamn, medan *i* Åkra viser til den tidlegare kommunen eller området dette svarar til i dag. Det same gjeld skilnaden mellom øya Karmøy (*på*) og kommunen Karmøy (*i*), som utgjer geografisk litt ulike område.

I dette kapittelet vil eg peika på sider ved åkrasamfunnet som kan vera relevante for talemålssituasjonen i området i dag. Eg vil både gjera greie for viktige samfunnsforhold i samtida og gi ein kort historisk gjennomgang. Hovudvekta vil ligga på administrativ inndeling, demografisk utvikling, sysselsetjing og infrastruktur/kontakt- og kommunikasjonsmønster. I tillegg vil eg greia ut om den talespråklege situasjonen i området og tidlegare talemålsforskning som måtte vera relevant for denne undersøkinga.

## **2.1 Administrativ inndeling**

Som illustrert i Figur 2.1 utgjer Åkra den vestre delen av øya Karmøy i dagens Karmøy kommune. Fram til 1919 var Karmøy ein del av Ryfylke futedøme i Stavanger amt, i dag Rogaland fylke (Thorsnæs, 2018). Åkra sokn låg fram til 1888 under Skudenes prestegjeld og blei dermed, ved formannskapslovene av 1837, ein del av Skudenes herad (Østrem, 2010, s. 384). Nokre tiår seinare, i 1891, blei Åkra skild ut frå Skudenes som eige herad (sjå t.d. Fyllingsnes, 2014, s. 134). Grensene for det nye heradet var identiske med grensene for Åkra sokn. Det som skulle visa seg å bli den store utfordringa for det nye heradet, var å fordela offentlege midlar mellom interessene til dei to sentruma i soknet, Åkrehamn og Vedavågen. Usemja var så stor at folk i Vedavågen ønskte å lausriva seg frå Åkra og bli eit eige herad. Dette kom opp til votering i 1916, men forslaget fall (Fyllingsnes, 2014, s. 134). Det blei fremja forslag om at Åkrehamn, som frå slutten av 1800-talet hadde vore ein raskt veksande tettstad, skulle skiljast ut som ladestadskommune. Dette blei vedteke i heradsstyret og fekk oppslutning i Fylkestinget, men blei likevel aldri ein realitet. Grunna dårlege økonomiske tider blei vedtaket stadig utsett og fall til slutt bort. Åkrehamn fekk bystatus i 2002. I 2012 fekk Vedavågen eiga kyrkje, noko dei hadde kjempa for sidan førre hundreårskifte, og dei skilde seg dermed frå Åkra sokn.

Vedavågen og Åkrehamn har gjennom den nyare historia halde fram som to uavhengige sentrum, trass samarbeid på mange område. Dei to sentrumsområda kjem tydeleg til syne på kartet over tettstader i Åkra presentert innleiingsvis (Figur 2.2). I dag er det særleg at områda høyrer til same ungdomsskulekrins som formelt bind dei saman. Det finst derimot likevel ein fellesskap utover dette, til dømes gjennom felles arrangement og fritidsaktivitetar. Åkrehamn er i tillegg det nærmaste større sentrumet for Vedavågen og tilbyr eit større utval av varer og tenester. I 2013 opna ein privat ungdomsskule i Vedavågen, som tek imot elevar frå skulekrinsen til Åkra ungdomsskule og større delar av øya (Danielsen Ungdomsskole Karmøy, u.å.). Det er dermed ikkje lenger slik at alle i området går på ungdomsskulen i Åkrehamn.

I løpet av 1800-talet auka talet på kommunar på Karmøy frå tre til sju<sup>2</sup> (sjå t.d. Fyllingsnes, 2014, s. 135). Dette var ei karakteristisk utvikling for heile landet. I 1946 blei det dermed sett ned ein komité, ofte kalla Schei-komiteen, etter komitéleiar Nicolai Schei, som hadde som oppgåve å leggja fram forslag til revisjon av kommuneinndelinga i landet. På Karmøy blei det foreslått å redusera talet på kommunar frå sju til fire (Regjeringa, 2017). Forslaget innebar å slå saman Skudeneshavn og Skudenes, Kopervik og Stangeland og Torvastad og Avaldsnes. Åkra skulle halda fram som eigen kommune. Det endelege utfallet blei derimot ei endå meir omfattande samanslåing, der størstedelen av alle dei sju kommunane på øya gjekk saman til Karmøy kommune (sjå t.d. Lillehammer, 1980, s. 11). Dette skjedde samstundes som det blei vurdert om det nye storanlegget til Norsk Hydro skulle leggest til nord på Karmøy, i dåverande Avaldsnes kommune (Eliassen og Strøm, 1989, s. 34). Alnor (Hydro Fabrikker Karmøy) føresette interkommunalt samarbeid på mange område og var derfor ein av dei store pådrivarane for samanslåinga til éin kommune. Det at mange var positive til å få Hydro-fabrikken til Karmøy, kan dermed ha gjort fleire positive til kommunesamanslåinga (Eliassen og Strøm, 1989, s. 34). I dag er Karmøy Noregs 21. mest folkerike kommune (Statistisk sentralbyrå, 2018b) og er heim til tre byar og fleire tettstader. Dei siste åra har likevel kommunesamanslåingsspørsmålet igjen vore høgaktuelt, denne gongen mot ein storkommune på Haugalandet.

## 2.2 Demografi

Området eg har valt å sjå på har ikkje vore ein eigen kommune sidan 1965 og omfattar to ulike sentrum, både byen Åkrehamn og tettstaden Vedavågen. Dette har gjort det vanskeleg å henta fram statistikkar og tal frå Statistisk sentralbyrå gjeldande folketal, inn- og utflytting,

---

<sup>2</sup> Stangeland blei ikkje skild ut som eige herad før i 1909 (Fyllingsnes, 2014, s. 135).

pendling og liknande. Eg vil likevel presentera nokre utviklingstendensar innom desse felt, der det føreligg nok datagrunnlag til ein slik presentasjon.

### 2.2.1 Folketal

Diagram 2.1 nedanfor viser folketalsutviklinga for både Åkra kommune<sup>3</sup> og Karmøy kommune<sup>4</sup> frå 1890 til i dag (2019). For Karmøy kommune er i tillegg Statistisk sentralbyrå si forventa utvikling av folketalet i kommunen fram mot 2040 teke med. Tala er henta frå fleire ulike trykte og digitale statistikkar ved Statistisk sentralbyrå. Sjå Vedlegg 2 for fullstendig datagrunnlag og kjeldetilvisingar.




Diagram 2.1: Folketalsutvikling i Åkra og Karmøy kommunar

Tala for Karmøy kommune er tekne med for å mogleggjera samanlikning mellom utviklinga i Åkra og utviklinga i resten av området som i dag utgjer Karmøy kommune. Dette er spesielt interessant då dei fleste tala og statistikkane for området etter kommunesamanslåinga i 1965 følgjer dei nye kommunegrensene, slik at ein ikkje vil finna nyare tal for Åkra, berre for Karmøy. Det kan derfor vera føremålstenleg å visa på kva måte den demografiske utviklinga i Åkra liknar eller skil seg frå utviklinga i Karmøy generelt.

	1900	1920	1946	1960	1980	2001	2019
<b>Folketal Åkra</b>	2.337	3.215	4.808	5.610	7.818	9.367	11.310
<b>Folketal Karmøy</b>	12.662	15.825	18.292	21.597	32.035	37.083	42.161
<b>Forholdstal</b>	18,5 %	20,3 %	26,3 %	26,0 %	24,4 %	25,3 %	26,8 %

Tabell 2.1: Forholdet mellom folketalsutviklinga i Åkra og Karmøy

Tabell 2.1 viser eit utsnitt av folketala i Åkra og Karmøy det siste hundreåret. Prosenttala viser kor stor del av innbyggjarane i Karmøy som bur i Åkra. Tabellen viser ei meir eller

<sup>3</sup> Etter 1965 er folketallet summen av folketallet i grunnkrinsane som utgjer det same geografiske området.

<sup>4</sup> Før 1965 er folketallet estimert av Statistisk sentralbyrå ut frå folketallet i dei gamle kommunane.

mindre stabil felles utvikling mellom dei to områda frå 1940-åra til i dag (2019), ein periode tilsvarande levetida til dei eldste informantane i denne undersøkinga. Dette kan tyda på at informasjonen om den demografiske utviklinga i Karmøy òg kan vera representativ for Åkra i denne perioden, utan at eg vil rekna dette som eit faktum.

## 2.2.2 Flytting

Folketalsutviklinga i Åkra og Karmøy er interessant i seg sjølv, men av like stor interesse er korleis folk flyttar på seg, både innom kommunegrensene og til og frå kommunen. På dette området er ikkje datagrunnlaget like stort og detaljert som for folketalsutviklinga, men eg vil likevel trekka fram nokre relevante tal og tendensar.




Diagram 2.2: Innanlands flytting til og frå Karmøy kommune, 1994–2017

Diagram 2.2 er basert på Tabell 0.8 i Vedlegg 3. Diagrammet viser at trenden dei siste 25 åra har vore større fråflytting enn tilflytting til Karmøy kommune. Tala seier ingenting om kvar folk flyttar til eller frå og viser berre flytting mellom kommunar innanlands. Om ein reknar med flytting til og frå utlandet, blir nettoverdien positiv i delar av dette tidsrommet. Sjå elles Vedlegg 3 for fullstendige statistikkar og diagram. For Åkra ligg det ikkje føre tal for inn- og utflytting anna enn for åra 1951–1959. Også desse tala viser ein tendens til svakt negative nettoverdiar (Vedlegg 3) og dermed større utflytting enn innflytting. Trass i at nettoinnflyttinga til Karmøy stort sett har vore negativ eller nær null dei siste tiåra, har det likevel skjedd ein del inn- og utflytting. Frå Diagram 2.2 ser ein at det stort sett er om lag 1000–1500 personar som flyttar til eller frå kommunen kvart år. Dette vil inkludera alle som flyttar vekk for å studera<sup>5</sup> og eventuelt kjem tilbake igjen, i tillegg til meir permanente til- og fråflyttarar. I eit språkendringsspørsmål er flytting først og fremst knytt til auka kontakt mellom språkbrukarar og stadig meir frekvente møte mellom ulike talemålsvarietetar.

<sup>5</sup> Det er derimot ikkje slik at alle endrar den folkeregistrerte adressa i studieåra.



Ei anna utvikling verdt å nemna er den demografiske distribusjonen innanfor kvart av dei tre delområda i Åkra. Frå 1960 til 2019 har alle delområda i Åkra hatt ein auke i folketal, men i svært ulik grad. I Åkrehamn har folketallet auka med heile 139 prosent i denne perioden. I Vedavågen har folketallet auka med 88 prosent, medan Sevland berre har hatt ein auke på 33 prosent (sjå Vedlegg 2 for fullstendige tal). Dei siste 20 åra, frå 1999 til 2019, er Sevland det einaste delområdet som har hatt ei negativ folketalsutvikling, med ein nedgang på 3 prosent. I denne perioden auka folketallet i Åkrehamn og Vedavågen med høvesvis 33 prosent og 23 prosent. Samla auka folketallet i Åkra med 24 prosent desse 20 åra. Ein ser altså at sentrumsstadene Åkrehamn og Vedavågen veks, medan Sevland har sett ein nedgang i folketallet dei siste tiåra. Dette fylgjer same mønster som me ser i resten av landet, der stadig fleire buset seg i tettstader og byar (sjå t.d. Statistisk sentralbyrå, 2009). Både i Åkrehamn og Sevland er det dei mest sentrale områda som har vakse mest. I Sevland er det grunnkrinsen Mannes, lengst vest i delområdet, som har sett størst nedgang i folketal frå 1999 til 2019, medan folketallet i dei andre grunnkrinsane har halde seg nokså stabilt. I Åkra er grunnkrinsen Liknes, heilt sør i delområdet, den einaste grunnkrinsen som har hatt nedgang i folketal frå 1980 til i dag. Frå 1999 til 2019 har heller ikkje Mosbron, den nest-sørlegaste grunnkrinsen i Åkrehamn, sett nokon auke i folketal. Sjå Vedlegg 2 for utfyllande datagrunnlag og diagram for utviklinga til dei einskilde delområda og grunnkrinsane.

## **2.3 Sysselsetjing**

### **2.3.1 Sild og jordbruk**

Fiske og jordbruk har alltid vore viktige næringar for innbyggjarane på Karmøy. I tillegg til dyrking av jorda har fiske, spesielt etter sild, vore ei viktig matkjelde. Tilgangen til sild har òg vore ein avgjerande faktor for den samfunnsmessige og økonomiske utviklinga til området. Allereie på 1800-talet, under dei gode sildeåra frå 1807 til 1870, begynte karmøysamfunnet å utvikla seg i retning av eit spesialisert samfunn med pengestyrt økonomi (Østrem, 2010, s. 42). Fleire av storgardane blei delte opp i mindre einingar, og ein satsa meir på utbygging av hamneområda. Denne utviklinga skil Karmøy frå resten av distriktet, der det sjølvforsynte jordbruket framleis var den viktigaste livnæringa. På denne tida oppstod det større lokale skilnader mellom dei ulike delane av øya. På Nord-Karmøy var det jordbruket som dominerte, medan fisket og seglfarten stod sterkare på Sør-Karmøy (Østrem, 2010, s. 89), eit skilje ein framleis ser restar etter i dag. Det vanlege i området var likevel ein kombinasjon av fiske og jordbruk.

Då silda forsvann, i 1870, blei det stor mangel på mat og dårlegare økonomi i området. På Vest-Karmøy førte uåra til ein vidare spesialisering av næringslivet. Ein del fiskarar fylgde etter silda til nordvestlandskysten og Nord-Noreg. Dette førte til lengre periodar på sjøen enn tidlegare, og det blei vanskelegare å kombinera fisket med jordbruk (Østrem, 2010, s. 253). Mange vende òg vestover og søkte lukka i Amerika.

### **2.3.2 Amerikafart og islandsfiske**

Då dei første karmøybuane reiste til Amerika mot slutten av 1800-talet, var det i stor grad av naud. Dette skulle derimot visa seg å bli ei profitabel reise for mange, og amerikafarten frå Vest-Karmøy heldt dermed fram til langt ut på 1900-talet. I følgje Gjersvik (1984, s. 98) hadde Åkra kommune i perioden 1945 til 1965 ei utvandring på 284 av kommunen sine 5121 innbyggjarar<sup>6</sup>, tilsvarande 5,5 prosent. Fleire åkrabuar busette seg permanent i Amerika, men det skulle òg bli vanleg å reisa til Amerika for kortare eller lengre periodar, for så å venda tilbake til Noreg.

Også for dei som blei heime på Karmøy i åra etter at silda forsvann i 1870, skjedde det store endringar. Utviklinga av dampdrivne fartøy gjorde langfart lettare, ikkje berre for å transportera ferdige produkt, men òg i sjølve fiskeriet. Nye reiskapar, som drivgarn og snurpenot, blei viktige for livet på sjøen (Fyllingsnes, 2014, s. 21). Islandsfisket blei ein viktig næringsveg mot slutten av 1800-talet og nådde ein topp rundt hundreårsskiftet (sjå t.d. Fyllingsnes, 2014, s. 30). Reguleringar frå islandske styresmakter og det at silda seinare vende tilbake til karmøykysten gjorde at islandsfisket etter kvart såg ein viss nedgang, men på same måte som amerikafarten heldt islandsfisket fram som ein viktig næringsveg langt inn på 1900-talet. Dei er derfor framleis mange som anten sjølve har vore ein sesong eller to på Island i sin ungdom, eller som har vakse opp med ein far eller bestefar som har vore aktive i denne næringa. I byrjinga av 1960-åra forsvann silda frå islandskysten og trekte seg lengre nord. Dette førte til at interessa til karmøyfiskarane i området sokk (Vormedal, 2009, s. 104).

Folk frå heile den tidlegare Åkra kommune har vore aktive i islandsfisket, men det viser seg likevel eit geografisk skilje mellom dei to sentruma i området. På midten av 1900-talet var det lite amerikafart frå Vedavågen, i motsetnad til Åkrehamn og områda rundt Ferkingstad, heilt nord i Skudenes kommune. I Vedavågen var det vanlegare at unggutane reiste på islandsfiske (Tveit, 2006, s. 92).

---

<sup>6</sup> Det blir ikkje opplyst om kvar desse tala er henta frå. Jf. Vedlegg 2 er dette det samla folketalet frå 1950.

### 2.3.3 Nye sildeår<sup>7</sup>

Ved inngangen til første hundreår, i 1897, vende silda nok ein gong tilbake til kysten utanfor Karmøy. Mange deltok i fiskerinæringa, anten som fiskarar, distributørar eller i salteria. Det var særleg kvinner som arbeidde i dei mange salteria på Karmøy. Mange andre næringar vaks òg fram i kjølvatnet av sildeproduksjonen. Åkra var på denne tida ein av dei viktigaste fiskerikommunane i landet og blei eit viktig lokalt og regionalt sentrum for fiskerinæringa. Mange fiskarar strøymde til Karmøy for å ta del i det årlege vårsildfisket, noko som auka behovet for infrastruktur, kommunikasjon og diverse varer og tenester.

Dei gode sildeåra heldt fram gjennom første verdskrigen, men krigen skulle likevel få nokså store økonomiske konsekvensar for Karmøy. Fleire fiskarar mista livet til sjøs etter å ha gått på miner, men mange heldt likevel fram med sildefisket. Varemangel og rasjonering pressa prisane på matvarer opp, slik at kontrasten auka mellom dei som spekulerte i sildenæringa og tente store summer desse åra og dei som leid under rasjoneringa. Den økonomiske oppgangstida under sildeåra snudde brått i 1920-åra. Fleire av kommunane på Haugalandet hadde teke opp store lån for å finansiera moderniseringsprosessar, som vasskraftutbygging, og fekk store økonomiske vanskar i mellomkrigstida. I åra 1926 og 1927 blei det sett fram konkurskrav til alle dei sju Karmøy-kommunane. Berre i Stangaland gjekk kravet til slutt gjennom. Dei økonomiske vanskanane førte til stor arbeidsløyse og auka fattigdom.

Andre verdskrigen skulle få endå større konsekvensar for Karmøy enn den første. Grunna den strategiske plasseringa nær England, slo tyskarane tidleg leir i området. Det blei innført streng rasjonering på mat, drivstoff og andre råvarer. Tyskarane trengte derimot arbeidskraft, og arbeidsløysa gjekk ned. På grunn av rasjoneringa var det lite å bruka pengar på, og mange fekk betalt ned gjeld. Etter kvart som rasjoneringane blei oppløyste, i åra etter krigen, var økonomien i området jamt over sterkare enn før krigen braut ut. Utover dei økonomiske utfordringane i mellomkrigstida og under andre verdskrig, varte dei gode sildeåra fram til slutten av 1950-åra (sjå t.d. Vormedal, 2009, s. 97).

Tida fram til dei eldste informantane vaks opp (1940- og 1950-åra) var prega av store svingingar i økonomi og sysselsetjing. Under gode sildeår var området eit tilflyttingsområde og eit viktig sentrum for fiskerinæringa, med mange tilreisande. I periodar med lite sild var området prega av fråflytting og langvarig arbeidspendling til sjøs. Den tidlege spesialiseringa av samfunnet kan i tillegg ha ført til større kontakt mellom innbyggjarane i dette området enn på dei tradisjonelle storgardane.

---

<sup>7</sup> Heile dette punktet tek utgangspunkt i Fyllingsnes (2014), der anna ikkje er spesifisert.

### 2.3.4 Industri

Kombinasjonen av fiske og jordbruk heldt fram som den vanlegaste livsnæringa i første halvdel av 1900-talet, men stadig fleire blei engasjerte i andre næringar, ofte sidenæringar til fiskerinæringa. Frå slutten av 1800-talet skjedde det ei veldig industrireiseing på Sør-Vestlandet, og mange fabrikkar blei bygde (Fyllingsnes, 2014, s. 50). I Åkra blei sildoljeutvinning ei viktig næring. Industrien skulle derimot ikkje bli ein stor konkurrent for tilværet som fiskarbondede på Vest-Karmøy på første halvdel av 1900-talet. I Åkra kommune levde, i 1950-åra, heile 53 prosent av alle yrkesaktive primært av fiske (Vormedal, 2009, s. 57). Til samanlikning var det i Haugesund (og Skåre), der fleirtalet av industriarbeidsplassane i området låg, berre sju prosent av innbyggjarane som levde av fiske på denne tida. Dårlege vegar og manglande brusamband mellom Karmøy og fastlandet gjorde industriarbeidsplassane i Haugesund utilgjengeleg for innbyggjarane på Karmøy, særleg søre halvdel (Vormedal, 2009, s. 57).

Det som skulle bli det store vendepunktet for industrien på Karmøy, kom med opninga av Alnor (Hydro Fabrikker Karmøy) på Håvik, nord-aust på Karmøy. Då silda forsvann i slutten av 1950-åra, skaut talet på arbeidslause på Karmøy i vêret (Eliassen og Strøm, 1989, s. 17). Automatisering av verft, fiskefartøy og jordbruk førte i tillegg til at ein trengte mindre arbeidskraft enn tidlegare. Då Hydro vurderte å leggja eit nytt storanlegg til Rogaland, var dermed lokale politikarar raskt på banen for å få fabrikk til Haugalandet og sikra arbeidsplassar på heilårsbasis. Det var ein lang prosess før vedtaket om plasseringa var på plass og hallane bygde, men i 1967 opna Hydro dørene til det nye aluminiumsanlegget på Håvik (Vormedal, 2010, s. 116). Ved utgangen av opningsåret hadde Alnor 700 faste tilsette. Ein tredjepart av desse var tidlegare sjøfolk. Hydro Karmøy gjennomgjeikk to store utvidingar i 1980-åra og talde i 1987 om lag 1.650 tilsette (Vormedal, 2012, s. 206). Fabrikane har i dag om lag 700 tilsette, fordelte på Metallverket og Valseverket (Hydro, 2016a, 2016b). Bedrifta er framleis den største industriarbeidsplassen på Karmøy (Vormedal, 2010, s. 116) og sysselset industriarbeidarar, ingeniørar og andre yrkesgrupper frå heile landet, særleg frå Karmøy og distriktet rundt.

I løpet av siste halvdel av 1900-talet vaks det òg fram fleire andre store anleggs- og industribedrifter på Karmøy, med tilsette frå heile Haugalandet. Felles for mange av desse er at dei ligg plasserte nord på Karmøy. Slik har det på mange måtar vakse fram eit arbeidsentrum i dette området. Eit døme på ei slik bedrift er Statoil Bygnes (frå 2001 Gassco), etablert i 1984 som driftssenter for gassmottaket på Kårstø, i dag med om lag 210 tilsette

(Vormedal, 2012, s. 205). På Husøy, 6 km frå Haugesund Lufthavn, Karmøy, finn ein Karmøy trafikk- og fiskerihamn (Haugesund Cargo Terminals), ei av Vest-Noregs største trafikkhamner, som er eit sentralt knutepunkt for både fiskeri og rutegåande sjøtransport i regionen (Karmsund havn, 2018). I 2018 jobba 30,3 prosent av dei sysselsette i Karmøy kommune i sekundærnæringar.

### **2.3.5 Sysselsetjinga i dag**

I tillegg til sekundærnæringane var det «varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjeneste, forretningsmessig tjeneste og eiendom» som dominerte blant dei sysselsette i Karmøy i 2018, med 32,4 prosent av alle dei sysselsette i kommunen (Statistisk sentralbyrå, u.å.b). Også dei tilsette i helse- og sosialsektoren utgjorde ei stor yrkesgruppe, med 21,1 prosent. Primærnæringane utgjorde i underkant av 2 prosent. Dette er eit veldig annleis bilete enn for både femti og hundre år sidan. Ein konsekvens av betre infrastruktur og omlegginga av næringsvegane er ein auka tendens til pendling, både innanfor kommunen, så vel som til andre kommunar. I 2016 hadde 42 prosent av arbeidstakarane busette i Karmøy arbeid utanfor kommunen (Thorsnæs, 2018)<sup>8</sup>. Av desse hadde 25 prosent arbeid i Haugesund. Tilsvarende tal frå 2001 (Vedlegg 4) viser ei utpendling frå Karmøy kommune på 31 prosent, der 24 prosent av dei sysselsette busette i Karmøy hadde arbeid i Haugesund. Innpendlinga same år utgjorde 20 prosent, 13 prosent frå Haugesund kommune. I tillegg til dei allereie nemnde næringane har mange dei siste tiåra teke arbeid i oljeindustrien offshore.

Når eg ser på yrkeskontaktflate som sosial variabel i denne avhandlinga (sjå pkt. 4.2.4), er det området eg har definert som Åkra eg ser på, ikkje Karmøy kommune.<sup>9</sup> Dette vil då mellom anna inkludera alle som jobbar i storbedriftene på Nord-Karmøy og i Haugesund, i helsevesenet andre stader enn i Åkra og offshore. Dette vil altså inkludera fleire enn dei som fell inn under pendlestatistikkane på kommunenivå presenterte ovanfor.

## **2.4 Samferdsel**

Som i dei fleste kystsamfunna, er det sjøvegen som historisk har vore ferdselsåra til og frå Vest-Karmøy og den innbyrdes kommunikasjonsruta i området. Trass i at det tidvis har vore mykje kommunikasjon og reising til og frå området, spesielt i Åkrehamn, må dette likevel seiast å gjelda dei få. Ferdsla inn og ut av området har i stor grad vore knytt til sesongfiske og eksport av varer og har hatt lite direkte påverknad på jordbrukarar, kvinner og barn i lokal-

---

<sup>8</sup> Det blir ikkje opplyst om kvar desse tala er henta frå.

<sup>9</sup> Denne sosiale variabelen tek utgangspunkt i kontaktflata til informantane på arbeidsplassen, ikkje berre geografisk plassering innanfor eller utanfor Åkra.

samfunnet. Fram til vegutbygginga skaut fart og bilen gjorde sitt spede inntog på byrjinga av 1900-talet, var kontakten mellom bygdene og gardane avgrensa, og det var helst nære naboar ein hadde kontakt med. Gjennom auka infrastruktur, teknologisk utvikling og stadig større behov for kontakt og kommunikasjon, i stor grad som følgje av spesialisering av næringslivet, har Vest-Karmøy på om lag hundre og femti år gått frå å vera eit nokså isolert og sjølvforsynt kystsamfunn, til å vera eit område prega av dagleg ferdsel både inn og ut av området. Mange av endringane tok til allereie før den eldste informantgruppa blei fødd i 1940- og 1950-åra. Men, som me skal sjå, har mobiliteten fortsett å auka dei siste tiåra. Nedanfor følgjer ein kronologisk presentasjon av nokre av hendingane på 1900-talet som har ført til enklare, og dermed auka, kontakt mellom bygdene, tettstadene og byane på Karmøy.

#### 1913: Karmøens Automobilselskap opprettar den første bussruta frå Kopervik til Skudeneshavn.

Karmøy var tidleg ute med rutebilsamband. Turen mellom Kopervik og Skudeneshavn tok om lag éin og ein halv time og skulle bli det første varige bussambandet i Rogaland. Ruta gjekk langs vestsida av øya, gjennom Åkra (Fyllingsnes, 2014, s. 109).

#### 1925: Karmøybanen (NSB) opnar.

Ved inngangen til 1900-talet raste jarnbanefebren i Noreg. Det hadde i fleire år vore snakk om å bygga jarnbane mellom Odda og Haugesund, og fleire ønskte ei forlenging av denne linja heilt til Skudeneshavn (Fyllingsnes, 2014, s. 110). Det var stor interesse for den planlagde jarnbanelinja over Karmøy, men på grunn av den økonomiske situasjonen etter første verdskrig blei planane aldri realiserte. I staden blei det sett inn ei statleg driven bilrute på strekninga frå 1925, seinare kalla Karmøyruta.

#### 1955: Karmsund bru opnar for trafikk.

I 1955 stod Karmsund bru klar for opning (Fyllingsnes, 2014, s. 440). Brua var resultatet av fleire tiår med planlegging og erstatta frå dag éin Salhusferja som hadde trafikkert sundet sidan 1919. Interesse for brua hadde vore stor både frå Haugesund og karmøykommunane.

#### 1960-åra: Bilen blir allemannseige.

Under andre verdskrigen blei det raskt innført rasjoneringar på bensin, noko som førte til mindre biltrafikk (Vormedal, 2013, s. 209). Då rasjoneringa blei oppheva, på 1960-talet, auka bilsalet på Haugalandet kraftig, og bilen blei allemannseige (Vormedal, 2010, s. 14).

#### 1960: Hydrofoilbåtane gjer sitt inntog på Vestlandet.

Den første hydrofoilbåten i Norden gjekk frå 1960 i rute mellom Stavanger og Bergen, med

anløp både i Kopervik og Haugesund (Vormedal, 2010, s. 36). Hydrofoilane meir enn halverte reisetida mellom Stavanger og Bergen, men på grunn av harde vêrforhold på vestlandskysten blei dei berre trafikkerte om sommaren. Dei opplevde òg mange feil og var ofte ute av drift.

1970: Det blir innført riksferjesamband mellom Skudeneshavn og Stavanger.

Med opninga av Skudenessambandet blei overfartstida over Boknafjorden med bil redusert, og trafikken langs vestsida av Karmøy auka.

1972: Dei første westamaranane blir sette inn i rute mellom Haugesund og Stavanger/Bergen.

I byrjinga av 1970-åra gjorde westamaranen, ein norskprodusert hurtiggåande katamaran, sitt inntog i rutefarten på sørvestlandskysten (Vormedal, 2011, s. 237). Westamaranane var eit meir solid alternativ til hydrofoilbåtane og kunne gå i normal rutefart òg på vinterhalvåret. Det blei sett inn ruter både mellom Haugesund og Bergen og mellom Haugesund og Stavanger, med anløp i Kopervik. Westamaranfarten nådde sitt høgdepunkt før flyplassen opna i 1975, men sambandet på strekninga heldt fram heilt til opninga av T-sambandet i 2013.

1975: Haugesund lufthavn, Karmøy opnar.

I 1920 kom den første sjøflyruta med avgangar til og frå Haugalandet. Ruta blei ingen suksess. Nye forsøk kom på 1930-talet, men heller ikkje desse førte til varige ruter (Fyllingsnes, 2014, s. 112). I 1975 opna flyplassen på Helganes, nord på Karmøy. SAS fekk konsesjon på distansen og tilbudde daglege avgangar til og frå Oslo (Vormedal, 2011, s. 223). Monopolet til SAS varte heilt fram til 1998. Sidan opninga i 1975 har passasjertalet auka kraftig, og lufthamna har blitt bygt ut i fleire omgangar (Vormedal, 2015, s. 134). I dag blir flyplassen nytta til alt frå pendling til og frå hovudstaden til feriereiser utanlands.

1992: Rennfastsambandet blir opna.

Då det blei vedteke at Kårstø-anlegget skulle byggast i Tysvær, oppstod det eit stort behov for vegutbygging i området. I takt med at biltrafikken stadig auka, var det ynske om vegsamband frå Haugesund, via Tysvær og over Boknafjorden til Stavanger. Dei følgjande åra blei det bygt ut vegstrekningar, bruar, ferjekaiar og undersjøiske tunellar, som i 1992 førte til den endelege opninga av sambandet mellom Nord- og Sør-Rogaland (Vormedal, 2015, s. 129). Det var no berre strekninga over Boknafjorden, mellom Arsvågen i nord og Mortavika i sør, som måtte trafikkerast med ferje. Rennfastsambandet eksisterte lenge som eit alternativ til Skudenessambandet, men har i dag teke over all trafikk over Boknafjorden.

2013: T-sambandet opnar.

I 2013 opna det nye tunellsambandet «T-sambandet» på Haugalandet. Tunellsambandet består

av eit trearma vegnett som koplår saman fv. 47 ved Håvik på Nord-Karmøy, E39 ved Mjåsund i Bokn og E134 ved Raglamyr i Haugesund gjennom to undersjøiske tunellar og ein landtunell. Sambandet har redusert vegstrekninga mellom Vest-Karmøy og Bokn med i overkant av to mil og gitt sterkt redusert køyretid til gassanlegget på Kårstø og til Stavanger. Alle hendingane som er skildra ovanfor har ført til at vestkarmøysamfunnet dei siste hundre åra har blitt meir mobilt og at kontakten mellom innbyggjarane dei ulike stadene på øya og i distriktet har auka. Det er først og fremst på denne måten, gjennom den auka nabokontakten og orienteringa utover, at samfunnsendingane blir analyserte i eit språkendringsspektiv.

## 2.5 Målføret

I avhandlinga kjem eg fleire gonger til å referera til «åkramálet» eller «åkradialekten», som må seiast å vera det overordna studieobjektet i undersøkinga. Av praktiske omsyn vil eg definera åkradialekten som «talemålet til personar som har vakse opp i Åkra og som sjølv meiner at dei er talarar av eit haugalandsmål». Dette er ikkje ein uproblematisk definisjon, og heller ikkje ein definisjon eg foreslår til bruk utover lesinga av denne avhandlinga.

Definisjonen speglar den geografiske avgrensinga og utvalskriteria for informantane som er nytta i undersøkinga, avgrensingar som begge blir drøfta og problematiserte i delkapittel 5.4. Med denne definisjonen lagt til grunn er altså «åkradialekten» ei meir konkret og avgrensa eining enn «talemålet i Åkra», som er summen av talemålet til alle innbyggjarane.

I ein studie av åkradialekten vil det vera føremålstenleg å gi ei skildring eller eit teoretisk bakteppe for nettopp dette målføret. Det er derimot forska lite på talemålet i dei ytre delane av Nord-Rogaland, og så vidt eg kjenner til, er det ingen som har forsøkt å leggja fram noka dialektskisse eller fullstendig skildring av dialekten.<sup>10</sup> Det ville vera mogleg å undersøka talen til dei eldste innbyggjarane i området ved lydopptak og registrering av bruk av aktuelle variablar for å laga ei slik skisse. Ein ville òg kunna be dei gi att kva deira foreldre og besteforeldre sa og konsultera med det som finst av litteratur, for så å setja opp ei nokså detaljert skisse over talemålet for 50–100 år sidan. Dette ville derimot vera eit stort og omfattande dialektologisk arbeid, som det ikkje er rom for i denne avhandlinga (sjå pkt. 8.2.3). Eg vil derfor heller presentera talemålet i området på eit meir regionalt nivå. I presentasjonen av dei språklege variablane i delkapittel 4.1 vil eg greia ut om språket på eit lokalt nivå der dette er føremålstenleg og lar seg gjera. Målet med denne presentasjonen er å

---

<sup>10</sup> Med unntak av den forsvunne avhandlinga til Olav Anda (sjå pkt. 2.5.3).



setta dei språklege forholda i Åkra inn i ein større kontekst og å kunna støtta påstandar og tolkingar eg gjer om talemålet på etablert empiri, ikkje berre på eigen dialektkjennskap.

### **2.5.1 Dialektgrupper i Noreg**

Innanfor den tradisjonelle dialektologien (sjå pkt. 3.1.1) stod geografisk inndeling av landet ut frå felles språkdrag sterkt. Ivar Aasen delte landet inn i «tre Hovudrækker, nemlig 1) den nordenfjeldske (i Trondhjems Stift og Nordland), 2. den vestenfjeldske (i Bergens Stift og den vestlige Deel af Kristianssands Stift), og 3) den søndenfjeldske (for Agershuus og den østlige Deel av Kristianssands Stift)» (Aasen, 1864, s. 339). Det vanlege skulle derimot bli ei todeling av landet i ei austnorsk og ei vestnorsk gruppe, med utgangspunkt i jamvektsregelen. Denne inndeling blei mellom anna nytta av Amund B. Larsen, Hans Ross og Sigurd Kolsrud (Skjekkeland, 2005, s. 149). Ved ei slik todeling blir dei trønderske talemåla rekna som ein del av det austnorske området, medan dei nordnorske talemåla blir rekna med til dei vestnorske. Grensa mellom aust og vest går langsmed langfjella.

Denne todelinga av det norske dialektlandskapet har halde seg heilt fram til nyare tid, men det er òg fleire som har utfordra dette som den mest føremålstenlege inndeling. Til dømes kom Hallfrid Christiansen (1954/1973) i 1950-åra med kritikk både til inndeling og namngivinga av desse dialektgruppene. Ho meinte at ei dialektinndeling av landet måtte baserast på meir enn berre eitt eller to enkeltkriterium, og at namna måtte spegla heile det gjeldande området. Ho foreslo dermed ei firedeling av dei norske dialektane, høvesvis austnorsk, vestnorsk, trøndersk og nordnorsk. Fleire andre har seinare slutta seg til denne inndeling. Vidare har det vore vanleg med ei hierarkisk fleirleddsinnndeling av dei norske dialektane, slik at kvart hovudområde blir delt inn i fleire mindre område. Med utgangspunkt i ei firedeling på landsbasis blir ofte dei vestnorske talemåla delte i tre geografisk avgrensa målføregrupper: nordvestlandsk, sørvestlandsk og sørlandsk (sjå t.d. Skjekkeland, 2005, Mæhlum og Røyneland, 2012, Papazian og Helleland, 2005, Hanssen, 2010). Åkra fell då innanfor det sørvestlandske dialektområdet.

Utover inndelingane presenterte ovanfor vil eg nemna Helge Sandøy (1985, s. 113) si inndeling av landet i ulike dialektområde. Som Christiansen, meiner han at det må leggest til grunn meir enn berre eitt eller to kriterium for å dela inn landet i ulike dialektområde. Han har derfor laga ei eiga inndeling, der han legg til grunn dei fire kriteria kløyvd infinitiv, apokope, ending i infinitiv og svakt femininum (*a*-mål og *e*-mål) og delt femininum. Karmøy fell då innanfor kategori «E. A-mål utan delt femininum» (Sandøy, 1985, s. 116). Dette er derimot ei

problematisk kategorisering av Åkra, som er eit område med delt femininum. Dette vil eg koma tilbake til i kapittel 4 (4.1.3).

### 2.5.2 Sørvestlandsk

Den følgjande presentasjonen tek utgangspunkt i Skjekkeland (2005) Mæhlum og Røynealand, (2012), Papazian og Helleland (2005) og Hanssen (2010), der det ikkje blir vist til annan litteratur. Det sørvestlandske dialektområdet er det største av dei vestnorske områda og dekkjer Indre Sogn, Hordaland, Rogaland og største delen av Vest-Agder. Det mest karakteristiske kjenneteiknet for dette området er at *-a* som infinitivsending og som ending for svake hokjønns substantiv har halde seg frå norrønt og ikkje har blitt redusert til *-e* (*å hoppa, ei jenta*). Sørvestlandsk blir derfor ofte kalla *a*-mål. *A*-endingar finn me òg i svak hokjønns- og inkjekjønnsbøying av adjektiv, som i */de stora huse/* og */den litla jenta/*, og som fuge i samansetjingar der forleddet har hatt genitivsform på *-a* eller *-ar*, */julane/*. Av prosodiske trekk blir ofte nemnt at området stort sett har høgtoneuttale av tonelag 1, altså at den trykkunge stavinga er høgare enn den trykksvake, og at trykket i partikkelkonstruksjonar beståande av verb + preposisjon stort sett ligg på preposisjonen. Det kan derimot nemnast at Haugalandet ikkje fylgjer den generelle trenden for Sørvestlandet på desse områda og har både lågtone (Hognestad, 2012, s. 251) og trykk på verbet i partikkelkonstruksjonar. Andre språkdrag som ofte blir nemnde inkluderer innskot av svarabhaktivokal i presens av sterke verb (*kjeme, bite, helde*) og adjektiv (*ein brune hest*), palatalisering av velarar (sjå pkt. 4.1.4), segmentasjon og differensiasjon (sjå pkt. 4.1.2) og pronomenerne *eg* og *me*. Elles blir det ofte nemnt andre trekk som gjeld for delar av området, men som ikkje er relevante for Karmøy.

### 2.5.3 Tidlegare målføregranskingar

Det er skriva lite spesifikt om talemålet på Karmøy. I 1908 skreiv ein ung mann ved namn Olav Anda, fødd i Skudeneshavn på Karmøy i 1880-åra, ei hovudoppgåve ved Kongelige Fredriks Universitet i Kristiania med tittelen *Ei utgreiding um maalføret på Karmøyi*. Denne avhandlinga har dessverre vist seg å vera vanskeleg å spora opp. I ein privat e-post-korrespondanse kunne Universitetsbiblioteket i Oslo i 2018 opplysa om at det på kartotekkortet i Hovedfagarkivet står oppført at oppgåva ikkje er i UB eller Norsk målførearkiv per 05.05.1964. Fleire andre har òg vist interesse for avhandlinga til Anda. Olav Hetland Sandvik nemner i sin rapport om rogalandsmåla (1979, s. 19) at det er skriva lite om målføra i Haugesund og Karmøy og at avhandlinga til Anda, som éi av få litterære kjelder, ikkje er å få tak i på noko bibliotek. Òg lokalt har eg funne interesse for denne avhandlinga.

Gjennom kontakt med Karmøy folkebibliotek og lokale historielag, mållag og andre interesserte har det vist seg at fleire har vore på leit etter avhandlinga, dessverre utan hell.

Av litteraturen frå siste del av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet finst det fleire som nemner Karmøy i verk om talemålet i større område. Marius Hægstad (1915) nemner fleire gonger «Karmt» (Karmøy) som ei spesifisering av «Ryfylke». Han viser òg god kjennskap til lokalgeografi og avgrensar fleire språkdrag til enkeltgardar på Karmøy. I fleire fotnotar viser Hægstad til «kand. mag. Olav Anda» (sjå t.d. Hægstad, 1915, s. 50). Det kan dermed tenkjast at mykje av lokalkunnskapen om karmøymåla er basert på den forsvunne avhandlinga. Elles er Hans Ross (1909) nokså detaljert i framstillinga si av «Rygemaalet». Han viser ikkje berre til «Ryfylke», men ofte til dømes nordre eller søre delen av regionen. Han nemner derimot sjeldan stadnamn. Den einaste tilvisinga til Karmøy hos Ross gjeld hokjønnsbøyinga på Nord-Karmøy (sjå pkt. 4.1.3).

I mangelen på litteratur om målføra på Karmøy vil det vera naturleg å retta blikket utover til det eller dei regionale talemåla området høyrer til. Målføra på Karmøy blir rekna som ein del av *ryfylkemåla*, ei inndeling som gjer krav på vidare utdjuping. Namnet «Ryfylke» kjem frå det gamle Rygjafylki, som i dag utgjer Rogaland fylke. Ryfylke blei seinare namnet på futedømet som omfatta dei nordlege og austlege delane av Stavanger amt (Thorsnæs, 2017). Juridisk har Åkra kommune, og seinare Karmøy kommune, vore del av Karmsund sorenskriveri, ikkje Ryfylke sorenskriveri (Statsarkivet i Stavanger, 2017). I dag blir ikkje dei nordvestre delane av det gamle futedømet, inkludert Karmøy, rekna som ein del av Ryfylke, men utgjer distriktet Haugalandet. Det ser likevel ut til at tradisjonen med å dela inn målføra i Rogaland etter dei eldre futedømme, Ryfylke, Jæren og Dalane, framleis eksisterer i dag (sjå t.d. Skjekkeland og Venås, 2017, Helleland og Papazian, 1981, s. 8). Det finst altså eit skilje mellom omgrepet «Ryfylke» i talemålsforskinga (heile Nord-Rogaland og indre delar av fylket) og Ryfylke som geografisk, juridisk, religiøst og politisk område<sup>11</sup>. Det geografiske området Ryfylke er dermed, saman med Haugalandet, eitt av dei to distrikta som utgjer det språklege området Ryfylke (sjå Vedlegg 1). Dette skiljet blir vidare i denne avhandlinga omtalt som *geografiske Ryfylke* og *språklege Ryfylke*. «Ryfylkemål» ser altså ut til å vera den etablerte termen for å omtala målføra i nordre og indre delen av Rogaland (språklege Ryfylke). Om ein skal snakka om målføra i det geografiske Ryfylke, vil dette òg, reint semantisk, kunne kallast «ryfylkemål». Slik kan det vera vanskeleg å avgjera om eit språkdrag

---

<sup>11</sup> Sjå Skjekkeland (2017) og Ryfylke IKS m.fl. (u.å.) for informasjon om avgrensinga av Ryfylke innom ulike felt.

som blir heimfest til Ryfylke gjeld for det språklege eller geografiske området, og dermed om Karmøy skal reknast med eller ikkje. Dette gjeld både i eldre og nyare litteratur.

Dei fremste kjeldene til informasjon om målføra i språklege Ryfylke finn ein hos Per Thorson (1899–1969). Thorson var sjølv frå Sandeid i dagens Vindafjord kommune, nordaust i Rogaland. I *Ryfylke-målet: eit umrit av ljod og formlæra* (1930) greier han ut om lydsystemet og formverket i målføret, ofte med utgangspunkt i overgangar frå det norrøne språket. Han nemner fleire gonger Karmøy ved namn, eller spesifiserer *NVRyf.*, nordvestre Ryfylke. Han avgrensar derimot aldri på gards- eller bygdenivå for dei ytre delane av området, og viser slik mindre kjennskap til denne delen av området enn sine eigne heimtrakter. Thorson ser heller ikkje ut til å kjenna til avhandlinga til Anda, då denne ikkje blir nemnt saman med andre kjelder i føreordet. I Thorson sitt andre dialektologiske verk om ryfylkemålet, *Målet i Nordaust-Ryfylke: umrit av ljodlæra* (1929), er det gjort eksplisitt òg i tittelen og avgrensinga av verket at det er området rundt oppvekststaden til Thorson det blir greidd ut om, ikkje dei vestre delane av språklege Ryfylke. I dette verket nemner han likevel «Karnt» i enkelte tilfelle. Referansar til Ryfylke finn ein elles i nasjonale og regionale bygdemålsutgreiingar, stort sett behandla som eitt einskapleg område.

Ei anna viktig kjelde til informasjon om talemålet i regionen finn ein i rapporten *Talemål i Rogaland – i går, i dag og i morgon*, utarbeidd som ein del av Rogalandsforsking sitt prosjekt «Talemålet i Rogaland» (Sandvik, 1979). Her blir det gitt ein oversikt over tidlegare skriven litteratur om talemåla i Rogaland, før både lydverk og dei største ordklassane blir presenterte i eit samtidsperspektiv. Siste del av boka tek føre seg leksikalske endringar. Sandvik refererer stort sett til Ryfylke som éin samla einskap, som ein då må gå ut frå at gjeld heile Nord-Rogaland og indre strøk, altså det eg har definert som språklege Ryfylke. Det er òg skrive ei utførleg utgreiing om talemålet i Haugesund (Gabrielsen, 1991), men denne fokuserer utelukkande på bymålet, ikkje dei nærliggande bygdemåla.

I tillegg til akademiske utgreiingar finst det ein del meir triviell eller folkelingvistisk litteratur om språket på Haugalandet. Dette gjeld stort sett ordsamlingar og er dermed ikkje særleg relevant for nett denne undersøkinga. Det finst derimot òg døme på meir relevant språkarbeid utanfor academia. I 2018 blei det sett ned ei frivillig arbeidsgruppe med målsetnad om å utarbeida ei skisse over språksystemet på Vest-Karmøy i etterkrigsåra, altså rundt år 1950. Gruppen, under leiing av Sigmund Jakobsen, består av frivillige vestkarmøybuar med interesse for og/eller kjennskap til språket i området i den aktuelle perioden. Arbeidet er kulturhistorisk motivert, og målet er dokumentasjon og framstilling av det eldre talemålet for Åkrehamn

Kystmuseum. Sjå elles Vedlegg 5 for intern prosjektskildring til medlemmane av gruppa, publisert med samtykke frå forfattaren. Dette er eit stort og tidkrevjande arbeid som akkurat har kome i gang. Gruppa har allereie diskutert fleire tema, men då materialet framleis er under utarbeiding, vil ingenting bli direkte attergitt. Medlemmane av gruppa og arbeidet dei har gjort har derimot blitt konsulterte i aktuelle språklege spørsmål.

## 2.6 Oppsummering

I dette kapitlet har me sett at det har skjedd store endringar i åkrasamfunnet det siste hundreåret. Folketalet har auka, stadig fleire bur i tettstader og ein overgang frå primær til sekundær- og tertiærnæringar, i kombinasjon med betre utbygd infrastruktur, har ført til meir mobilitet, både når det gjeld arbeid og fritid. Samfunnet dei eldste informantane (f. 1941–1955) vaks opp i er ikkje det same som dei lever i i dag og skil seg på mange måtar frå samfunnet dei yngre informantane (f. 2003) veks opp i. Samfunnsmessige forhold blir i denne undersøkinga konkret knytte opp mot den kvantitative analysen gjennom dei sosiale variablane *alder*, *yrkeskontaktflate* og *foreldre sin oppvekststad*. I tillegg vil det ha verdi for å seia noko om den generelle språklege og samfunnsmessige utviklinga i området og for spørsmål knytte til dei sosiolingvistiske omgrepa *språksamfunn* og *nettverk* (sjå delkap. 3.4).

Fakta om språkssystemet og den språkleg-geografiske tilhøyrsla til Åkra er sentralt både i valet av språklege variablar og i drøftinga av desse. Eg legg altså dialektologisk arbeid, presentert her og i delkapittel 4.1, og eigen morsmålskompetanse til grunn for kva for former som er aktuelle å finna i området. I tillegg vil det innsamla datamaterialet fungera som ei kjelde til informasjon om språkssystemet.

## 3 Teoretisk bakgrunn

I kapittel 2 avgrensa og presenterte eg området og talemålet som blir forska på i denne avhandlinga. For å seia noko om variasjonen i åkramålet, vil eg først avklara og avgrensa kva språkleg variasjon er og korleis dette omgrepet blir nytta i analysen og drøftinga. I tillegg vil eg kort presentera ulike omgrep og tema som er relevante for å forstå kva som ligg i problemstillinga og forskingsspørsmåla som blei presenterte i kapittel 1. Det er desse presentasjonane og avklaringane som ligg til grunn for bruken av omgrepa i resten av avhandlinga og for drøftinga av resultatata i kapittel 7. I tillegg vil eg gi eit kort oversyn over studiar internasjonalt og i Noreg innom den sosiolingvistiske variasjonstradisjonen. Dei fleste omgrepa som blir introduserte er veletablerte innom disiplinen, og det blir derfor berre vist direkte til forfattarar og verk i dei tilfella der eg presenterer ulike syn på eit omgrep eller fenomen, og i direkte sitat eller tilvisingar til spesifikke studiar.

### 3.1 Sosiolingvistik

Sosiolingvistikken er den delen av lingvistikken som tek føre seg dei sosiale og kulturelle aspekta av språket. Omgrepet blei først teke i bruk i samband med ei undersøking utført av amerikanaren William Labov tidleg på 1960-talet, der han såg på variasjon i uttalen av diftongen /ai/ bant ulike sosiale grupper på øya Martha's Vineyard i USA. Sidan 1960-talet har omgrepet i stor grad blitt nytta om forskning i tradisjonen etter Labov, men blir òg nytta om ein vidare etablert disiplin innanfor lingvistikken og sosiologien, dels uavhengig av det labovske paradigmet. Definisjonane av omgrepet er mange, og fleire av dei bruker som utgangspunkt kva sosiolingvistikken ikkje er, altså kva han skil seg frå. Eg vil kort gjera greie for nokre av desse tradisjonane og på kva måte sosiolingvistikken skil seg frå dei.

#### 3.1.1 Dialektologi

Den tradisjonelle dialektologien har som mål å skildra og dokumentera språkbruk i eit geografisk avgrensa område. Metoden som vanlegvis har blitt nytta, er å reisa rundt i mindre landsbygder og gardar og be eldre lokalpersonar med utprega tradisjonelt talemål om å skildra ulike gjenstandar, for så å registrera kva for ordform som blir nytta. Ein har gjerne spurt informanten direkte kva for ordform han eller ho nyttar. Den tradisjonelle dialektologien nådde sitt høgdepunkt i Noreg og resten av Europa mot slutten av 1800-talet og var gjerne knytt til nasjonsbygging og romantiske ideal. I Noreg var det Ivar Aasen som var den store føregangsmannen på dette området, då han reiste rundt og samla inn materiale til det som seinare skulle bli det nynorske skriftspråket. Dei neste tiåra fylgde fleire andre store verk, som

til dømes Amund B. Larsen med *Oversigt over de norske bygdemaal* (1897), Hans Ross med *Norske Bygdemaal* (1909) og Marius Hægstad med *Vestnorske maalføre fyre 1350* (1906–1942). Innom den dialektologiske tradisjonen har ein gjerne vore oppteken av å finna fram til det «reinaste» og mest tradisjonelle talemålet på ein stad, uavhengig av representativ utbreiing og både inter- og intraindividuell variasjon (sjå pkt. 3.2.1). Ein finn likevel døme på dialektologiske undersøkingar som ser på variasjon innanfor eitt og same språksamfunn.<sup>12</sup>

I sosiolingvistikken har ein oftast eit endå større fokus på språkleg variasjon enn i den tradisjonelle dialektologien. Likevel ser ein klare likskapar i innhaldet og interesseområdet til desse fagfelt. Ein finn òg ofte element av begge tradisjonane i den norske talemålsforskinga frå 1970-talet til i dag. Den største skilnaden kan seiast å ligga i metodikken. I sosiolingvistikken er ein ute etter å studera faktisk språkbruk blant ulike grupper i eit språksamfunn. Den ideelle informant er dermed ikkje vald ut frå forventing om spesielt tradisjonelt talemål, men som ein representativ medlem av ei sosial gruppe innanfor språksamfunnet. Ei utfordring ved framgangsmåten som ofte har blitt nytta av den tradisjonelle dialektologien, er problematikken knytt til rapportert språkbruk. Kva ein informant hevdar å seia og ikkje seia kan vera ein indikator på bruken av den aktuelle variabelen, men dette stemmer ikkje nødvendigvis med faktisk språkbruk. I tillegg legg sjølvrapportering gjerne til grunn at ein person alltid nyttar den same varianten av eit språktrekk, noko me skal sjå at ikkje nødvendigvis er tilfellet.

### 3.1.2 Formell språkvitskap

Sosiolingvistikk er, som det går fram av etterleddet til omgrepet, ei grein under lingvistikken eller språkvitskapen. Lingvistikken famnar om mange perspektiv og retningar der ulike aspekt ved språket som system, språklæring og språkbruk er representerte. Det som skil sosiolingvistikken frå andre lingvistiske område, er fokuset på at språket ikkje eksisterer som eit ideelt system uavhengig av faktisk bruk i eit sosialt fellesskap. Innom den formelle lingvistikken er det Noam Chomsky og den generative grammatikken som har dominert sidan 1960-åra. Den generative grammatikken tek føre seg både morsmålsinnlæringa til barn, korleis språkssystemet er bygt opp og korleis dei ulike laga verkar i forhold til kvarandre. Denne tradisjonen skil seg frå den sosiolingvistiske ved å føresetta eit homogent samfunn med ideelle språkbrukarar. Dersom ein ser faktisk språkbruk i eit slikt perspektiv, vil det talte språket måtte reknast som ukorrekt og som avvik frå det ideelle systemet. I kor stor grad ein

---

<sup>12</sup> Sjå t.d. Larsen (1907), Larsen og Stoltz (1912), Berntsen og Larsen (1925) og Omdal (1967/1977) sine studiar av høgare og lågare talemål i Kristiania, Bergen og Stavanger.

ser sosiolingvistikken som ein motsetnad til den formelle lingvistikken, eller som ein viktig og integrert del av han, vil variera frå teoretikar til teoretikar.

### **3.1.3 Andre disiplinlar**

Utover røtene i dialektologien og den formelle lingvistikken vil eg òg peika på dei sterke banda sosiolingvistikken har til andre disiplinlar. Sosiolingvistikken er på mange måtar eit tverrfagleg felt, og har tydelege innslag av sosiologi, psykologi og sosialantropologi (sjå t.d. Venås, 1991, s. 13). Dette har i mange tilfelle gjort det både mogleg og føremålstenleg å nytta metodar og perspektiv frå desse disiplinane òg i sosiolingvistisk forskning. Sosiolingvistikken er eit breitt felt, som spenner heilt frå eit hovudsakleg lingvistisk perspektiv, med slektskap til dialektologien, til meir psykologiske og sosiologiske tilnærmingar i retning av såkalla språksosiologi (eng.: *sociology of language*).

I denne avhandlinga vil eg plassera meg nærmare den førstnemnde, lingvistiske enden av skalaen. I dette arbeidet er det hovudsakleg sosiolingvistiske metodar og prinsipp som ligg til grunn for undersøkinga av åkradialekten. Informantutvalet er tilnærma tilfeldig vald ut, og dei språklege studiane som blir gjort er systematiske frekvensmålingar av faktisk tale. Likevel finst det mange innslag av meir dialektologiske tilnærmingar. Det er først og fremst åkramålet eg forskar på, ikkje talemålet i Åkra (sjå delkap. 2.5). Den teoretiske avgrensinga av dei språklege variablane tek òg i stor grad utgangspunkt i dialektologisk litteratur, og eg skil tydeleg mellom ein tradisjonell variant og ein ny variant av alle dei språklege variablane. Eg legg altså sosiolingvistiske metodar til grunn, men heller enn å ta avstand frå dialektologien, ynskjer eg å byggja bru mellom disiplinane. Avhandlinga byggjer opp kunnskap og dokumentasjon om åkradialekten, men med utgangspunkt i variasjonen som finst i denne, heller enn som eit homogent og ideelt system. Som me såg i 2.5.3, finst det lite forskning og litteratur om området. Eg meiner derfor at det kan vera føremålstenleg først å etablere språkvitskaplege faktum, før dei seinare kan drøftast som faktorar i ein sosial analyse.

### **3.1.4 Tidlegare sosiolingvistisk forskning**

Sidan sosiolingvistikken gjorde seg gjeldande som disiplin i 1960-åra, har det blitt gjennomført mangfaldige studiar innom dette feltet både internasjonalt og her til lands. Tilnærmingane og fokusområda har vore varierte, men mange har til felles at dei byggjer på prinsippa og metodane utarbeidde av William Labov gjennom hans undersøking av sosial variasjon i talemålet på Martha's Vineyard og i New York City i 1960-åra. Gjennom systematiserte intervju og observasjonar viste Labov korleis språkleg variasjon korrelerer med sosiale bakgrunnsvariablar. Det er spesielt den sosiale klassebakgrunnen til informantane



Labov tek utgangspunkt i. I intervjuet hans gjennomførte informantene fire ulike talehandlingar med ulik grad av fokus på ord og uttale. Dei leste minimale par med den aktuelle variabelen, leste ord i isolasjon, leste eit kort narrativ og hadde ein lengre fri samtale med intervjuaren om kvardagslege emne og eigne livserfaringar. I tillegg til dei sosiolingvistiske intervjuet supplerte Labov resultatane sine med observasjonar frå samhandlingar med tilsette på varehus i ulike delar av byen, altså situasjonar der det ikkje blei gjort opptak, og der informantane ikkje var medvitne om at det blei gjort språklege analysar.

I Europa er den britiske sosiolingvisten Peter Trudgill kjend for å ha introdusert den labovske tradisjonen. I undersøkinga av talespråkleg variasjon i Norwich, England (Trudgill, 1983) byggjer han vidare på metodane og forskingsområda introduserte av Labov i New York. Trudgill såg på samanhengen mellom realisasjonen av ei rekke fonologiske variablar og dei sosiale variablane klasse (basert på yrke, inntekt, utdanning, geografi og buforhold), kjønn og alder. I likskap med Labov utførte han intervju med talehandlingar med ulik grad av språkleg medvit, slik at han kunne analysere talesituasjonen som ein variabel. På denne måten undersøkte han systematisk kva som er stilistisk variasjon hos alle sosiale klassar og kva for variasjon som er knytt til den sosiale bakgrunnen til informantane.

Også i Noreg har det blitt gjennomført fleire større og mindre sosiolingvistiske undersøkingar, mange innom den labovske tradisjonen. I 1970-åra blei det gjennomført større sosiolingvistiske undersøkingar i fleire av dei store byane i landet. *Talemålsundersøkelsen i Oslo (TAUS)* (Hanssen m.fl., 1978) var eit femårig prosjekt der ein undersøkte syntaktisk talespråkleg variasjon mellom Oslo aust og Oslo vest etter eit liknande mønster som Labov og Trudgill i USA og Storbritannia. I Trondheim stod Knut Fintoft og Per Egil Mjaavatn (1980) for utføringa av ei større sosiolingvistisk undersøking mot slutten av 1970-åra. Også denne undersøkinga var inspirert av den labovske framgangsmåten. I undersøkinga til Fintoft og Mjaavatn blei bruken av 14 språklege variablar knytte opp mot dei sosiale variablane alder, yrkeskontaktflate, yrkesstatus, utdanning, økonomisk status, buforhold, partipolitisk tilknytning og ekteskapsstatus hos eit tilnærma tilfeldig utval. På omtrent same tid blei prosjektet *Talemål hos ungdom i Bergen (TUB)* gjennomført ved Universitetet i Bergen (Sandøy, 1983). TUB-materialet består av intervju med 92 ungdommar på 8. og 9. trinn ved ungdomsskular i dei ulike bydelane, i tillegg til intervju med 12 eldre informantar til samanlikning. Målet var å sjå på variasjon i talemålet til ungdommane ut frå geografisk tilhøyrse, kjønn og sosial klasse.

Trass i mange fellestrekk i metode og føremål mellom TAUS, talemålsundersøkinga i Trondheim og TUB var det lite formelt samarbeid eller samanlikning mellom desse bymålsstudiane. I midten av 1990-åra blei det fremja eit ynskje om ei større undersøking av talemåla i ulike delar av landet, som resulterte i prosjektet *Talemålsendring i Noreg* (TEIN) (1998–2002). TEIN var eit samarbeidsprosjekt mellom universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø, og den dåverande Høgskulen i Agder. Målet var å kartlegga språkleg variasjon og endring i Noreg i lys av endringstendensar og spørsmålet om regionaliseringsprosessar i dei ulike delane av landet (Akselberg, 1999, 2002). I løpet av den offisielle prosjektperioden, frå 1998 til 2002, blei det gjennomført 9 doktorgradsarbeid og fleire titals mastergradsarbeid med ulike problemstillingar knytte til desse spørsmåla, presenterte i tidsskriftet *Målbryting*. Etter at prosjektet blei avslutta, i 2002, har samarbeidet mellom dei ulike instansane halde fram gjennom Norsk sosiolingvistisk nettverk (SONE), som frå 2003 har hatt årlege konferansar.

I åra 2008–2014 blei prosjektet *Dialektendringsprosessar* gjennomført ved Universitetet i Bergen, finansiert av Forskningsrådet. Prosjektet bestod av ei rekke longitudinelle studiar av talemål på Vestlandet, som blei gjennomførte som oppfølgingsgranskingar i område som tidlegare hadde blitt forska på gjennom TUB og andre prosjekt ved UiB. Ved å samanlikna nytt materiale med eldre opptak har det vore mogleg å utføra både trend- og panelundersøkingar i verkeleg tid (sjå pkt. 3.3.6). Innanfor prosjektida blei det gjort undersøkingar av bymåla i Bergen og Stavanger og i dei tre mindre kystsamfunna Sirevåg, Øygarden og Midøya. I åra etterpå har det òg blitt gjennomført fleire andre masterprosjekt etter den same malen, noko som òg dels gjeld for denne avhandlinga (sjå pkt. 5.2.2).

I tillegg til prosjekta som er nemnde her, finst det ei stor mengd andre undersøkingar både internasjonalt og i Noreg, mykje i form av avhandlingar på mastergrads- eller doktorgradsnivå. Sosiolingvistikken er eit stort felt som famnar om mange andre tradisjonar enn det som har blitt presentert her. Når fokuset i denne gjennomgangen i stor grad har lege på den labovske forskingstradisjonen, er det fordi denne tradisjonen har stått sterkt i det sosiolingvistiske arbeidet ved UiB og dermed har hatt stor innverknad på gjennomføringa av undersøkinga bak denne avhandlinga. Arbeidet eg utfører i Åkra fylgjer ikkje malen for oppgåvene i *Dialektendringsprosessar* på alle område (sjå pkt. 5.2.2), men er likevel skrive med utgangspunkt i jamføring med desse avhandlingane og for å bygga opp dialektendringskorpuset i Talebanken (sjå pkt. 5.2.1). På den måten har den labovske tradisjonen og prosjekta presenterte i dette delkapittelet vore eit naturleg og viktig utgangspunkt for utarbeidinga av

avhandlinga og har hatt innverknad på både det teoretiske bakteppet og den metodiske utforminga av prosjektet.

## 3.2 Språkleg variasjon

Utgangspunktet for sosiolingvistisk forskning er at det i eit kvart språksamfunn (sjå pkt. 3.4.1) vil finnast variasjon i språket. *Variasjon* vil seia at kvar språkbrukar har valet mellom to eller fleire variantar av ein gitt språkleg variabel (t.d. eit ord, ei bøyingsform eller ein uttalemåte av eit fonem) innom éin og same varietet. I delkapittel 2.5 skilde eg mellom «åkradialekten» og «talemålet i Åkra», der «åkradialekten» er éin bestemt varietet med fellestrekk ein kan lista opp og avgrensa, medan «talemålet i Åkra» er summen av språkformer som blir nytta av innbyggjarane i Åkra. Det er likevel ikkje slik at «åkradialekten» utgjer eitt sett med språknormer som blir nytta av alle talarane til alle tider. Det er denne interne variasjonen i dialekten eg ynskjer å undersøka og som blir presentert og drøfta i kapittel 6 og 7. Først vil eg kort presentera og avgrensa ulike omgrep som vil vera sentrale i drøftinga av den språklege variasjonen i Åkra.

### 3.2.1 Variasjon på ulike nivå

Språkleg variasjon kan studerast på ulike nivå og med ulike tilnærmingar. Eitt slikt skilje går mellom variasjon i språkbruken til ein enkeltperson, såkalla *intraindividuell variasjon*, og variasjon i språkbruken mellom individ i ei større gruppe, såkalla *interindividuell variasjon*. Studium av intraindividuell variasjon svarar til språkstudium på *mikronivå*, medan studium av heile samfunnet svarar til studium på *makronivå*. Det mellomliggende nivået, studium av grupper beståande av individ i samfunnet, svarar til studium på *mesonivå*. Det er først og fremst variasjon på makronivå eg har valt å fokusera på i denne avhandlinga, men variasjon på mikro- og mesonivå vil ligga til grunn for drøftingane på makronivå.

Eit anna relevant skilje er skiljet mellom variasjon i ein varietet på eit gitt tidspunkt, *synkron variasjon*, og historisk variasjon eller endring innanfor eit språksamfunn, *diakron variasjon*. Eg kjem tilbake til desse omgrepa og til eiga tilnærming til eventuell variasjon i åkramålet i siste del av kapittelet. Først vil eg konsentrera meg om den synkrone variasjonen.

### 3.2.2 Språkleg tilpassing

Intraindividuell variasjon vil ofte vera eit resultat av *språkleg tilpassing*, ofte kalla *akkommodasjon*, til ein annan varietet. Språket eit individ nyttar er ikkje berre eit resultat av sosiale prosessar, men har òg ein konstituerande funksjon. Ved å tilpassa språket etter normene og forventingane til ei gruppe, markerer ein tilhøyrsløse til gruppa. På same måten kan

ein velja å ta avstand frå ei sosial gruppe ved å bryta med forventingane til gruppa. *Den språklege tilpassingsteorien* (eng.: *accommodation theory*) blei først lansert av amerikanaren Howard Giles tidleg i 1960-åra. Seinare tok han mellom anna i bruk omgrepa *dialektal konvergens* og *divergens* for å forklara språkhandlingane til informantane til Labov i det velkjende New York-studiet (Giles, 1973, s. 90). Dette omgrepet har den britiske sosiolingvisten Peter Trudgill utdjupa vidare i sine utgreingar om dialektkontakt, og det er desse teoriane som har blitt ståande som grunnlaget for dei sosiolingvistiske tilpassingsteoriane. Den språklege tilpassingsteorien tek utgangspunkt i møtet mellom to gjensidig forståelege varietetar og drøftar ut frå dette både når, i kor stor grad og på kva måte språkleg tilpassing skjer (Trudgill, 1986, s. 2). Tilpassingsteorien, i alle fall slik han opphavleg blei sett fram av Trudgill, føreset interaksjon mellom to eller fleire individ og ein tydeleg talar og mottakar. Det har derfor ikkje vore vanleg å rekna massemedium som ei kjelde til språkleg tilpassing.

### 3.2.3 Kjønn

Heilt frå starten av den kvantitative variasjonslingvistiktradisjonen har kjønn blitt rekna som ein sentral sosial makrovariabel i sosiolingvistiske korrelasjonsstudiar. Resultata frå ulike undersøkingar har ofte vist stort samsvar mellom kjønnsskilnadene for ulike språklege variablar og ulike språksamfunn, spesielt i den engelskspråklege verda. Dette har ført til eit sett med tolkingar som på mange måtar har blitt normgivande for disiplinen. William Labov omtalar kjønnsskilnadene som eit paradoks, eng. *the Gender Paradox*. «Women conform more closely than men to linguistic norms that are overtly prescribed, but conform less than men when they are not.» (Labov, 2001, s. 293) I stabile språksamfunn, med meir eller mindre fastsette språknormer og lite endring, er det kvinnene som i størst grad nyttar dei formene som har høg sosial verdi i språksamfunnet. Dei har dermed ein meir konserverande språkbruk enn menn. I samfunn prega av endringar eller omleggingar av språkssystemet er rollene snudde. Då er kvinner oftast tidlegare ute med å ta i bruk dei nye språkformene enn menn. Det at kvinner viser seg å bruka fleire prestisjeformer enn menn, blir gjerne attribuert til den sosiale stillinga kvinna har i samfunnet. Peter Trudgill (1972, s. 182) fann i undersøkinga av talemålet i Norwich liknande kjønnsmønster som dei Labov hadde funne i USA. Éi av forklaringane han oppgir på dette, er at kvinner er meir opptekne av status enn menn, grunna deira underlegne sosiale stilling i samfunnet.

Synet presentert ovanfor er veletablert i den kvantitative sosiolingvistikken. Likevel har det blitt diskutert og motstridd av mange. Kritikken mot ei slik tolking av kjønnsskilnader i

språkbruk er gjerne knytt til feministiske tilnærmingar og er ofte retta mot at det er talen til kvinna som blir rekna som avvikande og som treng forklaring, medan språket til mannen blir rekna som nøytralt eller umarkert (sjå t.d. Cameron, 1992, s. 41). Mange har òg retta kritikk mot sjølve tolkinga av kvinnespråket som eit uttrykk for ein underordna sosial posisjon, og fleire har leita etter andre måtar å kategorisera og forklara kjønn og kjønnskilnader. Eit døme på dette ser me hos den britiske lingvisten Deborah Cameron. I boka *Feminism and Linguistic Theory*, som først blei publisert i 1985, problematiserer ho kjønn som sosial bakgrunnsvariabel i det heile. «Gender should never be used as a bottom line explanation because it is a social construction needing explanation itself.» (Cameron, 1992, s. 61) I dette legg ho at kjønn er eit kulturelt fenomen som eksisterer i handlingsrommet mellom ulike sosiale faktorar. Det er dermed ikkje ein stabil bakgrunnsfaktor som kan analyserast i isolasjon. Vidare kritiserer Cameron på kva grunnlag ein har kome fram til tolkinga om at kvinner tilpassar språket sitt ut frå sosial usikkerheit. I analysen til Trudgill av kjønnskilnader i språkbruken i Norwich, var utgangspunktet for Trudgill si tolking av kvinnene sin usikre sosiale posisjon at dei i større grad overrapporterte bruken av prestisjefylte variantar enn mennene. Dette meiner Cameron ikkje nødvendigvis peiker i retning av at kvinner ynskjer å nytta eit meir standardnært språk, men at dei reproduserer ideal dei er sosialiserte inn i.

Ei liknande utfordring av forklaringa til Trudgill på overrapportering av prestisjeformer blant kvinner finn ein i haldningsundersøkingane til Tore Kristiansen (1992) i Danmark.

Kristiansen meiner at ein ikkje nødvendigvis skal gå bort frå forklaringa på kjønnskilnader ut frå sosial usikkerheit, men at denne tenkinga må modererast og dessutan reverserast. Ved å sjå på samsvaret mellom sjølvrapportert språkbruk, rapportering av språkbruken til familie-medlemmar, kollegaer og elevar, og medviten og umedviten vurdering av ulike varietetar gjennom ein masketest, kjem han fram til at det er mennene som må reknast som dei sosialt usikre, ikkje kvinnene (Kristiansen, 1992, s. 99–105). Han meiner at resultatata viser at menn har ein tendens til å stereotypisera eller bagatellisera språktilpassingsspørsmålet på overflata, men at desse haldningane ikkje stemmer med dei umedvitne vurderingane av prestisje-varietetar.

Spørsmålet om språk og kjønn kan utdjupast og drøftast mykje meir enn det som er gjort her. Det viktigaste eg ynskjer å fram, er at det finst ei konvensjonell forventning eller oppfatning, «kjønnsparadokset», men at det likevel finst mykje usemje og uvisse rundt dette spørsmålet. I tillegg vil eg presisera at skildringane Labov og Trudgill gjer i stor grad byggjer på eit klassestyrt og gjerne urbant samfunn, som ikkje nødvendigvis kan samanliknast med

situasjonen i Distrikts-Noreg. Eg vil derfor stilla meg kritisk til å leggja denne empirien til grunn for undersøkinga av åkrasamfunnet, som ikkje viser liknande forhold mellom ulike samfunnslag.

### 3.3 Språkendring

Fram til no har eg diskutert ulike aspekt av synkron variasjon, altså grunnar til at det finst variasjon i eit gitt språksamfunn til ei gitt tid. Framstillinga har vore relativt kort, noko som har samband med dei tydelege parallellane til den diakrone variasjonen. Som det vil gå fram av drøftinga i kapittel 7, er det ikkje alltid noko tydeleg skilje mellom synkron og diakron variasjon i eit språksamfunn. Eit viktig prinsipp er at endring føreset variasjon, men at variasjon ikkje nødvendigvis fører til endring. Det er ut frå dette prinsippet eg har delt problemstillinga i avhandlinga i ein deskriptiv del, som går ut på å påvisa synkron variasjon, og ein analytisk del, der eg mellom anna vil drøfta om variasjonen gir uttrykk for ei endring i talemålet over tid. I dette delkapittelet vil eg vidareføra nokre av omgrepa frå 3.2, og eg vil sjå dei i samband med språkendring. I tillegg vil eg greia ut om andre omgrep som er relevante for å forklara eventuelle endringar i åkramålet over tid.

#### 3.3.1 Indre faktorar

Språket, og dermed språkendring, er eit komplekst fenomen som det er vanskeleg å seia noko heilt sikkert om. Sosiolingvistikken har introdusert metodar for å måla *om* det finst variasjon innanfor eit språksamfunn og *korleis* denne variasjonen manifesterer seg. Det ein derimot ikkje kan måla og kvantifisera, og som det dermed er vanskelegare å uttala seg om, er *kvifor* språket endrar seg.

I faglitteraturen er det vanleg å skilja mellom *indre* og *ytre* påverknadsfaktorar for språkendring. Dei indre faktoranane er dei føresetnadene for endring som ligg i språket sjølv, altså i den morfologiske, syntaktiske eller leksikalske strukturen til språket. Akselberg (1995, s. 37) koplara i si doktorgradsavhandling dette opp til den generative grammatikken og skiljet mellom den leksikalske komponenten og regelkomponenten av den grammatiske kompetansen til ein språkbrukar. Det er dette Sandøy viser til med viktigheita av «å skilje mellom *leksikalske* og *grammatikalske* drag – dvs. mellom det spesielle og det generelle» (Sandøy, 1996, s. 130). Dette skiljet har innverknad på korleis ei språkendring skjer. Leksikalske drag blir endra leksem for leksem, medan det for dei grammatikalske trekka er reglane som endrar seg. Dei seks språklege variablane som blir undersøkte i denne avhandlinga (sjå delkap. 4.1) representerer ulike område av grammatikken, både morfologi,

fonologi, syntaks, leksikografi og kombinasjonar av desse. Det er dermed ulike endringsprosessar som ligg til grunn for dei ulike variablane, og det vil bli interessant å sjå om dei leksikalsk og grammatisk avgrensa variablane viser ulikt variasjons- og endringsmønster i materialet, eller om resultatet er det same, trass i ulike prosessar.

Ein annan sentral indre faktor til språkending er språkinnlæringa til barn. Kwart barn skal i løpet av dei 4–5 første leveåra læra seg det veldig avanserte språksystemet utan systematisk instruksjon, hovudsakleg gjennom tolking av språket og reaksjonar og sanksjonar frå miljøet rundt seg. I denne prosessen skal barnet byggja opp språksystemet sitt frå grunnen, ut frå dei språklege omgivnadene det veks opp i. I den nyare litteraturen til Labov (2001, s. 415) blir denne prosessen kalla *transmission*. Labov legg særleg vekt på rolla mor, eller andre kvinnelege omsorgspersonar til eit barn, har som utgangspunkt for oppbygginga av språksystemet. I denne avhandlinga ser eg på foreldre sin oppvekststad som ein av dei sosiale bakgrunnsvariablane informantane blir kategoriserte etter, og det blir gjort systematisk samanlikning av språkbruken til informantane med éin og to lokale foreldre. Eg skil derimot ikkje mellom om det er far eller mor som kjem frå området, men reknar foreldra som likeverdige oppdragarar og sannsynlege påverknadskjelder.

### **3.3.2 Ytre faktorar**

*Ytre* eller *eksterne faktorar* er årsaker som ligg utanfor det reint språklege, altså i dei sosiale og samfunnsmessige forholda. Det er gjerne desse påverknadskjeldene som har vore av størst interesse i sosiolingvistisk forskning, og det er desse som vil få størst fokus i denne avhandlinga. Omgrepa introduserte i førre delkapittel (3.2) dreier seg til dømes alle primært om ekstralingvistiske tilnærmingar til variasjon. Ved å knyta eventuell språkending i Åkra til samfunnsendingar i området, vil dei ytre faktorene få stor plass i drøftinga av språkbruken til informantane. Omgrepa som blir presenterte nedanfor utgjer ein liten del av dei relevante påverknadsfaktorene på det talte språket. Dei utgjer ikkje ei fullstendig liste, men eit utdrag av faktorar som kan vera relevante for den diakrone variasjonen i åkradialekten.

#### **3.3.2.a Prestisje**

*Prestisje* er eit omgrep som har stått sterkt i den labovske forskningstradisjonen. I sosiolingvistikken skil ein gjerne mellom det ein på engelsk kallar «overt prestige» og «covert prestige». «Overt prestige» kan ein på norsk omsetja med *medviten* eller *open prestisje*. Dette er variantar som språkbrukarane er medvitne om at dei vurderer som korrekte, fine eller meir sosialt aksepterte. Labov knyter dette i stor grad til språket til dei øvste sosiale klassane i samfunnet. Ettersom det ikkje finst noka utprega klasseinndeling i det området eg undersøker

i denne studien, ser eg det som meir føremålstenleg å sjå prestisje i lys av standardiserte former som ligg tett opp til skriftspråket bokmål. Ettersom Noreg ikkje har noko offisielt vedteke standardtalemål,<sup>13</sup> får skriftspråka ein viktig overdialektal funksjon (Sandøy, 1996, s. 140). Når eg reknar bokmål som ei meir relevant påverknadskjelde enn nynorsk, er dette fordi heile 87 prosent av alle norske elevar har dette som sitt hovudmål i skulen (Statistisk sentralbyrå, 2018a).<sup>14</sup> Det bokmålske skriftspråket ligg òg tett opp mot talemålet i hovudstaden, som er eit naturleg sentrum for kultur, politikk og administrasjon. I tillegg til at det finst eit sett med høgstatusformer som har prestisje for dei aller fleste i landet, finst det òg individuell og lokal/sosial variasjon i kva for former som har prestisje. I nokre tilfelle kan det til dømes vera nettopp ei form for anti-prestisje som har prestisje (Skjekkeland, 2009, s. 79).

Det engelske omgrepet «covert prestisje» kan ein gjerne omsetja med *skjult* eller *tildekt prestisje*. Dette er dei språklege orienteringane eller preferansane som språkbrukarane ikkje er medvitne om. Trudgill (1983) illustrerte dette ved å visa til rapportert språkbruk under undersøkinga i Norwich, England. Han undersøkte både rapportert og faktisk bruk av prestisjeuttalen [tjʉ:n] av ordet *tune*, i motsetnad til den lokale uttalen [tʌ:n]. Det viste seg at 16 prosent av dei som hevda å ha prestisjeforma i praksis brukte den lokale uttalen i fleirtalet av tilfella, medan heile 40 prosent av dei som hevda å bruka den lokale uttalen faktisk brukte prestisjeforma i meir enn halvparten av tilfella (s. 90). Skilnaden mellom rapportert og faktisk språkbruk viser at språkbrukarane ikkje berre blir styrte av bevisste haldningar til språk og prestisjeformer, men at det må finnast underliggende haldningar eller orienteringar. Skjekkeland (2009, s. 79) summerer opp ved å hevda at skjult prestisje «som regel er knytt til den talemålsvarianten (den varietetten) som held den sosiale gruppa saman, og som språkbrukaren 'inst inne' solidariserer/identifiserer seg med». Dette vil i dei fleste tilfelle vera det lokale talemålet.

### 3.3.2.b Skriftspråket

Skriftspråket som ytre påverknadsfaktor til språkending er nært knytt til førre punkt gjennom funksjonen som overdialektal prestisjeform, det «korrekte». Sandøy (1996, s.140) knyter dette hovudsakleg til leksikalske endringar og meiner at ein vanskeleg kan påvisa direkte påverknad på morfologien. Fonologiske trekk blir mindre aktuelle i samanlikninga med eit offisielt *skriftspråk*. Likevel meiner eg at det kan tenkast at det eksisterer ein meir eller mindre felles idé eller norm om korleis skriva eit ord i dialektform. I ein kultur med aukande bruk av

---

<sup>13</sup> Mange vil hevda at me i praksis har eit standardtalemål i Noreg, basert på moderat bokmål og talemålet på Sentral-Austlandet. Dette er eit omdiskutert spørsmål som eg ikkje har høve til å gå inn på her.

<sup>14</sup> I Rogaland har 79 prosent av elevane bokmål som sitt hovudmål.



skriftleg kommunikasjon, òg i det sosiale livet, vil det oppstå normer for korleis den dialektale daglegtalet skal konverterast til skriftformat. For å tilpassa det talte språket til dei skriftlege rammene, dei 29 bokstavane i alfabetet, må det gjerast forenklingar og val av framstillingsmåte. Dersom informantane ikkje nyttar normert nynorsk eller bokmål ved slik skriving, men ei meir dialektal skriftform, må skriftspråket og skriftspråkskompetansen seiast å ligga til grunn for normeringa av dialektformene i ei slik konvertering frå tale til tekst. Dette kan ikkje nødvendigvis koplast direkte til den munnlege språkbruken til informantane, men det viser at det finst ein samanheng mellom det talte (dialektale) og det skriftlege (normerte) språket. Dersom informantane viser seg å nytta eit ikkje-normert skriftspråk, må det finnast ein idé om korleis dialektformene ser ut skriftleg, som vidare vil vera knytt til skriftspråkskompetansen til personen. Dette kan så knytast til prestisjeomgrepet presentert ovanfor. På mange måtar kan dermed skriftspråket, i alle sine former, reknast som uttrykk for prestisje.

### **3.3.2.c Mobilitet**

Ei vanleg samfunnsending for mange bygder og småbyar i Noreg dei siste hundre åra er at det ikkje lenger er like vanleg som før å bli buande på same staden heile livet. Mange flyttar vekk i periodar av livet, ofte i slutten av ungdomsåra og godt inn i det tidlege vaksenlivet. Fleire flyttar òg permanent vekk frå staden dei vaks opp, og det er i dag vanleg at born veks opp med éin eller begge foreldra frå ein annan stad. Helge Omdal (1994, s. 16) viser til dømes at det «i 1981 i aldersgruppene 30–39 år og 40–49 år var flere som ikke var oppvokst i den kommunen de da bodde i, enn som var oppvokst der». Dette er gamle tal, som ein ikkje nødvendigvis kan overføra frå landsbasis til ein stor distriktskommune som Karmøy, med tre småbyar og fleire tettstader, men det gir likevel ein indikasjon på kor vanleg interkommunal flytting er. I tillegg til flytting, anten for ein periode eller permanent, kan òg pendling nemnast i denne samanhengen. Med godt utbygde vegnett og transportnettverk er det i dag mange som jobbar utanfor heimstaden sin. Som eg viste i delkapittel 2.3, gjeld dette òg for Karmøy kommune. Auka mobilitet fører nødvendigvis til auka dialektkontakt, og det er på denne måten det kan reknast som ein mogleg påverknadsfaktor for språkending.

### **3.3.2.d Indre og ytre faktorar oppsummert**

Når ein snakkar om årsaker til språkending, kan ein stilla seg spørsmålet om eit skilje mellom indre og ytre faktorar i det heile er mogleg eller føremålstenleg. I følgje Mæhlum (1996) er svaret nei. Ho viser til at språket er ein kompleks sosial konstruksjon, der språksystemet ikkje utan vidare kan skiljast ut frå den sosiale konteksten språkbrukaren til ei kvar tid vil finna seg i. Ut frå dette seier ho at «flere lingvister har argumentert for at en må

prøve å *overskride* eller eliminere hele denne motsetningen mellom lingvistiske og ekstra-lingvistiske domener; at dette er en falsk og ikke-eksisterende diktomi» (Mæhlum, 1996, s. 176). Når eg likevel vel å skildra desse omgrepa separat, utan å problematisera forholdet mellom dei i særleg stor grad, er det for å gjera drøftinga mest mogleg oversiktleg og fordi det er nyttige omgrep til å skilja mellom ulike aspekt ved språkendringsprosessen. Eg kjem til å halda fast ved omgrepa indre og ytre faktorar, men anerkjenner at dei alltid vil verka saman i eit samspel med ulik grad av dominans frå det eine eller det andre ytterpunktet.

### 3.3.3 Dialektnivellering

I 3.2.2 viste eg korleis ein språkbrukar kan tilpassa talemålet sitt til ein annan person eller ei gruppe, anten ved konvergering eller divergering, for å markera tilhøyrslø eller avstand. Dette blir då ei form for variasjon på mikronivå, der enkeltindivid anten medvite eller umedvite vel mellom variantane som er tilgjengelege i det språklege repertoaret sitt. Språkleg tilpassing kan òg knytast til det opne prestisjeomgrepet presentert ovanfor («overt prestige»), i den forstand at ein språkbrukar gjerne vel å tilpassa variablar som han eller ho er medviten om at vil bli betre tekne i mot. Trudgill koplar dette til *saliensen* til ein variabel, altså i kor stor grad han blir opplevd som framstående eller viktig av språkbrukarane. Med enkelte unntak og avgrensingar meiner han at «accommodation does indeed take place by the modification of those aspects of segmental phonology that are *salient* in the accent to be accommodated to» (Trudgill, 1986, s. 20). Trudgill koplar vidare variasjon på mikronivå til endring på makronivå.

If a speaker accommodates frequently enough to a particular accent or dialect, I would go on to argue, then the accommodation may in time become permanent, particularly if attitudinal factors are favourable. (Trudgill, 1986, s. 39)

Trudgill meiner at om ein språkbrukar akkommoderer til same varietet ofte nok over tid, vil endringa kunna bli permanent. Dersom ein språkbrukar byrjar å ta i bruk tilpassingsformene når det ikkje er ein talar av målvarieteten til stades, er det ikkje lenger snakk om språkleg tilpassing men *samanfall* eller *diffusjon*. Om nok språkbrukarar får samanfall med ei tilpassingsform, vil ein kunna seia at det har skjedd ei endring i språkssystemet.

Endring av ein varietet i retning av éin eller fleire andre varietetar blir gjerne kalla *dialektnivellering*. Ein går då ut frå at jamleg kontakt mellom ulike varietetar fører til at språkssystema, gjennom tilpassing ved kontakt, blir likare kvarandre. Ei slik endring skjer ved at nye trekk blir tekne i bruk, medan tradisjonelle trekk går ut av bruk. Dette vil i dei fleste tilfella føra til ei grammatikalsk forenkling, særleg i dei tilfella der tilpassinga skjer i retning

av eit bymål eller eit standardspråk. Dei språklege variablane eg tek føre meg i Åkra (sjå delkap. 4.1) inkluderer både trekk som kan vera på veg ut av dialekten (dei grammatiske variablane) og døme på at nye ord kjem inn, samstundes som andre går ut av bruk (dei leksikalske variablane).


### 3.3.4 Regionalisering

Ofte går veldig lokale språkdrag ut av eit talemål, medan drag som er vanlege i eit større område blir verande lengre. Ein får såleis ei meir og meir felles språkutvikling for eit større område, gjerne med likskapar til talemålet i ein by eller eit større administrativt sentrum i området. Dette blir kalla *regionalisering*. I norsk samanheng er det vanleg å bruka talemålsutviklinga på Austlandet som døme på regionalisering. Her ser det ut til at store delar av landsdelen nærmar seg eit felles språkssystem, basert på austkantmålet i Oslo (Sandøy, 2008, s. 224). Akselberg (2005, s. 117) skil mellom *urbane regionaliseringsprosessar*, slik som er tilfellet med påverknaden frå bymålet i Oslo på resten av det sentrale Austlandet, og *rurale regionaliseringsprosessar*. I dei rurale regionaliseringsprosessane er det ikkje prestisjevarieteteten i ein by som styrer utviklinga, men andre talemål i regionen. Det er dette som har vore det vanlege på Vestlandet. Dersom det viser seg å skje ei språkending i Åkra, kan det vera interessant å sjå på i kva grad desse endringane gir uttrykk for ein regionaliseringsprosess. Ein kan då spørja seg om den relevante regionen for Åkra er Sør-Vestlandet eller Rogaland med Stavanger som bysentrum, Haugalandet med Haugesund som bysentrum eller ei heilt anna inndeling, gjerne utan noko bysentrum i det heile. Når eg i denne avhandlinga nyttar omgrepet *regionalisering*, er det i tydinga at utviklinga i eit større område går i same retning ved at enkelttrekk i språkssystemet viser ei liknande utvikling, altså at dei anten spreier seg eller held seg relativt stabile. Dette er ulikt ein prosess der eit bymål spreier seg som samla varietet utover eit større og større geografisk område.

### 3.3.5 Spreiingsmodellar

Dersom det viser seg å skje ei språkending i Åkra, vil det vera relevant å seia noko om *korleis* denne endringsprosessen går føre seg. For at ei endring skal kunna skje, må det oppstå ei ny språkform hos minst eitt individ i eit språksamfunn, ein *innovasjon*. Dei vanlegaste illustrasjonane av korleis eit språkdrag finn vegen til eit nytt språksamfunn er *bølge-* og *sprangteoriane*. *Bølgjeteorien* går ut på at eit språkdrag spreier seg frå eitt område til stadig nye nærliggjande område gjennom nabokontakt. *Sprangteorien* tek utgangspunkt i at eit språkdrag hoppar frå sentrum til sentrum. Det er vanleg å sjå desse forklaringsmodellane i kombinasjon, altså at eit språkdrag hoppar frå eitt sentrum til eit anna, og at det derfrå spreier

seg til områda rundt etter bølgeomodellen. For at ein innovasjon som har nådd eit nytt område skal slå rot og føra til ei faktisk endring på makronivå, må fenomenet takast i bruk av fleire medlemmar av språksamfunnet. Denne utviklinga vil ofte følgja ei S-kurve (sjå t.d. Romaine, 1994, s. 140).



Figur 3.1: S-kurve for spreining av språktrekk

Først vil innovasjonen spreia seg sakte mellom få personar, før nyvinninga vinn popularitet. Etter kvart vil utviklinga gå stadig raskare og gjelda stadig større grupper menneske. Når fleirtalet har akseptert den nye språkendinga, vil kurva flata ut att, og det kan ta lang tid før den aller siste språkbrukaren går vekk frå den tradisjonelle forma. Kva for nyvinningar som oppstår, og som spreier seg i språksamfunnet, vil vera avhengig av dei ytre og indre faktorane som er diskuterte i dette delkapittelet. I kapittel 7 vil eg mellom anna drøfta kor langt dei språklege variablane har kome i ein eventuell endringsprosess ut frå distribusjonen av dei tradisjonelle og dei nye variantane blant medlemmane av kvar aldersgruppe. Eg vil då sjå på mengda tradisjonelle og nye realisasjonar blant dei eldre og dei yngre samla og på fordelinga av variasjonen på individnivå, for å prøva å seia noko om kvar på S-kurva spreinga av kvart språkdrag kan plasserast for informantutvalet.

### 3.3.6 Verkeleg tid og tilsynelatande tid

Ved å samla inn empirisk materiale i form av lydopptak og bakgrunnsinformasjon om mange nok informantar, anten tilfeldig utvalde frå heile populasjonen eller valde ut som representantar for enkelte grupper, kan ein studera og gjera greie for den synkrone variasjonen i eit språksamfunn. Ei større utfordring er det å undersøka korleis talespråket har endra seg over tid, den diakrone variasjonen. Det finst to hovudtilnærmingar til slike undersøkingar. Ei undersøking i *verkeleg* eller *reell tid* går ut på å undersøka eit utval innom eitt og same språksamfunn på ulike tidspunkt for å sjå om det har skjedd endringar i språket mellom undersøkingstidspunkta. Alternativet er undersøkingar i *tilsynelatande* eller *tenkt tid*, der ein samanliknar talemålet til informantar frå ulike generasjonar på eitt undersøkingstidspunkt og reknar talemålet til generasjonane som representativt for det lokale talemålet då dei vaks opp og lærte å snakka.

I ei undersøking i verkeleg tid har ein fordel av å kunna samanlikna faktisk tale på eit tidlegare tidspunkt med faktisk tale på eit seinare tidspunkt. Ein slepp dermed å ta utgangspunkt i forventinga om at språket til informantane ikkje har endra seg gjennom livet. Det finst likevel utfordringar knytte til ein slik metode. For å sikra godt samanlikningsgrunnlag er ein avhengig av å kjenna til og ha moglegheit til å gjenskapa dei same utvalskriteria og forholda som ved den første datainnsamlinga. Dersom ein sjølv skal gjennomføra begge rundane med datainnsamling, blir undersøkingar i verkeleg tid eit tidkrevjande prosjekt, som ikkje alltid er moglege å gjennomføra. Dette er til dømes umogleg i ei avhandling som denne. Alternativet er å gjera nye opptak frå eit område som tidlegare har blitt undersøkt av andre. I det nye utvalet skil ein mellom panel- og trendinformantar. *Panelinformantar* er informantar som var med i det første utvalet og som blir undersøkte igjen på eit seinare tidspunkt. *Trendinformantar* er informantar som er valde ut etter same kriterium som informantane i det gamle materialet, men som sjølve ikkje har blitt undersøkte tidlegare. Ved å samanlikna fleire ulike aldersgrupper ved to eller fleire tidspunkt kan ein undersøka om det finst variasjon som er knytt til dei ulike livsfasane informantane er i, såkalla *livsfasevariasjon*. Livsfasevariasjon vil seia at det finst fellestrekk ved dei ulike aldersgruppene eller livsfasane, som går att ved fleire opptakstidspunkt, men som informantane ikkje tek med seg inn i andre livsfasar. Ved å studera språket til panelinformantar i ulike fasar av livet kan ein òg undersøka om det skjer endringar i språket til éin og same informant gjennom livet, utover dei eventuelle livsfaseendringane. Endringar i språksystemet til eit individ gjennom livet blir kalla *livsløpsvariasjon*. Slik variasjon skjer stort sett i same retning som endringar i språksamfunnet individet er ein del av.

For undersøkingar i tilsynelatande tid er fordelane og ulempene andre enn dei som er nemnde ovanfor. Slike studiar byggjer på ei forventing om at talemålet til informantane ikkje endrar seg i løpet av livet og dermed er representativt for talemålet i språksamfunnet på eit tidlegare tidspunkt. Fordelen med ei slik metodisk tilnærming er at ein oppnår godt grunnlag for samanlikning, då ein gjerne undersøker alle aldersgruppene på same måte, etter same prinsipp og på same tidspunkt. I ei undersøking i tilsynelatande tid vil alle informantane vera del av det same samfunnet, og ei slik undersøking gir dermed gode moglegheiter til å gjera analysar av sosiale bakgrunnsvariablar. I ei undersøking i verkeleg tid vil ein for slike analysar måtte leggja til grunn at samfunnet på dei to undersøkingstidspunkta er det same, eller at ein kjenner til og kan ta høgde for alle endringane som har skjedd. Den store utfordringa ved undersøkingar i tilsynelatande tid er korleis ein skal skilja mellom livsfasevariasjon og

pågåande språkending. Ei viktig kjelde til validering av ein slik framgangsmåte er dermed studiar der ein har gjort undersøkingar i både verkeleg og tilsynelatande tid og kan samanlikna resultatane frå dei to undersøkingane. Slike oppfølgingsgranskningar finst det mange av. Eit nokså omfattande døme finn ein i oppfølgingsgranskninga til Sankhoff og Blondeau (2007) av materialet Sankhoff samla inn i Montreal i 1971. Det nye materialet blei samla inn i 1984, og utgangspunktet for analysen var studiet av bruken av tungespiss-*r*, [r] eller [r], i fransk. Ved å samanlikna endringar i tilsynelatande tid i 1971 med trend- og panelstudiar i 1981 viste Sankhoff og Blondeau at det finst samsvar mellom dei to tilnæringsmåtene til språkending. I tillegg viste dei at trendstudiar i større grad enn panelstudiar uttrykte endringa i språksamfunnet, ettersom dei eldre i mindre grad endra språket gjennom livet (livsløpsendingar) enn dei yngre tok i bruk dei nye variantane (Sankhoff og Blondeau, 2007, s. 581–582).

Undersøkinga eg har gjort i Åkra er ei undersøking i tilsynelatande tid, der alle tolkingane byggjer på datamateriale frå eitt opptakstidspunkt. Alt materialet er samla inn på same tid, og alle informantane må derfor reknast som trendinformantar. Grunngevinga for dette metodiske valet og konsekvensane det har fått for undersøkinga av den diakrone variasjonen blir presenterte og drøfta i kapittel 5.3.

### **3.4 Samfunn og nettverk**

I dei føregåande delkapitla har eg vist at språkleg variasjon og endring heng tett saman med korleis dei ulike språkbrukarane samhandlar med kvarandre, kven dei føler gruppetilhøyrse med og kven dei opplever lingvistisk eller sosial avstand til. I fleire tilfelle har eg vist til samfunnsstrukturen i Åkra som bindeledd mellom dei teoretiske omgrepa og den språklege analysen av åkradialekten. Men kva er eigentleg samanhangen mellom samfunn og språk? Som eit siste ledd i den teoretiske gjennomgangen vil eg trekka fram teoriar som eksplisitt knyter språkbruk til samfunn og sosiale nettverk, og som ligg til grunn for både avgrensinga av omfanget, utveljinga av informantane og av variablane og dei språklege analysane i avhandlinga.

#### **3.4.1 Språksamfunn**

*Språksamfunn* (eng.: *speech community*) er eit omstridd omgrep innanfor sosiolingvistikken. Heilt sidan omgrepet blei introdusert av Bloomsfield i 1933, har det vore usemje om korleis det skal definerast og nyttast. Fellesnemnaren for dei fleste definisjonane, og ofte

utgangspunktet for usemja, er at dei alle i større eller mindre grad avgrensar eit språksamfunn ut frå to kriterium:

- a) *Lingvistisk avgrensing* legg vekt på at individa i eit samfunn deler eit felles språkssystem eller er talarar av same varietet.
- b) *Sosial avgrensing* legg vekt på at individa i eit samfunn deler haldningar til, eller normer for, språkbruk.

Bloomsfield (1933) introduserer språksamfunn som eit nokså vidt omgrep. Han definerer eit språksamfunn som «a group of people who interact by the means of speech» (s. 42), men skriv òg at «a group of people who use the same system of speech-signals is a *speech-community*» (s. 29). Bloomsfield koplar i stor grad omgrepet opp mot språk og nasjonalstatar, men tek likevel opp problematikken rundt fleirspråklegheit både på individ- og samfunnsnivå, utan å koma med ein klar konklusjon på korleis dette passar inn i språksamfunnsomgrepet. Lyons fokuserer i stor grad på lingvistiske kriterium. Han definerer språksamfunn som «all the people who use a given language (or dialect)» (Lyons, 1970, s. 326). Gumperz (1968/1972) legg vekt på jamleg kommunikasjon mellom medlemmane av eit samfunn og på at det må vera noko som er språkleg særlege for ei gruppe og som skil denne gruppa frå andre grupper. Han opnar for at dette kan gjelda små subgrupper, anten geografisk eller sosialt avgrensa innanfor eit større språksamfunn.

Labov går eksplisitt vekk frå kravet om lingvistisk einskap i eit språksamfunn. «The speech community is not defined by any marked agreement in the use of language elements, so much as by participation in a set of shared norms ...» (Labov, 1972b, s. 120). Her er det altså felles normer og haldningar til språkbruk som definerer språksamfunnet. Ein siste engelskspråkleg teoretikar frå 1900-talet eg vil nemna, er Suzanne Romaine. Som Gumperz, ynskjer òg Romaine (1982, s. 24) å få fram at språksamfunnsomgrepet i for stor grad føreset eit homogent samfunn. Kritikken hennar rettar seg spesielt mot læra til Labov, som ho meiner forenkler røynda ved å gå ut frå at medlemmane av eit samfunn er samde om kva for språkformer som har høgast prestisje og at all variasjon divergerer frå eit felles etablert standardspråk. Ho meiner likevel ikkje at ein bør gå heilt vekk frå språksamfunnsomgrepet, men at det bør revurderast kva ein legg i det.

### **3.4.2 Språksamfunnet Åkra?**

«Språksamfunn» kan altså bety nokså ulike ting. Når eg viser til språksamfunn i denne avhandlinga, er det stort sett det avgrensa området Åkra eg refererer til, ikkje eit regionalt

eller nasjonalt språksamfunn. Om Åkra faktisk skal reknast som eitt språksamfunn fell ikkje direkte under problemstillinga i denne avhandlinga, men det er likevel eit spørsmål som reiste seg allereie ved presentasjonen av problemstillinga og forskingsspørsmåla i kapittel 1.

Førebels vil eg berre definera Åkra som eit *eventuelt* eller *potensielt språksamfunn*. Dette meiner eg er eit godt nok utgangspunkt for å argumentera for avgrensinga av Åkra som studieområde, for utveljinga av informantar og for presentasjonen og analysen av dei språklege variablane og realisasjonane av desse. Når eg har valt å utsetja drøftinga av spørsmålet om Åkra verkeleg kan og bør definerast som eitt språkområde heilt til slutten, under punkt 7.6.1, er dette fordi eg meiner det er eit stort spørsmål som best kan svarast på etter at alle dataa er samla inn, presenterte og drøfta.

### 3.4.3 Sosial nettverksteori

*Sosial nettverksteori* er ein sosiologisk, antropologisk og psykologisk teori som tek føre seg på kva måte individ er bundne saman i større eller mindre nettverk. Teorien har røter tilbake til slutten av 1800-talet, men har i løpet av dei siste hundre åra vunne interesse frå stadig nye fagdisiplinar og fått nye verkeområde. Innanfor sosiolingvistikken blei omgrepet først introdusert av Lesley Milroy i samband med den velkjende Belfast-undersøkinga i Nord-Irland i slutten av 1970-åra. Milroy meiner at Labov sin definisjon av språksamfunnet ikkje tek tilfredsstillande omsyn til faktisk sosial tilhørsle og kommunikasjonsmønster. Ho definerer derfor *samfunn* (eng. *community*) som ei mindre og meir konkret eining, til bruk som eit teknisk omgrep (Milroy, 1980, s. 14). Milroy sin metode og hennar bruk av samfunnsomgrepet er, som venta av gjennomgangen ovanfor (pkt. 3.4.1), omdiskutert. Dette vil eg ikkje gå inn på her, då det i lita grad er relevant for mi undersøking. Undersøkinga i denne avhandlinga tek ikkje direkte utgangspunkt i sosial nettverksteori, men teorien er likevel relevant for metodiske val og for drøftinga av resultatane. Nedanfor vil eg presentera tre sett med omgrep som blir nytta i avhandlinga: nettverkssonar, kompleksitet og tettleik.

Den sosiale nettverksteorien tek utgangspunkt i enkeltindivid og ser på korleis koplingar mellom individ kan seia noko om samfunnet på gruppenivå. Omgrepet *nettverkssonar* er knytt til kor mange ledd ein må gjennom for å kopla to individ saman gjennom sosiale kjennskapar. Dersom individ A kjenner individ B direkte, er det snakk om ein nettverkssone av første orden. Om individ A kjenner nokon som kjenner individ B, snakkar me om ein nettverkssone av andre orden osv.


I nettverksbasert sosiolingvistikk er det ofte nettverkssonar av første orden ein er interessert i, altså individ som har direkte kjennskap til kvarandre. Likevel er det ikkje slik at alle band




innanfor første orden er like sterke. Dette kan forklarast ut frå *kompleksiteten* til ei kopling eller eit nettverk. Dersom to individ er kopla saman på meir enn éin måte, til dømes gjennom å vera både sysken, naboar og medlemmar av den same foreininga, seier ein at koplinga er *multipleks*. Eit nettverk er multiplekst om det finst mange multiplekse koplingar i nettverket. Om dei fleste individa i eit nettverk berre er kopla saman med éin relasjon, at dei til dømes berre er naboar eller berre kollegaer, seier ein at nettverket er *uniplekst* (Milroy, 1980, s. 51).

Ein annan måte å karakterisera eit nettverk på, er ut frå *tettleik*. I nettverk med *høg tettleik* finst det sosiale koplingar mellom dei ulike individa som individ A kjenner, medan det i nettverk med *låg tettleik* finst få koplingar mellom kjennskapane til eit individ (Milroy, 1980, s. 50). Tette nettverk har ofte ein viktig normdannande funksjon (s. 52).

Nettverk med minimal tettleik:



Nettverk med stor tettleik:



Figur 3.2: Nettverkstettleik illustrert på bakgrunn av Mæhlum (2008, s. 117)

Nettverkstype har ofte samanheng med geografisk og sosial tilhøyrslse. Tette og multiplekse nettverk har vore vanlege for bygdesamfunn og arbeidarklassen i byane, medan dei høgare sosiale laga i større byar ofte har vore uniplekse nettverk med låg tettleik (Mæhlum, 2008, s. 117). Av desse ytterpunkta må områda i Åkra tradisjonelt reknast meir mot den tette og multiplekse enden av skalaen. Som ein konsekvens av samfunnsutviklinga me såg i kapittel 2, kan det derimot argumenterast for at samfunnet i dag beveger seg meir i retning av eit område prega av uniplekse nettverk med lågare tettleik enn tidlegare.

### 3.5 Oppsummering

Alle omgrepsavklaringane og presentasjonane i dette kapittelet har vore nokså overflatiske og generelle. Målet har ikkje vore å gi ein djuptgåande presentasjon og drøfting av alle omgrepa og studieområda, men å presentera eit rammeverk og eit omgrepsapparat for å kunna presentera og drøfta resultata frå språkstudien og kasta lys over problemstillinga.

## 4 Variablane

I dette kapittelet vil eg presentera dei språklege og sosiale variablane som blir analyserte og drøfta i kapittel 6 og 7.

### 4.1 Dei språklege variablane

I eit område som har gått gjennom store samfunnsmessige endringar det siste hundreåret, og der det er gjort lite forskning på talemålet, vil det finnast mange relevante og interessante variablar å analysera. Det har derfor vore vanskeleg å avgrensa undersøkinga til ei overkommeleg mengd språklege variablar. Eg har til slutt landa på seks ulike variablar: éin fonologisk (V1: segmentasjon), éin morfologisk (V2: delt hokjønnsbøying), éin morfofonologisk (V3: palatalisering av velarar), ein syntaktisk (V4: formelt subjekt) og to leksikalske (V5: *kjem* og V6: *kanskje*).

#### 4.1.1 Variabelutvalet

Det er fleire ulike kriterium som ligg til grunn for valet av nettopp desse variablane. Først og fremst har eg valt variablar der eg forventar å finna variasjon. Det ville vera lite interessant i eit sociolingvistisk perspektiv å slå fast at overgangen frå rulle-*r* til skarre-*r* allereie er gjennomført for alle talarane i området, eller at bøyingsendinga *-adn* har gått over til *-ane* hos alle<sup>15</sup>. Eg har òg valt vekk potensielle variablar der det har vist seg å ikkje vera nokon variasjon å påvisa i materialet. Slike språkdrag ville vera interessante å slå fast at faktisk er stabile, men ettersom målet i denne avhandlinga er å sjå på variasjon, har eg valt å konsentrera meg om variablar der eg forventar større variasjon, både intra- og interindividuell.

Eit anna omsyn eg har teke, er om variablane er relevante for eit større geografisk område, slik at eventuell variasjon kan samanliknast med utviklinga i regionen eller andre stader i landet. Dette gjeld særleg variabel V1: segmentasjon og V3: palatalisering av velarar. Andre variablar har eg valt ut på motsett grunnlag, nemleg at dei er lite dokumenterte. Med dette ynskjer eg å dekkja eit hol i dialektkunnskapen om Haugalandet. Dette gjeld spesielt variablane V2: delt hokjønnsbøying og V4: formelt subjekt. Elles har eg teke omsyn til saliens. For kva språktrekk er språkbrukarane sjølv medvitne om at det finst variasjon? Ved å studera variablar frå fleire ulike grammatiske underdisiplinar ynskjer eg å sjå på både saliente og mindre saliente trekk. Variablane eg har valt å behandla leksikalsk (V5 og V6) vil truleg vera høgt oppe i det språklege medvitte til informantane, noko som òg vil gjelda den

---

<sup>15</sup> Dette er språkdrag som blir skildra i eldre litteratur om Ryfylke, men som ikkje blir nytta av mine informantar.

fonologiske (V1), morfofonologiske (V3) og morfologiske (V2). Minst salient reknar eg variabelen eg har rekna som ein syntaktisk variabel, V4: formelt subjekt. Utveljinga av variablar blir vidare diskutert og problematisert i 5.5.

#### 4.1.2 V1: Segmentasjon av *ll*

Eit vanleg kjenneteikn for det sørvestlandske *a*-målsområdet er at lang /l/, i skrift <ll>, har fått uttalen /dl/ og at lang /n/, <nn>, har fått uttalen /dn/. Det som opphavleg var eitt fonem har blitt til to ulike fonem eller segment, og me snakkar derfor om *segmentasjon*. På grunn av det låge talet på aktuelle ordformer der segmentasjon av *nn* kan oppstå og frekvensen av desse i språket, ventar eg ikkje å finna nok realisasjonar av *nn* til å kunna gjera systematiske analysar. Variabelen er derfor avgrensa til *ll*.

Hovudregelen er at den segmenterte forma *dl* oppstår i ordformer der ein hadde *ll* i norrønt. Det finst likevel fleire unntak og presiseringar. Ifølgje Sandvik (1979, s. 73) finn ein i samansette ord som regel den usegmenterte forma av *ll*. Ein får dermed /fje:dl/ og /stu:dl/, men /fjeltøp/ og /stulbein/. Skjekkeland (2005, s. 84) skriv det same, men spesifiserer dette til å gjelda berre for ord der den segmenterte *l*-lyden kjem til sist i ordstamma og er etterfylgt av ein konsonant. Dette vil ofte gjelda einstavingsord på *-ll*. Ein får dermed /bridlør/ og /bridleglas/, /fjedlar/ og /fjedlarstøva/ osv. Det som i ikkje-segmentert form er einstavingsord med utlyd på /l/, blir i språklege Ryfylke (sjå pkt. 2.5.3) ved segmentasjon tostavingsord med tonelag 1. Dei får dermed ei forlenging av vokalen, der han ikkje allereie er lang (Sandvik, 1979, s. 75). På denne måten skil segmentasjonen i dette området seg frå resten av fylket og dei andre vestnordiske språka islandsk og færøysk. Ein får då former som [¹fje:d] <fjell>, [¹ru:d] <rull> og [¹stu:d] <stol>. I det siste tilfellet ser ein døme på at dette er ein fonologisk regel som følgjer gammalnorske ordformer. Dermed får ein altså [¹stu:d] av den norrøne nominativsforma «stóll», sjølv om ordforma i dag har lang vokal, og dermed kort konsonantlyd. Ein får heller ikkje segmentasjon av lang /l/ i mange nyare lånord. I følgje Sandøy (2015) er det «særleg utover 1900-talet at produkta av segmentasjon og differensiasjon gradvis forsvinn» (s. 209) og regelen ikkje lenger er produktiv for alle nyord. Når ein snakkar om segmentasjon i det sørvestlandske talemålet, vil det samstundes vera naturleg å nemna *differensiasjon*. Differensiasjon vil seia at to allereie ulike konsonantfonem blir endå meir ulike. Dette gjeld konsonantgruppene *rn* > /dn/, *rl* > /dl/ og *fn/vn* > /bn/. Ifølgje Sandvik (1979, s 74–75) er overgangen frå *rl* til /dl/ nokså sjeldan i Rogaland, medan overgangen frå *fn* til /bn/ er vanlegast sør i fylket. Det er derfor overgangen frå *rn* til /dn/ som

ville vera av størst interessere i Åkra. Dette finn ein i former som /gɑdn/ og /kɔdn/<sup>16</sup>. Når eg likevel har valt vekk dette som språkleg variabel, er det på grunn av nokså få belegg i materialet.

V1: Segmentasjon av *ll* har to moglege variantar:

- i) **Tradisjonell:** *dl* /dl/
- ii) **Ny:** *ll* /l:/, /l/

#### 4.1.3 V2: Delt hokjønnsbøying

Delt hokjønnsbøying vil seia at sterke og svake hokjønnsst substantiv får ulik ending i bestemt form eintal. Eit slikt system fanst i det norrøne språket, men er i dag ikkje representert i skriftspråka, der endinga er *-a* for begge klassane i både nynorsk og bokmål. Fram til 2012 var delt bøying med *-i* for sterke og *-a* for svake hokjønn tillate i nynorsk. *Svake hokjønnsord* er dei som endar på trykksvak vokal i ubestemt form eintal. På sørvestlandet er endingsvokalen *-a*, medan han i nynorsk og bokmål er *-e*. Dette gjeld ord som *jente*, *veske*, *dame*, *suppe* og *hole*. Tidlegare har det vore *a*-ending i nynorsk, noko som heldt fram som klammeform fram til 2012. *Sterke hokjønnsord* er dei som endar på konsonant, trykksterk vokal eller diftong i ubestemt form eintal, til dømes *hei*, *bok*, *sol* og *skål*.

Først og fremst er det interessant å sjå på utbreiinga og bruken av denne variabelen på Vest-Karmøy på grunn av manglande dokumentasjon gjennom dialektforskingshistoria. Hans Ross skriv i si utgreiing om «Rygemalet», frå 1909, at endinga i bestemt form eintal av hokjønnsord er *-o* /u/ eller *-å* /ɔ/ for størstedelen av Ryfylke. Han legg til at endingsvokal *-e* (eller *-æ*) er det vanlege «på Øyflokken Sira, utfyre Ryfylke, o finnst paa sume øyar o nes i nordvestre luten av Karmt, 'Karten' ell 'Kartalandet'» (Ross, 1909, s. 105). Vidare skriv han at dei i Torvastad (Nordvest-Karmøy), Skåre (Haugesund) og Sveio har *å*-ending for sterke hokjønn og *o*-ending for svake. Thorson (1930, s. 15–16) oppgir *å*-ending for heile ryfylkemålet, med unntak av Suldal. I ei fotnote til utgreiinga om kvaliteten til *-å* i utlyd nemner han derimot at endinga i bestemt form eintal av hokjønnsord heilt nord på Karmøy er *-e* (Thorson, 1930, s. 9). Hallfrid Christiansen (1946) opererer med ei tredeling av området som utgjer Nord-Rogaland og Sunnhordland, eksemplifisert ved bøyinga av orda *bygd* (sterkt) og *vise* (svakt): *bygdå* og *viso* i Torvastad, Skåre og Sveio, *bygdo* og *viso* i Sunnhordland (ekskludert Sveio) og nordre Ryfylke og *bygdå* og *viså* i størstedelen av Ryfylke. På kartet for dette målmerket er Karmøy markert som *å*-område, likt områda lengre sør (s. 208–209, s.

---

<sup>16</sup> Også her får ein vokalforlenging og tostaving.

216). Sigurd Kolsrud (1951, s. 101) skriv fylgjande om ryfylkemålet: «Hokynsartikelen er *-å*, sameleis i inkjekyn fleirtal. Den gamle sterke ending med *-e* er enno i bruk på Utsira og nord-Karmøy [...]» Dette er dei same områda der Ross (1919) har registrert *e*-ending og Christiansen (1946) *o*-ending for dei sterke hokjønnsorda.

Det er altså fleire som har observert at det finst delt hokjønnsbøying på Haugalandet, men dette har berre vore dokumentert på Nord-Karmøy og på øyane utanfor Karmøy og Haugesund. Det aktuelle området er lite og har ikkje fått ein eigen isogloss på dialektkarta til verken Christiansen (1946), Sandøy (1996), Papazian og Helleland (2005), Skjekkeland (2005) eller Mæhlum og Røynealand (2012). For å finna eit dialektkart som har med delt hokjønnsbøying på Karmøy, må me til Helge Sandøy (2015). Når det gjeld Sandøy, vil eg først visa til målføreindelninga presentert i 2.5.1. Ut frå dei fire utvalskriteria til Sandøy, fell Karmøy innanfor kategori «E. A-mål utan delt femininum» (Sandøy, 1985, s. 116). Dette er ei problematisk inndeling, då større delar av Karmøy skil seg frå resten av regionen ved nettopp å ha delt hokjønnsbøying, slik følgjande teori og datamaterialet vil visa. I 2015 skreiv Sandøy derimot:

På Vest-Karmøya er endingane *-e* og *-å/-o* enno i bruk i sørvestre delen av Karmøya (frå Sandve i sør til Veavågen i nord) og i Torvastad nord på Karmøya, dessutan på Utsira, Røvær og i Skåre i Haugesund kommune, der det derfor heiter *sole*, men *viso* eller *viså*. (Sandøy, 2015, s. 212)

Her har store delar av Sørvest-Karmøy kome med, i tillegg til dei tidlegare nemnde områda lengre nord. Heimfesting av delt hokjønnsbøying til Vest-Karmøy, meir spesifikt frå Vedavågen i nord til og med Sandve i sør, baserer Sandøy på professor Inge Særheim sitt arbeid med stadnamngransking i Rogaland. Særheim var leiar for «Stadnamnprosjektet i Rogaland» og presenterer i ein artikkel i årboka for Karmsund folkemuseum (1998) ei utviding av området for delt hokjønnsbøying på Karmøy. Analysen er basert på nær 5000 innsamla stadnamn frå Karmøy kommune. Kvar ord er skrive ned lydært og teke opp på bandopptakar. Særheim kjenner til litteraturen med heimfesting av delt hokjønnsbøying nord på Karmøy og på øyane utanfor, og fokuserer derfor hovudsakleg på den søre halvdel av øya. Han opplyser om at systemet med *e*-ending for sterke hokjønnsord er så og seia gjennomført i Veabygda i gamle Åkra kommune og på Sevland, sør for Vedavågen. I Åkrehamn finst det òg mange døme på denne endinga, men her ser ein ut til i litt større grad å ha gått over til fellesbøyinga med *-å* for både sterke og svake hokjønnsord. I områda sør for Åkra er det nokså stor variasjon frå gard til gard. Nokre stader er den delte bøyinga gjennomført, medan det andre stader er nesten gjennomført felles bøying. Dei sørlegaste

belegga på *-e* for sterke hokjønn finn Særheim på Sandve i sør-vest. Området han skisserer samsvarer med grensene til dei gamle soknegrensene for Åkra og Ferkingstad. Det er derimot berre halve dette området som fell saman med det aktuelle språkområdet i denne avhandlinga.

Særheim kjem med fleire interessante observasjonar og tankar som er relevante for undersøkinga av denne variabelen. Mellom anna peiker han på at *e*-endinga i fleire tilfelle ser ut til å ha smitta over på dei svake hokjønnsorda. Dette gjeld spesielt i områda med størst variasjon mellom delt og felles bøyning og gjeld særleg enkelte etterledd, som til dømes *-brekke*, og *-kjelle* (Særheim, 1998, s. 193). Dette attribuerer Særheim til at systemet er i endring, og at eit steg i omleggingsfasen er uvisse rundt når dei ulike endingane skal nyttast. Han legg òg fram ein teori om at *e*-endinga for dei svake hokjønnsorda kan ha opphav i *u*-endinga i oblik form i norrønt, men konkluderer med at dette ikkje er ei sannsynleg forklaring for ei så stor gruppe ord. At det til tider blir brukt *e*-ending for svake hokjønn stemmer òg med mine egne erfaringar både frå datamaterialet og elles i lokalsamfunnet. I tillegg til analysen av dei sterke hokjønnsorda har eg derfor merka dei same to variantane av svake og sterke hokjønns substantiv i bestemt form eintal i materialet, *-e* og *-å*.

Ved å sjå om dei eldre og dei yngre informantane skil mellom bøyingsendinga til dei sterke og dei svake hokjønnsorda ynskjer eg både å stadfesta at dette trekket har vore eller er produktivt i talemålet på Vest-Karmøy i nyare tid, ikkje berre bevart i stadnamn, så vel som å sjå på variasjon og eventuell endring i hokjønnsbøyninga.

Variabel V2 har to variantar:

- i) **Tradisjonell:** Endinga *-e* [ə] for sterke hokjønns substantiv i bestemt form eintal
- ii) **Ny:** Endinga *-å* [ɔ] for sterke hokjønns substantiv i bestemt form eintal

#### 4.1.4 V3: Palatalisering av velarar

*Palatalisering* er namnet på ein prosess der artikulasjonsstaden til eit fonem flyttar seg til den harde ganen, palatum. Etterfylgde av dei fremre vokalane /i/ og /e/ vil dei velare plosivane /k/ og /g/ og den velare nasalen /ŋ/, få ein uttalestad lenger framme i munnhola, altså ved palatum. Realisasjonen blir då palatal frikativ [j], palatal nasal [ɲ] eller affrikatane [tʃ] og [dʒ]<sup>17</sup>. Eg reknar i tillegg med til same prosessen overgangen frå /sk/ til postalveolar frikativ

---

<sup>17</sup> Mange stader i landet har desse affrikatane gått gjennom ein frikativiseringsprosess, men dette reknar eg ikkje som relevant for Åkra. Affrikaten som blir nytta på Haugalandet har ein litt annan kvalitet enn affrikaten som blir nytta andre stader i landet og blir gjennomgåande transkribert som /tʃ/ (jf. professor emeritus Helge Sandøy, munnleg korrespondanse).

/ʃ/<sup>18</sup>. Palatalisering av /g/ og /k/ i *framlyd* er ei allmenn utvikling i det norske språket og er dermed ikkje spesiell for nettopp dette geografiske området. Her finn ein heller ingen variasjon. Det eg ynskjer å sjå på er palatalisering av velarar i *innlyd*, altså inne i eit ord.

Likt segmentasjon av *ll* er palatalisering av velarar i innlyd ein overgang som har funne stad på eit tidlegare stadium, og det er ikkje lenger ein produktiv fonologisk regel. Det finst altså i dag både døme på palatalisering føre bakre vokalar og velar uttale av konsonantar føre /e/ og /i/. I kva for tilfelle palataliseringa oppstår kan dermed ikkje seiast å berre vera avhengig av dei lydlege omgivnadane, men er òg underlagt morfologisk avgrensing og gjeld berre føre enkelte bøyingsendingar. Eg vil derfor behandla palatalisering av velarar som ein *morfofonologisk* variabel. Dei grammatikalske kategoriane som tradisjonelt har hatt palatalisering av velarar i dette området er mange. I kategoriane eg har sett opp, har eg lagt vekt på samanlikningsgrunnlag med annan litteratur. Eg har derfor basert meg på dei sju kategoriane Skjekkeland (1980, s. 115) nyttar i sin rapport om bømålet og kategoriar som ofte blir nytta i Sandøy sine dialektskisser (sjå t.d. Sandøy, 1985). I tillegg har eg lagt til andre kategoriar der dette har vore nødvendig. Kategoriane palataliseringa gjeld for blir då svake hankjønn, hokjønn og injekjønn, bestemt form eintal av sterke hankjønn og hokjønn, fleirtal av hankjønn *er*-klasse, sterke hankjønn ubestemt form eintal, bestemt form eintal og fleirtal av sterke inkjekjønn, verb i infinitiv og presens, partisipp av sterke verb, adjektiv på *-nge* med tonelag 2, forledd med vokalfuge og determinativ. Sjå Vedlegg 6 for fullstendig oversikt med døme.

Ei kategorisering som denne ekskluderer adverbet *ikkje* og adjektivet *mykje*. Høgfrekvente *ikkje* blir rekna som ei leksikalisert form, som er uavhengig av palataliseringsvariabelen. Det same gjeld *mykje*, som blir rekna som leksikalisert i den forstand at alternativet *ikkje* er ein velar uttale, *\*myke*, men at velaren (ev. palatalen) fell bort, og ein får uttalen *mye*.

Variantane av variabel V3: palatalisering av velarar er:

- i) **Tradisjonell:** Palatalisering av velar i innlyd
- ii) **Ny:** Ikkje palatalisering av velar i innlyd

#### 4.1.5 V4: Formelt subjekt

Variabel V4 ser på om informantane nyttar *der* eller *det* som formelt subjekt i presenteringssetningar. I norsk er det eit krav at alle fullstendige setningar må ha subjekt og finitt verbal

---

<sup>18</sup> Når det gjeld /ʃ/ går eg ut frå at det først har skjedd ei palatalisering av /k/ til /j/, deretter assimilasjon frå /sj/ til /ʃ/, slik som er vanleg for dette konsonantsambandet i området.

(unntatt imperativsetningar). Dersom frasen som står på subjektplassen i ei setning ikkje har nokon semantisk funksjon eller referanse, kallar ein det eit *formelt subjekt*. Dette oppstår når eigenskapane til verbet ikkje tildeler subjektet nokon agensfunksjon, eller når det er uklart eller uviktig kven som står for verbalhandlinga, og blir ofte nytta for at presenteringa av ny informasjon skal koma på objektplassen, slik som er vanleg i norsk. I skriftspråka er det vanlegvis pronomenet *det* som har denne funksjonen. Det finst likevel døme på at andre ord og frasar kan fungera som formelt subjekt i ei setning, vanlegvis *her* og *der*. Eg har valt å rekna dette som ein syntaktisk variabel, ettersom subjektet i setninga endrar ordklasse. Variasjonen, slik han blir avgrensa og undersøkt her, er hovudsakleg mellom to ordformer. Det kan derfor argumenterast for ei leksikalsk behandling. Hovudgrunnen til at eg likevel vil halda fram det syntaktiske aspektet, er at *her* òg kan førekoma som formelt subjekt. I materialet er enkelte førekomstar merka som «utydelege» og er utelatne frå materialet. Det formelle subjektet er alltid trykklett, og det kan dermed vera vanskeleg å høyra forskjell på *her* og *der*. Det er derfor hovudsakleg forskjellen mellom *det* og *her/der* eg har fokusert på, og det syntaktiske blir dermed viktigare enn det leksikalske.

Setningar som inneheld formelt subjekt kan delast inn i ulike kategoriar etter dei syntaktiske og dels semantiske eigenskapane til setninga. Lie (2003, s. 62–69) listar eksempelvis fire setningstypar med formelt subjekt. Type A inneheld meteorologiske verb, verb som uttrykker sanseintrykk og verb i passiv. Type B kallar han presenteringssetningar. Desse definerer han som setningar med formelt subjekt, potensielt eller eigentleg subjekt og oftast eit stadadverbial. I type C er det potensielle subjektet ein infinitivkonstruksjon eller ei leddsetning og verbet er oftast kopulativt. Den siste kategorien, type D, kallar Lie utbryting. Dette er setningar der eit ledd frå ei setning blir gjort om til ei leddsetning i ei ny setning med formelt subjekt og eit kopulativt verbal. Ifølgje Lie gjeld bruken av *der* som potensielt subjekt hovudsakleg for setningar av type B, men førekjem òg i setningar av type A.

Denne inndelinga liknar i stor grad den som blir nytta i *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund m.fl., 1997, s. 678–683). Bruken av *der* blir i referansegrammatikken knytt til presenteringssetningar og såkalla upersonleg passiv, og han blir heimfest til «Telemark, Agder, det sørlege Vestlandet, Namdalen og Nord-Noreg» (s. 681). Eg har valt å avgrensa omfanget av variabel V4 til dei såkalla presenteringssetningane, den vanlegaste konstruksjonen der *der* blir nytta som formelt subjekt.

Variabel V4: formelt subjekt har to variantar:



- i) **Tradisjonell:** *Der* som formelt subjekt i presenteringssetningar
- ii) **Ny:** *Det* som formelt subjekt i presenteringssetningar

#### 4.1.6 V5: *Kjem*

Variabel V5 viser til overgangen frå den sterke bøyingsforma *kjeme* til den svake bøyingsforma *komme* av verbet *å koma* i presens. Eg har valt å behandla dette som ein leksikalsk variabel, trass i at det dreier seg om endringar i det morfologiske systemet. Ved å skilja *kjem* ut som leksikalsk variabel ynskjer eg å sjå på denne høgfrequente forma i isolasjon. Dette vil seinare kunna gå inn i ein større analyse av alle dei sterke verba som tradisjonelt har i-omlyd og som skiftar rotvokal i dei ulike bøyingsformene.

I språklege Ryfylke (sjå pkt. 2.5.3) har den tradisjonelle presensforma av *å koma* vore *kjeme* (Sandvik, 1979, s. 129). Sandvik har ikkje teke med dette verbet på lista over verb som ikkje lenger får skifte i rotvokalen i Ryfylke, noko som kan tyda på at dette er ein nokså ung overgang. Han nemner derimot at presensformer utan i-omlyd generelt spreier seg på landsbasis, spesielt i byar og tettstader.

Oppsummert vil eg behandla dette som ein leksikalsk variabel med to variantar:

- i) **Tradisjonell:** *kjeme*
- ii) **Ny:** *komme*

#### 4.1.7 V6: *Kanskje*

Variasjonen mellom *kanskje* og *gjerne* /jedna/ er den einaste variabelen som blir analysert og drøfta reint leksikalsk i denne undersøkinga. I dette legg eg at det er snakk om eit byte frå eitt leksem til eit anna, uavhengig av morfologi. Dette omfattar ikkje ordklasseovergang, som for V4, og viser ikkje tendensar til morfologisk forenkling, slik V5 kan seiast å gjera.

*Gjerne* og *kanskje* er adverb som viser til moglegheita for at noko kan skje. Eg reknar her ikkje med annan bruk av *gjerne*, som for å uttrykka glede, villigheit, ynskje, vane osv.

(Nynorskordboka, 2018). Dei to variantane blir då:

- i) **Tradisjonell:** *gjerne* /jedna/
- ii) **Ny:** *kanskje* /kanʃe/

## 4.2 Dei sosiale variablane

Utveljinga av dei sosiale variablane har mykje til felles med utveljinga av dei språklege variablane. Det finst mange aktuelle variablar å sjå på, og utveljinga har dermed i hovudsak

blitt styrt av samanlikningsgrunnlag med andre undersøkingar, forventna variasjon og mogleg gjennomføring. For dei sosiale variablane finst det derimot sterkare konvensjonar og færre aktuelle variablar enn for dei språklege. Dei sosiale variablane skil seg òg frå dei språklege ved at kvar informant berre kan oppfylle éin realisasjon av kvar variabel. Det finst derfor ikkje intraindividuell variasjon, berre variasjon mellom individ. I statistiske termar er dei sosiale variablane uavhengige variablar som dei språklege variablane er avhengige av.

#### **4.2.1 Alder**

Den sosiale variabelen *alder* viser ikkje så mykje til faktisk alder, som til generasjon. Det er først og fremst eventuelle skilnader mellom den eldre informantgruppa (f. 1941–1955) og den yngre informantgruppa (f. 2003) som blir analyserte. Ettersom dette er ei undersøking i tilsynelatande tid, med berre eitt sett med opptak og to generasjonar, kan ein vanskeleg slå fast om variasjon mellom aldersgruppene skal attribuerast til alderen til informantane (livsfase) eller til fødselsår, altså tida dei vaks opp. Dette blir vidare problematisert i kapittel 5.3.1. Å påvisa eller avvisa variasjon mellom aldersgruppene vil uansett vera av interesse frå eit variasjonsperspektiv, uavhengig av problematikken kring alder og generasjon.

#### **4.2.2 Kjønn**

Kjønn er eit av utvalskriteria for alle informantane. Informantutvalet består av fem kvinner og fem menn i kvar aldersklasse, til saman 10 informantar av kvart kjønn. Frå kjønnsteoriane til Labov skulle ein venta at det finst skilnader som peiker i éi bestemt retning, og at det er kvinnene som nyttar flest nye former. Labov koplar derimot kjønn tett opp til klasseomgrepet, noko eg vurderer som lite relevant i det aktuelle området og utvalet. I liknande undersøkingar som denne andre stader på Sørvestlandet har det ikkje vore vanleg å finna store kjønns-skilnader, og det er funne variasjon i begge retningar.<sup>19</sup> Denne variabelen er derfor valt ut mest for jamføring med andre undersøkingar, ikkje på grunn av forventning om stor variasjon.

#### **4.2.3 Foreldre sin oppvekststad**

Foreldre sin oppvekststad har ikkje blitt lagt til grunn for utvalet av verken dei eldre eller dei yngre informantane, men er registrert for alle. Det blir for kvar informant registrert kor mange (0–2) av foreldra som er frå Åkra. I tillegg har eg registrert om foreldre frå andre stader er frå

---

<sup>19</sup> Skjekkeland (2009, s. 157) rapporterer om låge kjønnskilnader bland ungdom i Kvinesdal i Vest-Agder. Dei to geografisk nærmaste områda som har blitt undersøkte i *Dialektendringsprosessar* (sjå t.d. pkt. 3.1.4) viser òg små skilnader mellom kjønna. Tjelmeland (2016, s. 113) såg ein litt større bruk av nye variantar blant kvinner enn menn i Åkrafjorden, for dei fleste språklege variablane og årsklassane. Doublet (2015, s. 136) fann ein overvekt av nye former blant dei yngre gutane i Stavanger, men fann òg døme på at jentene brukte fleire nye former.

Karmøy kommune, Rogaland fylke, Vestlandet eller andre landsdelar. Dette blir derimot ikkje drøfta i denne avhandlinga. Eventuelle steforeldre og liknande er ikkje rekna med.

#### **4.2.4 Yrkeskontaktflate**

Yrkeskontaktflate har ikkje vore utvalskriterium for noka informantgruppe. Eg har registrert om informantane har/har hatt<sup>20</sup> yrkeskontaktflata si primært innanfor eller utanfor Åkra. Det er berre registreringar for jobb og skule som ligg til grunn, ikkje familie, fritidsaktivitetar og liknande. Denne variabelen er dermed berre relevant for dei eldre informantane. Dei yngre informantane er alle elevar ved ungdomsskulen innanfor området og har dermed yrkeskontaktflata si innanfor Åkra. Informasjonen om yrkeskontaktflata er basert på sjølvrapportering og omfattar berre kontaktflata på den arbeidsplassen dei har oppgitt som hovudarbeidsplass gjennom livet. Eg forventar dermed mindre utslag for denne variabelen enn om eg hadde gjort eit større nettverksstudium for alle informantane.

#### **4.2.5 Hovudmål i skulen**

Opplæringsmål i skulen har blitt registrert for alle informantane, men har berre vore utvalskriterium for dei yngre informantane. Etersom 8 av 9<sup>21</sup> eldre informantar som har oppgitt nynorsk eller bokmål som hovudmål, har oppgitt nynorsk som sitt opplæringsmål, gjeld denne variabelen berre for den yngre informantgruppa. Trass i at dette har vore eit av utvalskriteria for ungdomsinformantane, er det ikkje jamn fordeling av dei to målformene i aldersgruppa. Dette har samanheng med fordelinga av hovudmåla på skulen, der det er stor overvekt av nynorsk. Av dei 10 ungdomsinformantane har to jenter og to gutar bokmål som sitt hovudmål, medan dei resterande seks har nynorsk.

### **4.3 Hypotesar**

Med utgangspunkt i presentasjonen av populasjons- og samfunnsutviklinga i kapittel 2, utgreiinga om relevante sosiolingvistiske omgrep og teoretisk bakgrunnskunnskap i kapittel 3 og presentasjonen av dei språklege og dei sosiale variablane i dette kapittelet, vil eg formulera nokre forventingar til resultatane av den språklege analysen. Eg har valt å setja fram seks hypotesar om variasjonsmønster til dei språklege variablane, med utgangspunkt i dei sosiale variablane. Det primære målet med denne avhandlinga er ikkje nødvendigvis å stadfesta eller falsifisera hypotesane, men hypotesane er meinte som eit verktøy for å kasta lys over del A av problemstillinga som blei presentert i kapittel 1. Hypotese II–IV har i tillegg ein meir

---

<sup>20</sup> Dei fleste eldre informantane er pensjonerte.

<sup>21</sup> Éin eldre informant meinte at vedkomande ikkje hadde hatt verken nynorsk eller bokmål som opplæringsmål. Av dei resterande 9 informantane har éin hatt bokmål som hovudmål i skulen.

matematisk funksjon, i det at dei ligg til grunn for valet om ein-sided signifikanstesting (sjå pkt. 6.1.1) for fleire av samanlikningstala.

#### **4.3.1 Dei språklege variablane**

Alle dei språklege variablane er valde ut på bakgrunn av forventning om variasjon (sjå delkap. 5.5). Eg skil ikkje mellom dei ulike språklege variablane når det gjeld forventinga om variasjon, og har samla alt i éin hypotese:

Hypotese I: *Det finst variasjon i språkbruken til informantutvalet for alle dei språklege variablane (VI–V6).*

Denne hypotesen er overordna i forhold til dei andre, og hypotese II–VI tek alle utgangspunkt i at hypotese I er oppfylt. Hypotese II–VI tek føre seg dei sosiale kategoriane og gjeld for alle dei språklege variablane. Det er stort sett retninga av variasjonen, altså kva for gruppe som nyttar flest nye språkformer, som blir hypotetisert.

#### **4.3.2 Alder**

Forventingane til alder er todelte og gjeld både omfang og retning.

Hypotese IIa: *Dei yngre informantane bruker fleire nye språkformer enn dei eldre.*

Hypotese IIb: *Skilnaden mellom aldersgruppene er større enn skilnaden mellom dei andre sosiale kategoriane.*

#### **4.3.3 Kjønn**

Når det gjeld kjønn, har eg ikkje forventingar til at den eine eller den andre gruppa nyttar fleire av dei nyare formene.

Hypotese III: *Skilnadene mellom kvinner og menn er små og peikar ikkje nødvendigvis i same retning for alle dei språklege variablane.*

#### **4.3.4 Foreldre sin oppvekststad**

Hypotese IV: *Informantane med éin lokalt oppvaksen forelder nyttar fleire av dei nye formene enn informantane med to lokale foreldre.*

#### **4.3.5 Yrkeskontaktflate**

Som forklart under punkt 4.2.5, forventar eg ikkje veldig stort utslag for denne sosiale variabelen på grunn av måten han er avgrensa på og korleis informasjonen har blitt samla inn.

Hypotese V: *Informantane med yrkeskontaktflate utanfor Åkra bruker fleire nye former enn informantane med yrkeskontaktflate innanfor Åkra.*

#### **4.3.6 Hovudmål i skulen**

Denne kategorien er ikkje særleg godt representert i den teoretiske utgreiinga, og eg vil dermed uttrykka større uvisse rundt om det finst systematisk variasjon. I den grad det finst variasjon har eg derimot ei forventning til retninga.

*Hypotese VI: Informantane med bokmål som hovudmål i skulen nyttar fleire nye former enn informantane med nynorsk som hovudmål.*

#### **4.4 Oppsummering**

I kapittel 4 er det dei språklege og sosiale variablane som har stått i fokus. Eg har gitt ein kort teoretisk og dels historisk gjennomgang av alle dei språklege variablane, og for både dei språklege og dei sosiale variablane har eg avgrensa verkeområdet og korleis variablane blir behandla i analysen og drøftinga av denne. Til slutt har eg sett fram seks hypotesar som seier noko om korleis eg forventar at variasjonsmønster for variablane vil sjå ut.

## 5 Metode

I dette kapitlet vil eg presentera det metodiske utgangspunktet for innsamlinga og behandlinga av datamaterialet og for analysen og drøftinga av dette, slik det vil bli presentert i kapittel 6 og 7. I tillegg vil eg kommentera nokre av utfordringane ved gjennomføringa av prosjektet og korleis eg prøver å løysa desse.

### 5.1 Forskingsdesign

Valet av forskingsdesign er tett knytt til føremålet med ei undersøking. Som det går fram av problemstillinga og forskingsspørsmåla presenterte i kapittel 1, er målet med denne undersøkinga å *dokumentera* eller *måla* språkbruk for å kunna *samanlikna* resultata med andre sosiolingvistiske studiar, sjå på *tendensar* for variasjon og eventuell endring og sjå om det er mogleg å *generalisera* desse tendensane til å seia noko om heile språksamfunnet. Eit anna mål er å sjå på korleis språkbruk *korrelerer* med sosiale bakgrunnsvariablar. Eg har derfor valt ei hovudsakleg kvantitativ tilnærming. På denne måten går undersøkinga inn i tradisjonen av kvantitativ varisjonslingvistikk introdusert av Labov i 1960-åra. Det finst likevel innslag av meir kvalitative tilnærmingar både i gjennomføringa og analysen.

Det er fleire grunnar til at eg har valt ei hovudsakleg kvantitativ tilnærming til innsamlinga og analysen av datamaterialet. Slik skriv eg meg inn i ein brei og veletablert tradisjon. Ved å nytta metodar og tilnærmingar som er brukte i fleire andre undersøkingar ynskjer eg å leggja til rette for jamføring og samanlikning med resultat frå andre studiar. I tillegg kan velbrukte metodar seiast å auka reliabiliteten, i den forstand at dei har blitt brukte og vurderte av mange. Utover dette ligg valet av ei kvantitativ tilnærming, som nemnt innleiingsvis, i føremålet til avhandlinga. Det er først og fremst *åkradialekten* (makronivå) som er studieobjektet. Dette er ei kompleks eining, beståande av mange underkategoriar (mesonivå) og enkeltindivid (mikronivå). Kompleksiteten til språksamfunnet blir òg av Labov (1982, s. 15) oppgitt som ei av grunngevingane for den kvantitative tilnærminga til talemålet i New York. Det er først og fremst korleis talemålet på *samfunnsnivå* varierer eller endrar seg eg ynskjer å studera i denne undersøkinga. Det empiriske grunnlaget er derimot talen til informantar på individnivå, som blir analysert på gruppenivå. Ettersom det innsamla datamaterialet, og dermed utgangspunktet for analysane på meso- og makronivå, er talen til informantar på mikronivå, blir resultatet eit stort og samansett system som tek omsyn til fleire komponentar samstundes. For å systematisera og analysera eit så stort og komplekst datamateriale, ser eg det som føremåls-

tenleg å nytta ei framstilling der store informasjonsmengder kan systematiserast og forenklast til ei informasjonsmengd som er lettare å lesa og forstå.

Analysar og tendensar på makronivå, altså i språksamfunnet, må byggja på tilstrekkeleg empiri på mikro- og mesonivå, altså på individ- og gruppenivå, dersom ein skal kunna trekka generelle konklusjonar for språksamfunnet utover dei 20 informantane. I tillegg må det stillast krav til utveljinga av informantane, og det må vurderast om dette kan reknast som representativt for heile populasjonen. Om resultatane i denne undersøkinga oppfyller slike krav, og dermed kan generaliserast til ei større samfunnsgruppe, vil eg drøfta under punkt 7.6.2.

Eit siste argument for ein kvantitativ presentasjon av materialet, er at dette gir moglegheit for å presentera større delar av datagrunnlaget i avhandlinga, utan at dette utleverer informantane eller overgår grensene for omfanget av teksten. Det vil alltid ligga eit aspekt av tolking ved utveljinga av variablane, transkriberinga og merkinga av dei ulike variantane, som vil ligga på forskaren som utfører desse handlingane. Utover dette vil eg derimot argumentera for at tolkingsansvaret i ein statistisk presentasjon er delt med lesaren, i den forstand at lesaren sjølv kan gå inn i materialet og gjera eigne analysar. Dette kan bidra til å auka validiteten til resultatane.

Trass i at eg tek utgangspunkt i metodar for kvantitativ variasjonslingvistikk både i innsamlinga, registreringa og organiseringa av datamaterialet, vil avhandlinga likevel ha fleire innslag av meir kvalitative tilnærmingar. I innsamlinga og registreringa av materialet gjeld dette hovudsakleg for utveljinga av dei språklege og sosiale variablane og for eventuell bruk av innhaldet i intervjuet, altså det informantane seier, ikkje berre korleis dei seier det. I framstillinga av datamaterialet vil ei kvalitativ tilnærming først og fremst vera aktuell der det er vanskeleg å trekka sikre konklusjonar basert på det statistiske grunnlaget, grunna få belegg på kvar variant, eller der eg på andre måtar opplever at ei statistisk framstilling ikkje er tilstrekkeleg. Alle dei språklege variablane blir derimot drøfta både kvantitativt og kvalitativt.

## **5.2 Behandling av datamaterialet**

Eit av dei store metodiske spørsmåla i planlegginga og gjennomføringa av dette prosjektet har vore korleis datamaterialet skulle arbeidast med etter innsamling. Dette har vore avgjerande for spørsmål som storleiken på informantutvalet, opptakstid og liknande. Det endelege valet fall på fullstendig transkripsjon og innlemming av materialet i korpustenesta Talebanken, og dermed tett tilknytning til prosjektet *Dialektendringsprosessar* (sjå pkt. 3.1.4). Plasseringa av denne avhandlinga i forhold til *Dialektendringsprosessar* og konsekvensane av bruken av

korpuset Talebanken kjem eg tilbake til i 5.2.2, men først vil eg forklara korleis eg har gått fram for å jobba med lydopptaka etter innsamling.

### 5.2.1 Framgangsmåte

I samråd med fagmiljøet ved UiB bestemte eg at datamaterialet mitt skulle transkriberast og leggest inn i Talebanken, ei talemålskorpusteneste utarbeidd av Paul Meurer i samband med *Dialektendringsprosessar* i 2008 (Sandøy, 2014). Etter at eg hadde gjennomført intervju, transkriberte eg alle lydopptaka til normert nynorsk i programmet Praat, i samsvar med retningslinjene til Talebanken og *Dialektendringsprosessar*. Alle transkripsjonane blei deretter korrekturlesne av ein tilsett på instituttet, før dei korrekturlesne transkripsjonane, lydfilene og metadataa for alle informantane blei lagde inn i Talebanken. Talebanken er eit nettbasert talemålskorpus, der ein kan gjera søk i transkripsjonar av lydfile frå ulike sosiolingvistiske intervju og samstundes kan lytta til utdrag frå opptaka der ordet eller frasen ein undersøker opptrer. I Talebanken har ein høve til å gjera søk baserte på ord eller ordelement, metadata, informantkodar, grammatikalske kategoriar<sup>22</sup> og liknande, og ein kan avgrensa databasen ein søker i ut frå ulike geografiske område eller sosiale kategoriar som er konstruerte ut frå bakgrunnsinformasjonen om informantane. Det er òg mogleg å merka variantar av språklege variablar (annotera) og gjera analysar og produsera statistikkar over desse. Dette har eg gjort for alle variablane, slik dei blir presenterte i kapittel 6. Ein del av arbeidet med statistikkane og resultatane har òg gått føre seg i reknearket Excel.

Valet om å leggja materialet inn i Talebanken har fått fleire metodiske konsekvensar. For å få registrert rett metadata i Talebanken nytta eg spørjeskjema for ungdomar og vaksne informantar utarbeidd for Talebanken (Vedlegg 8 og 9). For å unngå endå fleire spørsmål for informantane å svara på, og for å kunna gjera alle analysar på same måte, altså i Talebanken, var det derfor naturleg å velja sosiale variablar som samsvarte med dei som ligg inne i Talebanken. Etter enkelte enkle tilpassingar<sup>23</sup> har det derimot ikkje vore noko problem å innarbeida dei planlagde bakgrunnsvariablane i systema til Talebanken. Lengda på intervju og alderen til informantane er òg stort sett i tråd med retningslinjene til *Dialektendringsprosessar*, slik at alt materialet som i Talebanken ligg i delkorpuset «Dialektendring» skal vera mest mogleg samanliknbart.

---

<sup>22</sup> Systemet gjer automatiske syntaktiske analysar og plasserer alle ord i ordklassar.

<sup>23</sup> I Talebanken blir yrkeskontaktflate og oppvekststad for foreldre registrert på kommunenivå, men i mitt materiale blir desse definert ut frå den tidlegare kommunen Åkra.



### **5.2.2 Dialektendringsprosessar**

I kapittel 1 nemnte eg at det metodiske utgangspunktet for avhandlinga er nært knytt til prosjektet *Dialektendringsprosessar*, heretter forkorta DEP, (sjå pkt. 3.1.4 for skildring av prosjektet), men at ho likevel skil seg frå avhandlingane i dette prosjektet på enkelte område. I praksis vil dette seia at dei metodiske retningslinjene for DEP (Anderson, 2013) ikkje er lagt til grunn for utforminga og gjennomføringa av denne studien. Likevel har det vore eit gjennomgåande prinsipp at arbeidet som blir gjort skal kunna inngå i dialektkorpuset Talebanken, saman med materialet frå avhandlingane i DEP, og at det skal kunna jamførast med dei andre avhandlingane. Føremålet med dette kan summerast opp i tre hovudpunkt. For det første gir felles metodisk utgangspunkt med andre studiar på Vestlandet godt utgangspunkt for jamføring med variasjonen i talemålet andre stader i regionen. På denne måten kan eg nytta andre undersøkingar av dei same språklege og sosiale variablane til å sjå om språkbruken i Åkra liknar eller skil seg frå andre geografiske område. Studiar i verkeleg tid av dei same språklege variablane som eg undersøker i tilsynelatande tid kan i tillegg vera med å validera tolkinga av den synkrone variasjonen i eit diakront perspektiv, som uttrykk for språkending. Det andre hovudmålet med å tilpassa materialet til metodikken i DEP, er at opptaka og transkripsjonane då kan lagrast permanent i Talebanken og seinare brukast i andre analysar og studiar. På denne måten aukar verdien til datamaterialet og når utover denne enkeltstudien (sjå delkap. 8.2). I korpuset finst det allereie materiale frå Sør-Rogaland, Sunnhordland, Hardanger, Bergen, Nordhordland og område lengre nord på Vestlandet. Gjennom Åkra-materialet ynskjer eg dermed å fylla eit geografisk hol, ved å inkludera lydopptak frå Nord-Rogaland. Ein siste fordel med prinsippet om jamføring med retningslinjene til DEP er den faglege tyngda dette gir arbeidet med avhandlinga. Som eg viste i 3.1.4, spring DEP ut frå ein lang og brei fagtradisjon. På denne måten vil samarbeidet med dette prosjektet kunna gi verdifull fagkunnskap og eit godt teoretisk og metodisk grunnlag for avhandlinga, som eg elles ikkje ville hatt tilgang til. Dette gir god moglegheit til å dra nytte av andre sine erfaringar med liknande forskingsarbeid.

### **5.2.3 Grunngeving av framgangsmåte**

Arbeidet med transkriberinga og klargjeringa av materialet for at det skulle kunna leggest inn Talebanken, har vore svært tidkrevjande. Valet av denne framgangsmåten har dermed lege heilt sentralt for utforminga av prosjektet. Når eg likevel har valt denne framgangsmåten, er det hovudsakleg av grunnane presenterte ovanfor, i 5.2.2. Eit anna viktig argument for å leggja materialet inn i Talebanken har vore å sikra at alle resultata kan etterprøvast. Dette er eit

viktig forskningsetisk prinsipp, som ikkje alltid har stått like sterkt innanfor talemålsforskinga, verken nasjonalt eller internasjonalt. Ved å gjera materialet tilgjengeleg for alle forskarar som har fått innvilga tilgang til Talebanken vil ein kunna gå tilbake til originalmaterialet å kvalitetssikra sjølve registreringa av datamaterialet, så vel som utrekningar, framstillingar av resultat og drøftingar. På denne måten kan andre med tilgang til materialet gjera eigne analysar for å validera eller trekka i tvil resultatata.

### **5.3 Tilsynelatande tid**

Ei viktig metodisk avgjersle ved ei undersøking av talespråkleg aldersvariasjon er om ein skal samanlikna eldre opptaksmateriale med nye opptak for å studera språkending i verkeleg tid, eller om ein skal samanlikna talemålet til to eller fleire generasjonar på same opptakstidspunkt, altså ei undersøking i tilsynelatande tid (sjå pkt. 3.3.6). I denne avhandlinga er dette valet teke først fremst ut av praktiske omsyn. Før prosjektstart var eg i kontakt med dei ulike historielaga på Karmøy, mållag, bibliotek, lokale museum og Karmøy kommune, utan hell i å finna aktuelle lydopptak. Utan eldre lydopptak av stort nok omfang frå det aktuelle området har ei longitudinell undersøking i verkeleg tid ikkje vore eit alternativ. Denne avhandlinga tek derfor utgangspunkt i ei undersøking i tilsynelatande tid.

#### **5.3.1 Språkending eller livsfasevariasjon?**

Ein fordel med undersøkingar i tilsynelatande tid er at alt datamaterialet er samla inn på same tid, på same grunnlag, av same intervjuar, med same utstyr og under dei same samfunnsmessige forholda. På denne måten unngår ein fleire feilkjelder ved samanlikning av eldre og yngre talemål. Det finst likevel mange utfordringar ved ei slik aldersgransking. Det finst ingen garanti for at språkbruken til dei eldre informantane er den same no, som han var då desse informantane vaks opp i 1940- og 1950-åra. Eventuelle skilnader mellom talespråket til den eldre og den yngre informantgruppa kan derfor, i det minste i teorien, vera uttrykk for den lokale språkbruken i ulike livsfasar. Ettersom eg ikkje har opptak med dei same eller jamaldrande informantar på eit tidlegare tidspunkt å jamføra med, er det ei teoretisk moglegheit for at dei eldre informantane snakka slik dei yngre informantane gjer i dag, då dei sjølve var ungdommar. På same måten er det ein teoretisk moglegheit for at den yngre informantgruppa vil endra talespråket sitt likt dei eldre informantane, når dei sjølve når pensjonistalder.

Eg meiner likevel at det finst fleire forhold som kan peika i retning av språkending, heller enn rein livsfasevariasjon. Dersom skilnadene i språkbruken til dei to aldersgruppene er store

reknar eg det som mindre sannsynleg at denne variasjonen i sin heilskap er knytt til variasjon gjennom livsløpet. Det same gjeld dersom det finst liten intraindividuell variasjon, slik at ein informant måtte ha gått frå veldig mange realisasjonar av ein variant, til veldig få realisasjonar av den same varianten (eller omvendt) i løpet av livet. I tillegg vil det vera relevant i kva retning variasjonsmønster peikar. Dersom dei eldre i større grad bruker dei tradisjonelle variantane og dei yngre bruker dei nyare variantane, vil eg rekna det som meir sannsynleg at det er snakk om ei språkending enn om variasjonen skulle visa motsett mønster. Ein siste indikasjon på at aldersvariasjon viser til språkending, er samanlikning med andre undersøkingar. Dette gjeld både generell validering av undersøkingar i tilsynelatande tid, som presentert i 3.3.6, i tillegg til om det skulle visa seg ei felles utvikling med andre sociolingvistiske undersøkingar på Sørvestlandet, der ein har gjort undersøkingar i både tilsynelatande og verkeleg tid av dei same språklege variablane (sjå delkap. 7.3).

### 5.3.2 Generasjonar

Grunnen til at eg har valt å undersøka to aldersgrupper med to generasjonars mellomrom, er omfanget av avhandlinga. Det ville vera av stor interesse å undersøka talemålet til ein midaldra generasjon, som då ville vera foreldregenerasjonen til dei yngste informantane og ville ha dei eldre informantane som sin foreldregenerasjon. Dette ville vera av interesse både for å ha fleire livsfasar representerte og for å kunna seia meir om når eventuelle språkendingar har teke til og korleis dei har utvikla seg. Eg har likevel utelate dette til fordel for fleire informantar og meir taletid for dei to aldersgruppene eg har undersøkt. Med tanke på eventuell vidare forskning ser eg det som meir føremålstenleg at det allereie ligg føre to større informantutval, og at ein seinare kan undersøka ein generasjon til.

I avhandlingane i *Dialektendringsprosessar* står samanlikning av språklege variablar for ulike livsfasar og årsklassar sentralt. Dette er ikkje relevant i denne undersøkinga i tilsynelatande tid. Eg har likevel valt å avgrensa aldersgruppene slik at dei i størst mogleg grad overlappar med både livsfase- og årsklasseinndelinga til *Dialektendringsprosessar*, slik at det skal vera mogleg å samanlikna resultatane frå denne undersøkinga med utviklinga andre stader. Alle dei 10 yngre informantane mine fell innanfor *Årsklasse IV: 1980–2009* og *Livsfase I: 14–16 år*. 9 av dei 10 eldre informantane fell innanfor *Årsklasse II: 1920–1949* og *Livsfase III: 65–80 år*. Unntaket er informanten fødd i 1955 (sjå pkt. 5.4.3), som må plasserast i *Årsklasse III: 1950–1979*, og som fell mellom to livsfasar (Anderson, 2013, s. 2).

## 5.4 Informantutval

Informantane er trekte ut ved tilnærma tilfeldig utval for å utgjera eit mest mogleg representativt utval av populasjonen i området innanfor sin aldersklasse. Kriteria som har lege til grunn for utveljinga er lokal tilhøyrslse, fødselsår og kjønn. I tillegg har eg teke omsyn til hovudmål i skulen for ungdomsgruppa.

### 5.4.1 Aldersgruppene

Den yngre informantgruppa er trekt ut blant elevane på 10. trinn ved Åkra ungdomsskule, der skulekrinsen fell saman med det aktuelle språkområdet. Fire av fem klassar på trinnet<sup>24</sup> fekk utlevert eit enkelt spørjeskjema, der dei oppgav kjønn, hovudmål i skulen, om dei snakkar ein regional dialekt og om dei har budd innanfor språkområdet frå dei var 6 år gamle (Vedlegg 7). Frå desse trekte eg ut informantar basert på kjønn og målform. Det var fleire av elevane som leverte inn spørjeskjemaet som hadde nynorsk som sitt hovudmål enn bokmål, og eg har derfor valt å intervjuar færre bokmåselevar enn nynorskelevar. Dette har likevel gjort sannsynet for å bli trekt ut litt større for bokmåselevane enn for nynorskelevane. Dersom nokon ikkje ynskte å delta, trekte eg ut nye informantar frå same kategori (kjønn og målform). Både uttrekkinga av informantane og distribusjonen og innhentinga av informasjon har skjedd i samarbeid med rektor ved skulen. Etter ynskje frå rektor har eg sjølv berre vore i kontakt med dei elevane som deltok i samtalan. Det blei òg gitt informasjon og krav om samtykke frå foreldra til elevane, ettersom dei alle var under 16 år.

Den eldre informantgruppa er trekt ut basert på geografi, alder og kjønn. Frå ei liste med alle adressene innanfor postnummera 4270 Åkrehamn, 4275 Sævelandsvik og 4276 Veavågen har eg, ved hjelp av funksjonen for tilfeldig utval i reknearket Excel, trekt ut tilfeldige adresser i området. For kvar adresse har eg nytta telefonkatalogtenesta Gule Sider på Internett og Skattelistene for å sjekka fødselsåret til bebuarane på den uttrekte adressa. Dersom det har vore fleire bebuarar innanfor det aktuelle aldersspennet på ei adresse, har eg brukt den same funksjonen for tilfeldig uttrekk i reknearket til å velja ut éin av dei. Då eg etter kvart hadde valt ut nok menn til undersøkinga, begynte eg å ekskludera desse frå uttaket. Dei aktuelle kandidatane som blei trekte ut tok eg kontakt med per post og telefon. Om nokon viste seg å ikkje oppfylla kravet om å ha ein regional dialekt, hadde budd for lenge utanfor området eller ikkje ynskte å delta, heldt eg fram med å trekka nye adresser.

Den planlagde informantmatrisa var som følgjer:

---

<sup>24</sup> Rektor ved skulen leverte ut spørjeskjemaet til lærarane til alle dei fem klassane på trinnet, men den eine klassen hadde ikkje moglegheit til å gjennomføra innanfor det oppgitte tidsrommet på nokre veker.

	Menn		Kvinner	
	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk	Bokmål
<b>f. 2003</b>	3	2	3	2
<b>f. 1933–1953</b>	5		5	

Tabell 5.1: Planlagd informantmatrise

Den einaste skilnaden i det faktiske informantutvalet er fødselsåra til dei eldre informantane, som blei 1941–1955. Sett bort frå informanten fødd i 1955, er dei resterande 9 eldre informantane fødte mellom 1941 og 1947, altså ei meir samla aldersgruppe enn det som går fram av Tabell 5.1. Kjønn og målform er fordelte som det går fram av tabellen. I tillegg til kriteria presenterte ovanfor har det vore eit kriterium for både dei yngre og dei eldre informantane at dei skal ha vakse opp i Åkra frå dei var 6 år gamle, at dei snakkar eit haugalandsmål og at dei ikkje har budd vekke frå området store delar av livet. Når det gjeld det siste punktet, har eg vurdert kvart tilfelle individuelt, og eg har akseptert alle informantar som har budd vekke opp til om lag 10 år for utdanning og liknande.

#### 5.4.2 Geografisk inndeling

Alle informantane er valde ut med utgangspunkt i bustad i Åkra, slik området er definert i kapittel 2.1. Dette er ei inndeling som kan problematiserast (jf. pkt. 7.6.1), men som eg likevel opplever som føremålstenleg for ei undersøking av dette omfanget. Ei samanlikning mellom Åkra og området sørover til Sandve, for å betre definera området som eit språksamfunn, ville vera ei interessant undersøking i ein større studie.

I utveljinga av informantar har eg valt å handsama heile Åkra som eitt felles språkområde, utan omsyn til lokal variasjon og geografisk tilhøyrslle innanfor området. Sjølv om uttrekkinga ikkje har vore styrt av ynsket om representantar frå alle dei tre delområda, har informantane likevel fordelt seg nokså jamt basert på geografi, kjønn og alder.

	Åkrehamn		Sevland		Vedavågen		Ferkingstad <sup>25</sup>
<b>f. 2003</b>	2	3	1	0	2	2	
<b>f. 1941-1955</b>	2	2	2	1	0	2	1

Tabell 5.2: Informantfordeling per delområde. Tala i dei farga felte er kvinner, dei blanke er menn.

Eventuell korrelasjon mellom oppvekststad og realisasjonar av dei ulike språklege variablane ville vera av stor interesse frå eit variasjonsperspektiv. Då eg likevel har valt å ikkje leggja inn geografisk tilhøyrslle som ein bakgrunnsvariabel i analysen, er det på grunn av det låge talet på informantar i kvar gruppe. På bakgrunn av eit så lite utval er det vanskeleg å trekka generelle konklusjonar. I ein studie av større omfang, med fleire informantar frå kvar plass, ville dette la seg gjera.

<sup>25</sup> Dette delområdet ligg ikkje i Åkra, men rett sør for den gamle kommunegrensa. Sjø pkt. 5.3.3.

### 5.4.3 Avvik

Bakgrunnen til to av dei eldre informantane avvik frå resten av utvalet og frå utvalskriteria presenterte ovanfor. Éin informant budde fram til tiårsalderen rett sør for den gamle kommunegrensa, i dåverande Skudenes kommune, dagens Ferkingstad delområde. Som vaksen har vedkomande budd i Åkrehamn. Ein annan informant avvik frå utvalsmatriza ved å vera fødd to år seinare enn det oppgitte tidsrommet. Desse avvika vurderer eg ikkje til å ha avgjerande innverknad på resultatata av undersøkinga. Som det vil bli drøfta i 7.6.1, ligg Ferkingstad i kjerneområdet som utgjer det eine alternative språksamfunnet Åkra er ein del av. I eit aldersspenn på 20 år, som utvalsmatriza viser, reknar eg heller ikkje to år (10 prosent) som eit stort avvik. I analyseprosessen kan alle resultatata koplast til dei ulike informantkodane, og både eg og lesaren kan derfor for kvar kategori vurdere om språkbruken til desse to informantane i stor grad skil seg frå resten av aldersgruppa. Dette vil gå fram av tabellane på individnivå, presenterte i Vedlegg 14–19.

## 5.5 Utveljing av dei språklege variablane

I 4.1.1 gjorde eg greie for dei ulike kriteria som ligg til grunn for utveljinga av dei seks språklege variablane eg har undersøkt. I dette delkapittelet vil eg skildra denne prosessen meir i detalj. Eg vil seia noko om både korleis denne utveljingsprosessen gjekk føre seg og kva konsekvensar det har fått for resultatata av undersøkinga.

Det viktigaste kriteriet for valet av variablar er, som tidlegare presisert, at det finst variasjon. I eit prosjekt av dette omfanget har det ikkje latt seg gjera å ta utgangspunkt i lydopptaka ved val av dei språklege variablane. Dette er både fordi eg ynskte å gjennomføra aktivitetar under intervjuet for å leggja til rette for bruken av mindre frekvente språklege variablar, noko som føreset at dei allereie er valde ut, og fordi innsamlinga og transkriberinga av datamaterialet har vore ein lang og tidkrevjande prosess, og det dermed ikkje har vore rom for å venta til etter at datamaterialet låg klart med å avgjera alle dei språklege variablane. I utgangspunktet var derfor alle dei seks variablane meir eller mindre valde ut før intervjuet blei gjennomførte og transkriberte. Dei var derimot del av ei lang liste med moglege variablar. I biletoppgåvene informantane gjennomførte (sjå pkt. 5.6.1) var det lagt inn element som var relevante for fleire enn dei variablane som blir analyserte i denne avhandlinga. Dette gjeld til dømes differensiasjon av *rn* (/gadn/), lang *æ*-lyd realisert som /e/ eller /æ/ (/sekreter/), fleirtalsending for sterke inkjekjønner (/husər/) og vokalkvalitet i samansetjingsfuger (/eggaskal/, /edzaskal/) m.fl. Det faktiske variabelutvalet er dermed basert på variasjonen i lydopptaka.

I løpet av perioden med transkriberingsarbeid valde eg ut eit førebels variabelutval der lyd-opptaka gav inntrykk av stort nok datamateriale og faktisk variasjon. Dette utvalet bestod av fem av dei seks endelege variablane, V1, V2, V3, V5 og V6. I tillegg inkluderte lista éin variabel som seinare blei bytt ut med det som no er V4. Utbytinga var på grunn av store utfordringar med analyseringa av den opphavlege variabelen. Eg ynskte i utgangspunktet å sjå på realisasjonar av adverbet og determinativet *sånn*, men dei yngre informantane sin utprega bruk av dette som fyllord utan tydeleg semantisk eller syntaktisk tyding gjorde det vanskeleg å gjera nokon tilfredsstillande kvantitativ samanlikning med dei eldre sin bruk av desse orda. Den eine språklege variabelen, V4, er dermed valt ut seinare enn dei andre, på eit tidspunkt når materialet låg inne i Talebanken, klart for analyse. I utveljinga av den siste variabelen kunne eg derfor ta utgangspunkt i den faktiske språkbruken til informantane, og eg har dermed kunna avgjera ut frå materialet om det finst variasjon, ikkje berre ut frå eigen intuisjon. For tre av variablane eg lytta gjennom, men som ikkje blir presenterte i denne avhandlinga, merka eg alle belegga for dei ulike variantane som blei brukte i Talebanken (sjå pkt. 8.2.1).

Ved å legga til grunn både forventning om variasjon og måling av faktisk variasjon i utveljinga av dei språklege variablane har eg prøvd å sikra relevansen deira i eit sosiolingvistisk variasjonsperspektiv. Det er derimot ikkje slik at eg har vald vekk variablar grunna for lite variasjon mellom til dømes aldersgruppene. Når eg ikkje har inkludert variablar med meir jamn fordeling mellom aldersgruppene, er det fordi ingen av variablane eg har undersøkt har vist eit slikt mønster. Anten har ein variabel vist minimal variasjon, som ikkje lar seg analysera i begge generasjonane, eller så har variasjonen vore stor mellom aldersgruppene, som me skal sjå er tilfellet for V1–V6.

Trass i alt dette må utveljinga av variablane reknast som ei mogleg feilkjelde. Det er først og fremst variablar der eg venta variasjon mellom dei to *aldersgruppene* som har blitt undersøkte, utan særleg fokus på utval ut frå andre sosiale variablar. På denne måten vil det vera naturleg om det viser seg å vera størst variasjon for den sosiale bakgrunnsvariabelen *alder*. I tillegg må det seiast at det å undersøka variablar der ein allereie har sikra at det finst variasjon, kan gi eit bilete av større synkron og diakron variasjon i talemålet enn det som faktisk er tilfellet. På den måten står ein i fare for å gjera ein sirkelanalyse som automatisk stadfester forventingar ein hadde, utan å gi rom for ny, gjerne uventa kunnskap. I ei undersøking av dette omfanget, som ikkje tek sikte på å skildra heile målføret, all variasjon

eller heile populasjonen i eit område, meiner eg likevel at eit slikt utval er det mest føremålstenlege.

## **5.6 Innsamling av datamaterialet**

Eg har totalt gjennomført 10 intervju på om lag éin time kvar. Alle informantane blei intervjuja i par, og det er dermed rekna om lag 30 minuttar taletid per informant.<sup>26</sup> Føremålet med å intervjuja informantane parvis var todelt. På den eine sida ynskte eg å leggja til rette for at informantane skulle venda seg til kvarandre i samtalen, og at eg som intervjuar skulle få ei mindre styrande rolle i samtalen. I tillegg fungerer kjenningar frå same språksamfunn regulerande på språkbruken, ved at dei mest sannsynleg ville reagera på eller kommentera om samtalepartnaren snakka veldig annleis enn til vanleg (sjå t.d. Milroy og Gordon, 2006, s. 66–67). Alle intervjuja blei gjennomførte mellom oktober 2018 og januar 2019, og det er eg sjølv som har gjennomført dei. I forkant av intervjuja gjennomførte eg to pilotintervju for å gjera meg sjølv kjend med utstyret og for å testa ut biletoppgåvene og intervjuguiden. Det har blitt søkt om og gitt godkjenning frå Norsk senter for forskningsdata (NSD) til å gjennomføra undersøkinga og til å lagra lydopptaka i Talebanken. Til kvart intervju hadde eg med to mikrofonar og ein digital lydopptakar som stod på bordet framføre oss. Etter at samtalen var over og lydopptakaren slått av fylte alle informantane ut eit spørjeskjema med bakgrunnsinformasjon om seg sjølve og om føresette dei har vakse opp med (sjå Vedlegg 8 og 9). Dette nytta eg seinare til å kategorisera informantane ut frå dei sosiale variablane presenterte i 4.2. Intervjusituasjonen var litt ulik for dei to aldersgruppene, men følgde eit mest mogleg likt mønster for å sikra godt samanlikningsgrunnlag.

### **5.6.1 Gjennomføring av intervjuja**

Alle ungdomsinformantane blei trekte ut individuelt. Etterpå blei dei sette saman i samtalepar av rektor. Intervjuja gjekk føre seg i eit grupperom på skulen i skuletida, alle i løpet av éi veke i oktober 2018. Samtalane starta med at informantane fekk tre ulike biletoppgåver dei måtte løysa ved å snakka saman. Den første oppgåva gjekk ut på å finna skilnader mellom to teikningar, utan å sjå på arka til kvarandre. Den andre gjekk ut på at den eine informanten skulle forklara den andre vegen ut frå eit kart. Den siste gjekk ut på å avgjera kva for yrke personar på ei rekke bilete hadde (Vedlegg 10). Dette var for å setja i gong samtalen og for å framprovosera bruken av enkelte mindre frekvente språklege variablar. Av dei endelege variablane gjeld dette hovudsakleg segmentasjon av *ll* og til ei viss grad hokjønnsbøying og

---

<sup>26</sup> Dette vil sjølvstapt variera frå informant til informant.



palatalisering av velarar. I tillegg gav skildringa av teikningane godt grunnlag for presenteringssetningar med formelt subjekt. Resten av samtalen hadde form som eit semistrukturert intervju, der målet var å få informantane til å ha ein mest mogleg naturleg og avslappa samtale. Spørsmåla eg stilte dreidde seg om kvardagsliv, skule, heimstaden og framtidsplanar. Dei siste 5–10 minuttane stilte eg dei spørsmål retta mot språkbruk, haldningar og talemål (sjå Vedlegg 11).

Når det gjeld dei eldre informantane, valde kvar person som blei trekt ut frå adresselista sjølv ein person til å vera med på intervjuet. Dei blei opplyste på førehand om kriteria den andre informanten måtte oppfylle. Stort sett har dei uttrekte informantane invitert med seg nokon som oppfylte desse krava, men det har oppstått enkelte mindre avvik, som presentert i 5.4.3. Intervjua med dei eldre informantane fann stad heime hos éin av dei to deltakarane. Kvart samtalepar gjennomførte to av dei same biletoppgåvene som ungdommane, både samanlikninga av teikningar og bestemminga av yrkestittel. Resten av samtalen hadde, på same måte som for dei yngre informantane, form som eit semistrukturert intervju. Spørsmåla eg stilte dreidde seg om oppvekst, kvardagsliv, arbeid, heimstaden og liknande. Hovudmålet var mest mogleg naturleg tale, så om samtalen flaut og informantane begynte å snakka om andre ting, gjekk eg vekk frå intervjuguiden og let samtalen halda fram. Dei siste 5–10 minuttane nytta eg til å styra samtalen inn på språkbruk og haldningar til eige og andre lokale talemål.

### 5.6.2 Utfordringar knytte til intervjusituasjonen

[T]he aim of linguistic research in the community must be to find out how people talk when they are not being systematically observed; yet we can only obtain these data by systematic observation. (Labov, 1972b, s. 209)

Ei av dei største utfordringane i forskinga på det talte språket, er det såkalla *observasjonsparadokset* (eng. *observer's paradox*). Korleis kan ein måla talespråket til språkbrukarar når dei ikkje blir observerte, utan å observera dei og registrera språkbruken? Ein del av sosialiseringprosessen og språklæringa eit kvart menneske går igjennom, går ut på å læra korleis ein skal bruka språket i ulike situasjonar og i kontakt med ulike menneske. Det finst dermed ein stilistisk variasjon mellom ulike situasjonar og mottakarar. I denne studien er det den *naturlege talen* eg ynskjer å undersøka, altså kvardagsspråket som blir nytta mellom familie og kjenningar i uformelle situasjonar. Dette betyr ikkje at språket informantane bruker i ein meir formell situasjon, eller når dei er meir medvitne om språkbruk og uttale, ikkje inngår i det naturlege talespråket deira, eller at ei undersøking av bruken av såkalla

registervariasjon ikkje er relevant eller interessant i eit sosiolingvistisk variasjonsperspektiv. Dette er derimot område som fell utanfor problemstillinga i denne avhandlinga. Slik skil undersøkinga seg frå den sosiolingvistiske intervjumetoden introdusert av Labov i 1960-åra, der det blei lagt til rette for at informantane i tillegg til fri samtale skulle gjennomføra talehandlingar med ulike grad av uttalemedvit (sjå t.d. Labov, 1982, s. 89).

Det er vanskeleg både å kartlegga kor mykje opptakssituasjonen påverkar språkbruken til informantane og å eliminera denne feilkjelda heilt. Eg har likevel gjort fleire grep for å prøva å gjera opptakssituasjonen mest mogleg uformell og meir prega av å vera ein samtale enn eit formelt intervju. Intervjupara bestod stort sett av personar som kjende kvarandre godt. Den eldre informantgruppa fekk sjølve velja ein person å ta med seg til samtalen, og det blei foreslått nære kjenningar som sysken, ektefellar, vener osv. For den yngre informantgruppa blei det teke omsyn til kjønn og klasse ved samansetjinga i par. Det var likevel eitt informantpar som bestod av elevar frå ulike klassar, av ulikt kjønn, som i tillegg hadde gått på ulike barneskular og ikkje kjende kvarandre særleg godt. Alle intervju blei gjennomførte på ein stad informantane har sterk tilknytning til, anten heime eller på skulen. I nesten alle samtalanegynte eg med aktivitetane knytte til biletoppgåvene. Dette gjorde eg for at informantane skulle få venja seg til situasjonen og mikrofonane medan dei hadde noko anna å fokusera på. Som eg ynskte, var det fleire av informantpara som blei veldig engasjerte i biletoppgåvene og såg ut til å gløyma bort mikrofonane under desse aktivitetane. Dette viste seg òg å vera ein effektiv måte å starta samtalen på. Vidare var intervjuguiden berre rettleiande og til bruk dersom samtalen skulle stoppa opp. Eg let elles samtalen flyta fritt og passa på å ikkje avbryta informantane eller la samtalen bli for prega av formaliserte spørsmål og svar. Sett bort frå siste del har eg prøvd å styra samtalen vekk frå språk, slik at informantane skulle vera minst mogleg opptekne av eigen uttale og språkbruk. Etersom informantane på førehand hadde blitt opplyste om at det var ein språkleg studie, har det likevel ikkje vore mogleg å styra klar dette temaet tidleg i samtalaneg. Det finst enkelte døme på at dei eldre informantane rettar seg sjølve til ein meir tradisjonell variant i løpet av samtalen, men desse tilfella er få. Korleis eg har ordlagt meg ved den første kontakten med informantane og i sjølve intervjusituasjonen kan òg ha verka inn på talemålet til informantane.

Som nemnt i kapittel 1 har eit av hovudargumenta for å studera nettopp dette talemålet vore fordelene av å sjølv vera frå området. På denne måten kan det argumenterast for at talemålet mitt, som intervjuar, har hatt mindre innverknad på situasjonen og språkbruken til informantane enn om eg hadde nytta ein annan varietet. Talemålet mitt kan likevel ha spelt

inn på val av dei ulike variantane innanfor idiolekta til kvar informant. Å vera frå området og ha eit lokalt etternamn har òg vore ein stor fordel i den første kontakten med dei eldre informantane. Fleire har vore meir positive til å vera med i undersøkinga etter å ha plassert meg og familien min i lokalsamfunnet. Dette kan knytast til sosial nettverksteori og språksamfunnsspørsmålet som blei introdusert i delkapittel 3.4, og som vil bli drøfta under punkt 7.6.1. Slik eg definerer Åkra eller Vest-Karmøy som eit mogleg språksamfunn, må eg, som intervjuar, seiast å høyra til dette språksamfunnet saman med alle informantane. Eg er derimot ikkje medlem av dei sosiale nettverka deira. Då dei eldre informantane begynte med å finna nære slektningar av meg som dei kjente, gjekk eg frå å vera ein framand forskar til å inngå i ein nettverkssone av andre orden (sjå pkt. 3.4.3). Dei yngre informantane gav ikkje uttrykk for å vera like opptekne av kven eg var, og fleire av dei snakka i intervjuet om lokale stader og institusjonar som til ein framand, utan å tenka over at eg hadde eit talemål frå området. I desse intervjuar opplevde eg relasjonen mellom dei to informantane, og om dei var del av same nettverk eller ikkje, som det avgjerande for graden av formalitet.

## **5.7 Oppsummering**

I dette kapitlet har eg skildra prosessen med å avgrensa omfanget av undersøkinga og samla inn datamaterialet. Vidare har eg presentert prinsippa som ligg til grunn for det vidare arbeidet med datamaterialet, og eg har presentert og drøfta fleire utfordringar og moglege feilkjelder. Saman med den teoretiske bakgrunnen som blei presentert i kapittel 2–4 utgjer dette utgangspunktet som alle resultata og drøftingane bør lesast og tolkast ut frå.

## 6 Resultat

I dette kapitlet vil eg presentera resultatata frå dei språklege analysane. Det er berre sjølve statistikkane med forklaringar og merknader til framstillinga som blir presenterte her. All tolking og drøfting av materialet vil bli presentert i kapittel 7.

### 6.1 Presentasjonen av resultatata

Alle utrekningane og presentasjonane i diagramma tek utgangspunkt i *individprosentar*. Talet på realisasjonar varierer ofte mykje frå informant til informant, alt etter taletid og kva for ord informanten har nytta. For å unngå at informantar som snakkar mykje eller nyttar mange ord med ein gitt språkleg variabel skal vektast tyngre enn andre, er det prosentfordelinga kvar informant har mellom variantane av ein variabel eg har teke utgangspunkt i, ikkje tal på belegg (N). Nokre av variablane har færre realisasjonar enn andre. Der det finst informantar som ikkje har nokon realisasjon av ein variabel, er informanten utelaten frå den aktuelle statistikken. Eg har òg valt å utelata informantar med veldig få (1–2) realisasjonar av ein variabel. Dette har eg gjort fordi det i desse tilfella finst lite eller inkje rom for intraindividuell variasjon. Ein individprosent på 100 prosent i retning av den eine eller den andre varianten kan då ikkje validerast ut frå resten av språkbruken til informanten. På same måte har eg valt å ikkje presentera samanliknande tabellar eller diagram der utelatne informantar fører til at ein sosial kategori får mindre enn 3 informantar.

Alle tabellane og diagramma som blir presenterte i dette kapitlet utgjer samanlikningar av språklege realisasjonar på gruppenivå. Tala i desse tabellane er henta frå tabellane for kvar sosial kategori på individnivå, presenterte i Vedlegg 14–19. I tabellane på individnivå finst informasjon om kor mange og kva for informantar som inngår i statistikken, tal på realisasjonar på individnivå, individprosentar og gjennomsnittet av desse. I samanliknings-tabellane i dette kapitlet er det summen av realisasjonar og gjennomsnittet av individprosentane til dei ulike variantane i to sosiale kategoriar som blir oppgitt og samanlikna. Det er altså ikkje nokon matematisk samanheng mellom nominaltalet og prosenttalet i tabellane som blir presenterte her, men begge kolonnane er baserte på dei utvida tabellane på individnivå. Nominaltalet er teke med for å gi ein indikasjon på om statistikken byggjer på eit stort eller lite datagrunnlag. Det er hovudsakleg gjennomsnittsprosentane som vil bli drøfta i kapittel 7. Nominaltala er derfor ikkje representerte i diagramma i dette kapitlet, berre i

tabellane. Diagramma er mest til visualisering av tabellane og viser alltid dei same prosentverdiane som tabellane med same namn.

Kvar tabell og diagram er namngitt etter kva for variablar som blir presenterte eller samanlikna, skilde med komma. Dette følgjer stort sett mønsteret *språkleg variabel, sosial variabel, aldersgruppe*. Unntaket er samanlikninga av aldersgruppene, der det berre er den språklege variabelen og aldersgruppene som blir samanlikna. For kvar tabell summerer eg opp bruken av den nye varianten for kvar sosial kategori i tekstform. Bruken av den tradisjonelle varianten vil alltid vera den resterande summen for å nå 100 prosent. Verdiane i alle diagramma er oppgitte i prosent.

### 6.1.1 Signifikans

Alle tabellane som er presenterte i dette kapittelet viser samanlikningar av bruken av ein språkleg variabel mellom to kategoriar, baserte på éin eller to sosiale variablar. Desse kategoriane inneheld alle mellom tre og 10 individ og er nokså små delutval i statistisk samanheng. Eg har likevel valt å testa signifikansnivået til alle samanlikningane som er gjort i dette kapittelet. Dette har eg gjort for å gi indikasjonar på kor sannsynleg det er at resultatane er systematiske, ikkje tilfeldige. Med eit så lite utval og så små delutval kan det diskuteras om ein slik praksis i det heile er føremålstenleg (sjå t.d. Milroy og Gordon, 2006, s. 164), og eg vil ikkje leggja veldig stor vekt på resultatane av signifikanstesten. Verdiane vil bli oppgitte etter kvar tabell, og eg vil kommentera signifikansnivået for kvar samanlikning. Eg vil derimot ikkje forkasta resultat som ikkje viser seg å vera statistisk signifikante eller tolka for mykje ut frå at resultat er signifikante.

Signifikansutrekninga tek utgangspunkt i gjennomsnittsprosentane og tek ikkje omsyn til tala på belegg per variant. Dei fleste samanlikningane er gjort mellom berre to kategoriar. Desse er testa med ein parametrisk t-test i programmet IBM SPSS Statistics. Kjønnskategoriane har blitt testa for dei ulike variantane med ANOVA og Tukey HSD-test. For dei kategoriane der eg har hatt hypotesar om utfallet (sjå pkt. 4.3) har det blitt nytta ein-sidig testing. Eg deler inn p-verdiane etter dei konvensjonelle signifikansnivåa for samfunnsfagleg forskning på 90 prosent, 95 prosent og 99 prosent. Tabell 6.1 viser dei ulike signifikansnivåa slik dei blir omtalte i denne avhandlingen. Dette er den same tabellen som blir nytta i oppgåvene i *Dialektendringsprosessar*, som har blitt refererte til fleire gonger gjennom avhandlingen (sjå pkt. 3.1.4). Dette har nok ein gong som føremål å sikra enkel samanlikning mellom resultatane i denne undersøkinga og andre studiar.

Probabilitetsnivå	Symbol	Tyding
$p \leq 0,001$	***	Svært høg signifikans
$0,001 < p \leq 0,01$	**	Høg signifikans
$0,01 < p \leq 0,05$	*	Signifikans
$0,05 < p \leq 0,10$	T	Tendens til signifikans
$p > 0,10$	i.s.	Ikkje signifikans

Tabell 6.1: Signifikansnivå

## 6.2 V1: Segmentasjon av ll

Variabel V1 har to variantar, *dl* og *ll*. Den ikkje-segmenterte forma blir kalla *ll*, uavhengig av om realisasjonen er /l:/ (*fjell*) eller /l/ (*stol*). Dette viser til det språkhistoriske opphavet for segmentasjonen, som presentert i 4.1.2. I namngivinga av tabellane og diagramma er variabelnamnet i nokre tilfelle korta ned til «segmentasjon». Fullstendige statistikkar og tabellar på individnivå er presenterte i Vedlegg 14.

### 6.2.1 Alder

Alder	Alle			
	dl		ll	
	N	%	N	%
<b>Eldre</b>	191	93,3	12	6,7
<b>Yngre</b>	31	12,5	136	87,5
p: ***				

Tabell 6.2: Segmentasjon, alder




Diagram 6.1: Segmentasjon, alder

Tabell 6.2 og Diagram 6.1 viser fordelinga av segmentasjon av *ll* for den eldre og den yngre informantgruppa. Frå tabellen ser me at gjennomsnittet av individprosentane for *ll* er 6,7 prosent for dei eldre og 87,5 prosent for dei yngre. Skilnaden mellom generasjonane utgjer 80,8 prosentpoeng, ein skilnad med svært høg statistisk signifikans.

### 6.2.2 Kjønn

Kjønn	Eldre				Yngre				Alle			
	dl		ll		dl		ll		dl		ll	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>Kvinner</b>	99	91,7	8	8,3	27	17,6	71	82,4	126	54,7	79	45,4
<b>Menn</b>	92	94,8	4	5,2	4	7,4	65	92,6	96	51,1	69	48,9
p: i.s.				p: i.s.				p: i.s.				

Tabell 6.3: Segmentasjon, kjønn, alle aldersgrupper




Diagram 6.2: Segmentasjon, kjønn, alle aldersgrupper

Tala i Tabell 6.3 og Diagram 6.2 viser fordelinga av segmentasjon av *ll* for kvinner og menn frå dei to aldersgruppene og for alle kvinner og alle menn. Frå tabellen ser me at eldre kvinner bruker den usegmenterte forma *ll* i 8,3 prosent av tilfella og eldre menn i 5,2 prosent av tilfella. For dei yngre er gjennomsnittsprosenten for *ll* 82,4 for kvinner og 92,6 prosent for menn. For aldersgruppene samanlagt er bruken av *ll* 45,4 prosent for kvinner og 48,9 prosent for menn. Av dei eldre informantane er det kvinnene som har høgast gjennomsnittsbbruk av *ll*, medan det av dei yngre er mennene som har høgast prosent *ll*. Skilnaden i prosentpoeng er større mellom dei yngre kjønnsgruppene enn dei eldre, og samla får ein derfor ein høgare gjennomsnittsprosent for *ll* for menn enn kvinner. Skilnaden er ikkje signifikant for nokon av kjønnskategoriane som blir samanlikna i tabellen. Alle dei 20 informantane er med i utvalet, fem per kjønn per aldersgruppe.

### 6.2.3 Foreldre sin oppvekststad

	Eldre				Yngre			
	dl		ll		dl		ll	
	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>1 lokal forelder</b>	145	91,5	10	8,5	5	6,3	77	93,7
<b>2 lokale foreldre</b>	46	97,4	2	2,6	24	18,9	50	81,2
	p: i.s.				p: i.s.			

Tabell 6.4: Segmentasjon, lokale foreldre, eldre og yngre




Diagram 6.3: Segmentasjon, lokale foreldre, eldre og yngre

Tabell 6.4 og Diagram 6.3 viser fordelinga av segmentasjon av *ll* ut frå tal på foreldre som er oppvaksne i Åkra for dei to aldersgruppene. Av tabellen ser me at realisasjonen av usegmentert form *ll* er 8,5 prosent for eldre informantar med éin lokal forelder, 2,6 prosent for eldre informantar med to lokale foreldre, 93,7 prosent for yngre informantar med éin lokal forelder og 81,2 prosent for yngre informantar med to lokale foreldre. For både dei eldre og dei yngre informantane er gjennomsnittsprosenten for *ll* høgare for informantane med éin lokal forelder enn for informantane med to lokale foreldre. Skilnaden ut frå tal på lokale foreldre er større for dei yngre informantane enn for dei eldre, men er ikkje signifikant for noka aldersgruppe.

#### 6.2.4 Yrkeskontaktflate

Eldre				
Yrkeskontaktflate	dl		ll	
	N	%	N	%
<b>Utanfor</b>	126	91,0	11	9,0
<b>Innanfor</b>	65	98,6	1	1,4

p: i.s.

Tabell 6.5: Segmentasjon, yrkeskontaktflate, eldre




Diagram 6.4: Segmentasjon, yrkeskontaktflate, eldre

Tala i Tabell 6.5 og Diagram 6.4 viser fordelinga av segmentasjon av *ll* ut frå yrkeskontaktflate utanfor eller innanfor Åkra for den eldre informantgruppa. For informantane med yrkeskontaktflate utanfor Åkra er realisasjonen av *ll* 9,0 prosent, medan han for informantane med yrkeskontaktflate innanfor Åkra er 1,4 prosent. Bruken av *ll* er altså størst for dei eldre informantane med yrkeskontaktflate utanfor Åkra. Denne skilnaden på 7,6 prosentpoeng er ikkje signifikant, men han har ein p-verdi som ligg rett over grensa for tendens til signifikans. Utvalet består av alle dei 10 eldre informantane, sju med yrkeskontaktflate innanfor Åkra og tre med yrkeskontaktflate utanfor. Blant dei yngre informantane finst det ingen variasjon i yrkeskontaktflate, og ei samanlikning mellom aldersgruppene er dermed ikkje relevant.



## 6.2.5 Hovudmål i skulen

Yngre				
Hovudmål	dl		ll	
	N	%	N	%
<b>Nynorsk</b>	25	14,8	80	85,2
<b>Bokmål</b>	6	9,1	56	90,9

p: i.s.

Tabell 6.6: Segmentasjon, hovudmål, yngre




Diagram 6.5: Segmentasjon, hovudmål, yngre

Tabell 6.6 og Diagram 6.5 viser samanhengen mellom segmentasjon av *ll* og hovudmål i skulen for den yngre informantgruppa. Av tabellen ser ein at 85,2 prosent av ungdommane med nynorsk som hovudmål nyttar *ll*, mot 90,9 prosent av ungdommane med bokmål som hovudmål. Denne skilnaden på 5,7 prosentpoeng er ikkje signifikant. Alle dei 10 yngre informantane er med i utvalet, fire i kategorien «bokmål» og seks i kategorien «nynorsk».

## 6.3 V2: Delt hokjønnsbøying

Variabel V2 har dei to variantane *-e*, uttala [ə], og *-å*. Desse representerer endingsvokalane til hokjønnsst substantiv i bestemt form eintal. I namngivinga av tabellane og diagramma er variabelnamnet i nokre tilfelle korta ned til «hokjønn». Fullstendige statistikkar på individnivå er presenterte i Vedlegg 15.

### 6.3.1 Alder

Alder	Alle			
	e		å	
	N	%	N	%
<b>Eldre</b>	187	98,4	4	1,6
<b>Yngre</b>	19	17,3	80	82,7

p: \*\*\*

Tabell 6.7: Hokjønn, alder




Diagram 6.6: Hokjønn, alder

Tabell 6.7 og Diagram 6.6 viser fordelinga av endingsvokalen for sterke hokjønn i bestemt form eintal for dei to aldersgruppene. Av tabellen ser me at dei eldre informantane nyttar *-å* i 1,6 prosent av tilfella, medan dei yngre nyttar varianten *-å* i 82,7 prosent av tilfella. Dette gir

ein generasjonsskilnad på 81,1 prosentpoeng, ein skilnad med svært høg statistisk signifikans. Alle dei 10 informantane i kvar aldersgruppe er med i utvalet.

### 6.3.2 Kjønn

Kjønn	Eldre				Yngre				Alle			
	e		å		e		å		e		å	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>Kvinner</b>	81	100	0	0	11	16,6	32	83,4	92	58,3	32	41,7
<b>Menn</b>	106	96,8	4	3,2	8	17,9	48	82,1	116	57,4	52	42,6
	p: i.s.				p: i.s.				p: i.s.			

Tabell 6.8: Hokjønn, kjønn, alle aldersgrupper




Diagram 6.7: Hokjønn, kjønn, alle aldersgrupper

Tabell 6.8 og Diagram 6.7 viser bruken av endingsvokalane -e og -å for kvinner og menn i dei ulike aldersgruppene. Av tabellen ser ein at bruken av -å er 0 prosent for eldre kvinner, 3,2 prosent for eldre menn, 83,4 prosent for yngre kvinner og 82,1 prosent for yngre menn. For alle informantane samla er bruken av -å 41,7 prosent for kvinner og 42,6 prosent for menn. For dei eldre informantane er bruken av -å høgast for menn, medan han for dei yngre informantane er høgast for kvinner. Skilnadene er små for både dei eldre og dei yngre informantane og er heller ikkje statistisk signifikante. Alle dei 20 informantane er med i utvalet, 10 kvinner og 10 menn.

### 6.3.3 Foreldre sin oppvekststad

	Eldre				Yngre			
	e		å		e		å	
	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>1 lokal forelder</b>	140	97,7	4	2,3	7	13,9	46	86,1
<b>2 lokale foreldre</b>	47	100	0	0	11	20,8	30	79,3
	p: *				p: i.s.			

Tabell 6.9: Hokjønn, lokale foreldre, eldre og yngre




Diagram 6.8: Hokjønn, lokale foreldre, eldre og yngre

Tabell 6.9 og Diagram 6.8 viser bruken av endingsvokalane *-e* og *-å* for hokjønn i bestemt form eintal ut frå tal på foreldre som er oppvaksne i Åkra, gruppert etter alder. For dei eldre informantane er realisasjonane av *-å* 2,3 prosent for informantane med éin lokal forelder og 0 prosent for informantane med to lokale foreldre. For dei yngre informantane er bruken av *-å* 86,1 prosent for gruppa med éin lokal forelder og 79,3 prosent for dei med to lokale foreldre. Gjennomsnittsbuiken av *-å* er høgare for informantane med éin lokal forelder i begge aldersgruppene. Skilnaden er på 2,3 prosentpoeng for dei eldre og på 6,9 prosentpoeng for dei yngre. Skilnaden mellom dei eldre informantane med éin eller to lokale foreldre er signifikant, men dette er truleg på grunn av den ulike gruppestorleiken og det at dei tre informantane med to lokale foreldre utgjer ei homogen gruppe utan variasjon intra- eller interindividuell.

### 6.3.4 Yrkeskontaktflate

Eldre				
Yrkeskontaktflate	e		å	
	N	%	N	%
<b>Utanfor</b>	130	97,7	4	2,3
<b>Innanfor</b>	57	100	0	0
p: *				

Tabell 6.10: Hokjønn, yrkeskontakt., eldre




Diagram 6.9: Hokjønn, yrkeskontaktflate, eldre

Tabell 6.10 og Diagram 6.9 viser bruken av *-e* og *-å* ut frå yrkeskontaktflate innanfor eller utanfor Åkra for dei eldre informantane. Gjennomsnittsprorsenten av *-å* er 0 for informantane med yrkeskontaktflate innanfor området og 2,3 for informantane med yrkeskontaktflate utanfor området. Det finst berre fire realisasjonar av *-å* for heile aldersgruppa. Desse utgjer

likevel eit statistisk signifikant resultat, av same grunn som for foreldrekategoriene, nemleg at dei tre informantane i den eine kategorien som blir samanlikna utgjer ei homogen gruppe.

### 6.3.5 Hovudmål i skulen

Yngre				
Hovudmål	e		å	
	N	%	N	%
<b>Nynorsk</b>	11	18,4	44	81,6
<b>Bokmål</b>	8	15,6	36	84,4
p: i.s.				

Tabell 6.11: Hokjønn, hovudmål, yngre




Diagram 6.10: Hokjønn, hovudmål, yngre

Tabell 6.11 og Diagram 6.10 viser bruken av *-e* og *-å* ut frå hovudmål i skulen for den yngre informantgruppa. For ungdomsinformantane med nynorsk som hovudmål i skulen er gjennomsnittsprosenten for bruk av *-å* 81,6 prosent. For ungdomsinformantane med bokmål som hovudmål i skulen utgjer bruken av *-å* 84,4 prosent. Det er høgast bruk av *-å* blant bokmålelevane. Skilnaden mellom nynorskelevane og bokmålelevane er 2,8 prosentpoeng og er ikkje statistisk signifikant.

## 6.4 V3: Palatalisering av velarar

Variabel V3 har to variantar: palatalisering eller ikkje palatalisering. Variantane blir i tabellane kalla «+» og «-», der «+» viser til palatalisering av velarar og «-» viser til velar uttale. Variabelnamnet blir i forklaringar og titlar korta ned til «palatalisering».

### 6.4.1 Alder

Alle				
Alder	+		-	
	N	%	N	%
<b>Eldre</b>	402	85,8	50	14,2
<b>Yngre</b>	4	1,6	304	98,4
p: ***				

Tabell 6.12: Palatalisering, alder




Diagram 6.11: Palatalisering, alder

Tabell 6.12 og Diagram 6.11 viser sammenhengen mellom palatalisering av velarar i innlyd og alder. Av tabellen ein me at dei eldre informantane nyttar ikkje-palataliserte velarar i 14,2 prosent av tilfella. For dei yngre informantane er gjennomsnittsbuiken av ikkje-palataliserte velarar 98,4 prosent. Dette gir ein generasjonsskilnad på 84,2 prosentpoeng, som er signifikant på svært høgt nivå. Alle dei 20 informantane er med i utvalet.

#### 6.4.2 Kjønn

Kjønn	Eldre				Yngre				Alle			
	+		-		+		-		+		-	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>Kvinner</b>	193	90,6	22	9,4	2	1,3	160	98,7	195	45,9	182	54,1
<b>Menn</b>	209	81,0	28	19,0	2	1,8	144	98,2	211	41,4	174	58,6
	p: i.s.				p: i.s.				p: i.s.			

Tabell 6.13: Palatalisering, kjønn, alle aldersgrupper




Diagram 6.12: Palatalisering, kjønn, alle aldersgrupper

Tabell 6.13 og Diagram 6.12 viser palatalisering av velarar for kvinner og menn i dei ulike aldersgruppene. Frå tabellen ser me at gjennomsnittsbuiken av ikkje-palataliserte velarar er 9,4 prosent for eldre kvinner, 19,0 prosent for eldre menn, 98,7 prosent for yngre kvinner og 98,2 prosent for yngre menn. For aldersgruppene samla er buiken av palataliserte velarar 54,1 prosent for kvinner og 58,6 prosent for menn. Etersom det er minimale forskjellar mellom dei yngre kvinnene og dei yngre mennene, vil forholdstalet mellom alle kvinner og alle menn i stor grad spegla forholdstalet mellom eldre kvinner og eldre menn. Skilnaden utgjør 9,6 prosentpoeng for dei eldre og er nesten ikkje-eksisterande for dei yngre, med eit halvt prosentpoeng. For dei yngre informantane er buiken av palataliserte velarar generelt svært låg, med berre 4 belegg (1,6 prosent) samla. Ingen av kjønnskilnadene presenterte i Tabell 6.13 er statistisk signifikante. Alle dei 20 informantane er med i utvalet, fem informantar per kjønn per aldersgruppe.

### 6.4.3 Foreldre sin oppvekststad

	Eldre				Yngre			
	+		-		+		-	
	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>1 lokal forelder</b>	251	82,2	39	17,8	1	1,0	159	99,0
<b>2 lokale foreldre</b>	151	94,1	11	5,9	2	1,6	123	98,4
	p: i.s.				p: i.s.			

Tabell 6.14: Palatalisering, lokale foreldre, eldre og yngre




Diagram 6.13: Palatalisering, lokale foreldre, eldre og yngre

Tabell 6.14 og Diagram 6.13 viser sammenhengen mellom palatalisering av velarar og tal på foreldre oppvaksne i Åkra for dei eldre og dei yngre informantane. Av tabellen ser ein at dei eldre informantane med éin lokal forelder ikkje palataliserer velarar i 17,8 prosent av alle tilfella, og at dei eldre informantane med to lokale foreldre ikkje palataliserer velarar i 5,9 prosent av tilfella. For dei yngre er gjennomsnittsbuiken av ikkje-palataliserte velarar 99,0 prosent for informantane med éin lokal forelder og 98,4 prosent for informantar med to lokale foreldre. Dette er tal som er baserte på høvesvis éin og to realisasjonar. For dei eldre er skilnaden større og utgjer 11,9 prosentpoeng. Ingen av skilnadene er signifikante, men med ein p-verdi på 0,16 er skilnaden mellom dei eldre med éin eller to lokalt oppvaksne foreldre ikkje så langt frå ein tendens til statistisk signifikans (jf. Tabell 6.1, pkt. 6.1.1).

### 6.4.4 Yrkeskontaktflate

Yrkes- kontaktflate	Eldre			
	+		-	
	N	%	N	%
<b>Innanfor</b>	130	90,2	13	9,8
<b>Utanfor</b>	272	83,9	37	16,1
	p: i.s.			

Tabell 6.15: Palatalisering, yrkeskontaktflate, eldre




Diagram 6.14: Palatalisering, yrkeskontaktflate, eldre

Tabell 6.15 og Diagram 6.14 viser forholdet mellom palatalisering av velarar og yrkeskontaktflate innanfor eller utanfor Åkra for dei eldre informantane. Av tabellen ser ein at dei eldre informantane med yrkeskontaktflate innanfor Åkra ikkje palataliserer velarar i 9,8 prosent av tilfella, medan dei eldre informantane med yrkeskontaktflate utanfor Åkra ikkje palataliserer velarar i 16,1 prosent av tilfella. Denne skilnaden på 6,3 prosentpoeng er ikkje signifikant. Alle dei 10 eldre informantane er med i utvalet, sju innanfor og tre utanfor.

#### 6.4.5 Hovudmål i skulen

Hovudmål	Yngre			
	+		-	
	N	%	N	%
<b>Bokmål</b>	3	2,7	133	97,3
<b>Nynorsk</b>	1	0,8	171	99,2
p: i.s.				

Tabell 6.16: Palatalisering, hovudmål, yngre




Diagram 6.15: Palatalisering, hovudmål, yngre

Tabell 6.16 og Diagram 6.15 viser samanhengen mellom palatalisering av velarar og hovudmål i skulen for dei yngre informantane. Av tabellen ser ein at bokmålelevane i gjennomsnitt ikkje palataliserer velarar i 97,3 prosent av alle tilfelle, mot 99,2 prosent for nynorskelevane. For denne språklege variabelen er det altså nynorskelevane som i størst grad nyttar den nye varianten. Merk derimot at talet på realisasjonar av denne varianten er veldig lågt, og at samanlikninga baserer seg på fordelinga av fire realisasjonar av palataliserte velarar (mot 304 realisasjonar utan palatalisering). Likevel viser skilnaden nesten ein tendens til signifikans, med ein p-verdi på 0,13. Alle dei 10 yngre informantane er med i utvalet, fire bokmålelevar og seks nynorskelevar.

#### 6.5 V4: Formelt subjekt

Variabel V4 har to variantar, *der* og *det*. I namngivinga av tabellar og diagram blir variabelnamnet forkorta til «subjekt». Som det går fram av Tabell 0.13 i Vedlegg 13 og alderssamanlikninga nedanfor, er bruken av V4 konstant for dei yngre informantane. Dermed blir alle samanlikningane som involverer denne informantgruppa utelatne. Unntaket er samanlikninga av aldersgruppene, som er presentert nedanfor.

### 6.5.1 Alder

Alle				
Alder	der		det	
	N	%	N	%
<b>Eldre</b>	636	90,7	60	9,4
<b>Yngre</b>	0	0	180	100
p: ***				

Tabell 6.17: *Subjekt, alder*




Diagram 6.16: *Subjekt, alder*

Tabell 6.17 og Diagram 6.16 viser bruken av dei ulike variantane av formelt subjekt i presenteringssetningar for dei to aldersgruppene. Av tabellen ser me at dei eldre informantane nyttar *det* som formelt subjekt i 9,4 prosent av alle tilfelle, medan dei yngre nyttar *det* i alle tilfella. Generasjonsskilnaden blir dermed 90,7 prosentpoeng, tilsvarende bruken av *der* for dei eldre<sup>27</sup>. Denne skilnaden har svært høg statistisk signifikans. Alle dei 20 informantane er med i utvalet, 10 eldre og 10 yngre.

### 6.5.2 Kjønn

Eldre				
Kjønn	der		det	
	N	%	N	%
<b>Kvinner</b>	342	92,5	28	7,5
<b>Menn</b>	294	88,8	32	11,2
p: i.s.				

Tabell 6.18: *Subjekt, kjønn, eldre*




Diagram 6.17: *Subjekt, kjønn, eldre*

Tabell 6.18 og Diagram 6.17 viser variasjon i bruken av formelt subjekt *der* og *det* ut frå kjønn for dei eldre informantane. Av tabellen ser ein at gjennomsnittsprosenten for bruken av *det* er 7,5 prosent for kvinner og 11,2 prosent for menn. Mennene sin bruk av *det* er høgare enn for kvinnene. Skilnaden på 3,7 prosentpoeng er ikkje signifikant. Ettersom det ikkje finst variasjon blant dei yngre informantane, vil forholdstalet mellom alle kvinner og alle menn vera det same som mellom dei eldre kvinnene og dei eldre mennene. Alle dei 10 eldre informantane er med i utvalet, fem kvinner og fem menn.

<sup>27</sup> Summen for dei to variantane blir over 100 prosent. Dette er som følge av avrunding til éin desimal.



### 6.5.3 Foreldre sin oppvekststad

	Eldre			
	der		det	
	N	%	N	%
<b>1 lokal forelder</b>	507	92,5	35	7,5
<b>2 lokale foreldre</b>	129	86,3	25	13,7
p: T				

Tabell 6.19: Subjekt, lokale foreldre, eldre




Diagram 6.18: Subjekt, lokale foreldre, eldre

Tabell 6.19 og Diagram 6.18 viser fordelinga av formelt subjekt *der* og *det* ut frå tal på foreldre som er vaksne opp i Åkra for dei eldre informantane. Av tabellen ser me at dei eldre informantane med éin lokal forelder bruker *det* i 7,5 prosent av tilfella, medan dei eldre informantane med to lokale foreldre bruker *det* i 13,7 prosent av tilfella. Skilnaden ligg akkurat på den nedre grensa for å visa tendens til signifikans. Alle dei 10 eldre informantane er med i utvalet, sju med éin lokal forelder og tre med to lokale foreldre.

### 6.5.4 Yrkeskontaktflate

Yrkes- kontaktflate	Eldre			
	der		det	
	N	%	N	%
<b>Innanfor</b>	242	93,5	13	6,5
<b>Utanfor</b>	394	89,4	47	10,6
p: i.s.				

Tabell 6.20: Subjekt, yrkeskontaktflate, eldre




Diagram 6.19: Subjekt, yrkeskontaktflate, eldre

Tabell 6.20 og Diagram 6.19 viser bruken av *der* og *det* som formelt subjekt for dei eldre informantane ut frå yrkeskontaktflate innanfor eller utanfor Åkra. Tabellen viser ein gjennomsnittsbruk av *det* på 6,5 prosent for eldre informantar med yrkeskontaktflate innanfor Åkra og 10,6 prosent for eldre informantar med yrkeskontaktflate utanfor Åkra. Bruken av *det* er 5,1 prosentpoeng høgare for dei eldre med yrkeskontaktflate utanfor Åkra enn dei innanfor, ein skilnad som ikkje er signifikant. Alle dei 10 eldre informantane er med i utvalet, sju med yrkeskontaktflate innanfor Åkra og tre utanfor.

## 6.6 V5: Kjem

Variabel V5 har to varianter: *kjeme* og *komme*. For denne språklege variabelen er det langt færre belegg enn for V1–V4. Dette kan gi unøyaktige statistikkar og gjer at enkeltpersonar kan gi stort utslag på gruppenivå. Informantar med færre enn 3 belegg på denne variabelen er tekne ut av statistikkane (sjå 6.1). Så lenge forholdet mellom eldre og yngre informantar er likt, har eg gjennomført dei same samanlikningane som for V1–V4. Grappa med bokmålsinformantar er redusert til to, som er under gyldigheitsgrensa eg har sett for denne variabelen. Eg vil derfor ikkje systematisk samanlikna kategoriane nynorsk og bokmål for V5. Eg har likevel presentert tabellane for desse kategoriane i Vedlegg 18. I vedlegget blir tala til informantane med færre enn tre belegg oppgitt til slutt i kvar tabell, slik at ein kan vurderer om dei 1–2 belegga oppfører seg likt eller skil seg frå resten av individa i kategorien.

### 6.6.1 Alder

Alle				
Alder	kjeme		komme	
	N	%	N	%
<b>Eldre</b>	70	91,6	4	8,4
<b>Yngre</b>	16	23,4	47	76,6
p: ***				

Tabell 6.21: Kjem, alder




Diagram 6.20: Kjem, alder

Tabell 6.21 og Diagram 6.20 viser bruken av *kjeme* og *komme* for dei to aldersgruppene. Av Tabell 6.21 ser ein at gjennomsnittsprosenten for *komme* er 8,4 for dei eldre og 76,6 for dei yngre. Dette gir ein generasjonsskilnad på 68,2 prosentpoeng, som er signifikant på svært høgt nivå. To av dei yngre informantane er utelatne frå utvalet på grunn av for få realisasjonar.

### 6.6.2 Kjønn

Kjønn	Eldre				Yngre				Alle			
	kjeme		komme		kjeme		komme		kjeme		komme	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>Kvinner</b>	50	97,8	1	2,2	14	34,4	24	65,6	64	69,6	25	30,4
<b>Menn</b>	20	85,3	3	14,7	2	12,5	23	87,5	22	53,0	26	47,0
p: i.s.				p: i.s.				p: i.s.				

Tabell 6.22: Kjem, kjønn, alle aldersgrupper




Diagram 6.21: Kjeme, kjønn, alle aldersgrupper

Tabell 6.22 og Diagram 6.21 viser sammenhengen mellom variantane av *kjem* for kvinner og menn i dei ulike aldersgruppene. Av tabellen ser ein at gjennomsnittsbuiken av *komme* er 2,2 prosent for eldre kvinner, 14,7 prosent for eldre menn, 65,6 prosent for yngre kvinner og 87,5 prosent for yngre menn. For begge aldersgruppene samla er bruken av *komme* 30,4 prosent for kvinner og 47,0 prosent for menn. For denne språklege variabelen er skilnaden mellom kjønna nokså stor, både for dei eldre og dei yngre informantane. I begge tilfella er det mennene som har størst bruk av *komme*. For dei eldre informantane er skilnaden mellom kjønna 12,5 prosentpoeng og for dei yngre er skilnaden 21,9. Desse skilnadene er derimot ikkje statistisk signifikante.

To yngre informantar er utelatne frå statistikken grunna få belegg på variabelen. Dette gjeld éi yngre kvinne og éin yngre mann. Etersom forholdet mellom eldre og yngre er det same for kategoriane «alle kvinner» og «alle menn» (fem eldre og fire yngre) har eg likevel valt å samanlikna desse kategoriane. Det at det er éin meir eldre informant enn yngre i desse kategoriane, gjer at gjennomsnittsverdiane for alle kvinner og alle menn ligg litt nærare resultatane for dei eldre kvinnene og mennene enn for dei yngre.

### 6.6.3 Foreldre sin oppvekststad

	Eldre				Yngre			
	kjeme		komme		kjeme		komme	
	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>1 lokal forelder</b>	52	87,9	4	12,1	2	10	35	90
<b>2 lokale foreldre</b>	18	100	0	0	14	45,8	12	54,2
	p: T				p: T			

Tabell 6.23: Kjeme, lokale foreldre, eldre og yngre




Diagram 6.22: Kjem, lokale foreldre, eldre og yngre

Tabell 6.23 og Diagram 6.22 viser fordelinga av *kjeme* og *komme* for informantar med éin eller to foreldre oppvaksne i Åkra. Av tabellen ser me at bruken av *komme* er 12,1 prosent for eldre informantar med éin lokal forelder, 0 prosent for eldre informantar med to lokale foreldre, 90 prosent for yngre med éin lokal forelder og 54,2 prosent for yngre med to lokale foreldre. For dei yngre informantane er det stor skilnad mellom informantane med éin lokal forelder og informantane med to lokale foreldre. For både dei eldre og dei yngre informantane er bruken av *komme* størst for dei med éin lokalt oppvaksen forelder. Skilnaden mellom informantane med éin eller to lokale foreldre er 12,1 prosentpoeng for dei eldre og 35,8 prosentpoeng for dei yngre. Begge desse skilnadene viser tendens til signifikans. For dei eldre grensar p-verdien til ingen signifikans, medan han for dei yngre er nær grensa for signifikans.

#### 6.6.4 Yrkeskontaktflate

Eldre				
Yrkeskontakt	kjeme		komme	
	N	%	N	%
<b>Utanfor</b>	35	89,5	3	10,5
<b>Innanfor</b>	35	96,3	1	3,7
p: i.s.				

Tabell 6.24: Kjem, yrkeskontaktflate, eldre




Diagram 6.23: Kjem, yrkeskontaktflate, eldre

Tabell 6.24 og Diagram 6.23 viser fordelinga av variantane *kjeme* og *komme* ut frå yrkeskontaktflate innanfor eller utanfor Åkra for dei eldre informantane. Av tabellen ser ein at gjennomsnittsbuiken av *komme* er 10,5 prosent for dei eldre informantane med yrkeskontaktflate utanfor Åkra og 3,7 prosent for dei eldre informantane med yrkeskontaktflate innanfor Åkra. Skilnaden utgjær 6,8 prosentpoeng og er ikkje signifikant. Alle dei 10 eldre informantane er med i utvalet, sju innanfor og tre utanfor.

## 6.7 V6: Kanskje

Variabel V6 har dei to variantane *jerne* og *kanskje*, i tabellane og diagramma vist til som *jedna* og *kansje* etter uttalen og skrivemåten i Talebanken. For V6 finst det endå færre belegg enn for V5. Ved å innføra same krav til variasjon som for V5, altså minst tre belegg per individ og minst tre individ per kategori, blir resultatet berre to gyldige samanlikningar (alder og kjønn). Desse blir presenterte her. Utover dette blir alle tabellane på individnivå presenterte i Vedlegg 19, likt som for V1–V5. Der er dei utelatne informantane sine belegg viste i grått i botn av kvar tabell.

### 6.7.1 Alder

Alle				
Alder	jedna		kanskje	
	N	%	N	%
<b>Eldre</b>	53	93,6	7	6,4
<b>Yngre</b>	6	16,1	22	83,9

p: \*\*\*

Tabell 6.25: Kanskje, alder




Diagram 6.24: Kanskje, alder

Tabell 6.25 og Diagram 6.24 viser bruken av *jedna* og *kanskje* for dei to aldersgruppene. Av tabellen ser ein at gjennomsnittsbuiken av *kanskje* er 6,4 prosent for dei eldre og 83,9 prosent for dei yngre. Generasjonsskilnaden er 77,5 prosentpoeng, som viser eit svært høgt signifikansnivå. Utvalet består av 12 av dei 20 informantane, sju eldre og fem yngre.

### 6.7.2 Kjønn

Eldre				
Kjønn	jedna		kanskje	
	N	%	N	%
<b>Kvinner</b>	15	95,8	1	4,2
<b>Menn</b>	38	92,0	6	8,1

p: i.s.

Tabell 6.26: Kanskje, kjønn, eldre




Diagram 6.25: Kanskje, kjønn, eldre

Tabell 6.26 og Diagram 6.25 viser bruken av variantane *jedna* og *kanskje* for eldre kvinner og eldre menn. Av tabellen ser ein at bruken av *kanskje* er 4,2 prosent for eldre kvinner og 8,1 prosent for eldre menn. Bruken av *kanskje* er høgare for menn enn kvinner, men skilnaden er

berre på 3,9 prosentpoeng og er ikkje statistisk signifikant. Sju av dei 10 eldre informantane er med i utvalet, tre kvinner og fire menn. I kategorien «yngre menn» er det berre to informantar med tre belegg eller meir for denne variabelen. Eg vil derfor ikkje gjera noka samanlikning mellom yngre kvinner og yngre menn eller mellom alle kvinner og alle menn.

## **6.8 Oppsummering**

Eg vil ikkje gi noka detaljert oppsummering av resultata som har blitt presenterte i dette kapitlet. Dette blir gjort systematisk som ein del av drøftinga i kapittel 7. På mange måtar kan presentasjonane i dette kapittel 6 allereie seiast å vera eit samandrag av alt datamaterialet som er analysert og systematisert. Eg vil derfor nok ein gong visa til tabellane i Vedlegg 14–19, der alle belegg og individprosentar er oppgitte etter same system som i dette kapitlet, altså gruppert etter dei språklege variablane. Drøftingane i kapittel 7 vil i all hovudsak ta utgangspunkt i tala som er presenterte i samanlikningstabellane og diagramma i dette kapitlet og føreset i lita grad at lesaren er kjent med tabellane i Vedlegg 14–19. Ei jamføring med desse vil likevel kunna auka forståinga for tala som blir nytta i drøftinga og vil kunna fortelja lesaren mykje om det statistiske grunnlaget for analysane. I vedlegga finst det i tillegg oversikt over realisasjonane til dei individa og kategoriane som er utelatne på grunn av for få belegg på ein språkleg variant.

## 7 Drøfting

I kapittel 6 presenterte eg gjennomsnittsbruken av dei språklege variablane på gruppenivå og samanlikna bruken av dei ulike variantane av desse mellom kategoriar baserte på dei sosiale bakgrunnsvariablane. På denne måten har eg både stadfesta at det finst variasjon i språkbruken til informantutvalet, og eg har presentert omfanget av denne variasjonen for kvar av dei språklege og sosiale variablane. Presentasjonen av resultata i kapittel 6 tok hovudsakleg utgangspunkt i del A av problemstillinga som blei presentert i kapittel 1, om påvising av variasjon i materialet. Dette vil eg oppsummera i første del av dette kapitlet, gjennom ei drøfting av dei språklege variablane gruppert etter dei sosiale bakgrunnsvariablane, med utgangspunkt i hypotesane frå kapittel 4. I resten av kapitlet er det del B av problemstillinga som vil vera i fokus. Her vil eg sjå på om det finst mønster i den språklege variasjonen, og eg vil drøfta kva desse mønstera kan fortelja om språkbruken til informantutvalet. Eg vil sjå nærmare på korleis resultata presenterte i kapittel 6 kan tolkast både i eit synkront og eit diakront perspektiv. I tillegg vil eg i enkelte tilfelle gjera meir detaljerte og kvalitative drøftingar av både dei språklege variablane og dei sosiale bakgrunnsvariablane. Vidare vil eg jamføra resultata i denne undersøkinga med annan relevant forskning. Drøftingane blir presenterte tematisk og tek utgangspunkt i dei overordna problemstillingane og forskingsspørsmåla i kapittel 1.1. For å skilja mellom det synkrone og det diakrone aspektet har eg delt kapitlet inn i del A og del B, etter den todelte problemstillinga.

### DEL A: Synkron variasjon

#### 7.1 Drøfting av hypotesane

Frå presentasjonen av resultata i kapittel 6 ser ein at hypotese I er oppfylt.

*Hypotese I: Det finst variasjon i språkbruken til informantutvalet for alle dei språklege variablane (V1–V6).*

Med stadfestinga av denne lagt til grunn vil eg halda fram med å drøfta hypotese II–VI, som alle tek utgangspunkt i dei sosiale bakgrunnsvariablane presenterte i delkapittel 4.2.

##### 7.1.1 Alder

Som eg gjorde greie for i 3.3.6, vil alderen til informantane i ei undersøking i tilsynelatande tid kunna uttrykka både livsfasen dei er i (alder i tal på år) og kva for tidsperiode dei har vakse opp i (fødselsår). I dette delkapitlet er det primært det første, meir synkrone perspektivet eg

vil fokusera på. Drøftinga av generasjonsskilnader i eit diakront perspektiv kjem eg tilbake til i 7.5.1.

I kapittel 4 sat eg fram følgjande hypotesar gjeldande alderen til informantane:

Hypotese IIa: *Dei yngre informantane bruker fleire nye språkformer enn dei eldre.*

Hypotese IIb: *Den språklege skilnaden mellom aldersgruppene er større enn den språklege skilnaden mellom dei andre sosiale kategoriane.*

Nedanfor har eg samla gjennomsnittspersentane for alle dei språklege variablane med utgangspunkt i alder. Tabellen og diagrammet viser bruk av dei nye variantane, slik dei er definerte for kvar variabel i kapittel 4. Differansen viser ikkje prosentvis auke, men skilnad i prosentpoeng.

	V1	V2	V3	V4	V5	V6
<b>Eldre</b>	6,7	1,6	14,2	9,4	8,4	6,4
<b>Yngre</b>	87,5	82,7	98,4	100	76,6	83,9
<b>Diff.</b>	80,8	81,1	84,2	90,6	68,2	77,5

Tabell 7.1: *Bruk av nye variantar etter alder, oppgitt i prosent*

V1: Segmentasjon av //  
 V2: Delt hokjønnsbøying  
 V3: Palatalisering av velarar  
 V4: Formelt subjekt  
 V5: *Kjem*  
 V6: *Kanskje*




Diagram 7.1: *Bruk av nye variantar etter alder, oppgitt i prosent*

Frå samandraget ovanfor og dei utvida statistikkane presenterte i kapittel 6 og i Vedlegg 14–19, ser me at begge påstandane i hypotese II er oppfylte. For kvar språkleg variabel er det dei yngre som har størst bruk av den nye varianten. Skilnaden mellom dei eldre og dei yngre informantane varierer mellom 68,2 og 90,6 prosentpoeng og er statistisk svært signifikant for alle dei språklege variablane. Som me såg i kapittel 6, er denne differansen høgare enn for dei andre sosiale samanlikningskategoriane. Endringsprosenten, i Tabell 7.1 vist til som differansen mellom dei eldre og dei yngre informantane, er nokså jamn for alle dei språklege variablane. For V1, V2, V3 og V6 ligg endringsprosentane alle innanfor eit spenn på 6,7 prosentpoeng. V5: *kjem* skil seg ut med ein litt lågare skilnadsprosent enn dei andre språklege variablane. Dette er dermed den språklege variabelen der dei eldre og dei yngre informantane har likast språkbruk. Den språklege variabelen med høgast skilnadsprosent, og dermed mest ulik språkbruk blant dei eldre og dei yngre informantane, er V4: formelt subjekt.



## 7.1.2 Kjønn

Ut frå det korte teoretiske overblikket eg gav i 3.2.3 og i 4.2.2 gjeldande språk og kjønn, valde eg å ikkje formulera noka tydeleg forventning til verken omfanget eller retninga av eventuell variasjon mellom kvinner og menn.

*Hypotese III: Skilnadene mellom kvinner og menn er små og peikar ikkje nødvendigvis i same retning for alle dei språklege variablane.*

Nedanfor har eg samla alle gjennomsnittspersentane for bruken av dei nye variantane for kvinner og menn frå dei ulike aldersgruppene, slik dei blei presenterte i kapittel 6. Der det manglar presentasjon av éin eller fleire språklege variablar i tabellen og diagramma, er det på grunn av manglande samanlikningsgrunnlag mellom kjønna for denne variabelen (sjå kap. 6).

	Eldre						Yngre					Alle			
	V1	V2	V3	V4	V5	V6	V1	V2	V3	V4	V5	V1	V2	V3	V5
<b>Kvinner</b>	8,3	0	9,4	7,5	2,2	4,2	82,4	83,4	98,7	100	65,6	45,4	41,7	54,1	30,4
<b>Menn</b>	5,2	3,2	19,0	11,2	14,7	8,1	92,6	82,1	98,2	100	87,5	48,9	42,6	58,6	47,0
<b>Diff.</b>	-3,1	3,2	9,6	3,7	12,5	3,9	10,2	-1,3	-0,5	0	21,9	3,5	0,9	4,5	16,6

Tabell 7.2: Bruk av nye variantar, kjønn, oppgitt i prosent




Diagram 7.2: Bruk av nye variantar, kjønn, oppgitt i prosent

- V1: Segmentasjon av //
- V2: Delt hokjønnsbøying
- V3: Palatalisering av velarar
- V4: Formelt subjekt
- V5: *Kjem*
- V6: *Kanskje*




Diagram 7.3: Differanse mellom bruk av nye variantar, kjønn, oppgitt i prosentpoeng

Diagram 7.2 er basert på dei to radene over skiljelinja i Tabell 7.2 og viser fordelinga av dei nye variantane for kvar språkleg variabel for kvinner og menn, gruppert etter alder. Diagram 7.3 er ei grafisk framstilling av den nedste rada i Tabell 7.2 og viser differansen mellom gjennomsnittsbruken av dei nye variantane for kvinner og menn. Ettersom det stort sett er mennene som bruker flest nye former, har eg valt å oppgi differansen med utgangspunkt i

deira gruppeprosentar. I Tabell 7.2 og Diagram 7.3 skal dermed negative tal tolkast som at kvinner nyttar flest nye variantar og positive tal som at menn nyttar flest nye variantar. Her ser ein at det stort sett er mennene som har høgast bruk av dei nye variantane i begge aldersgruppene. Det finst likevel nokre få unntak, som alle representerer nokså små verdiar. Dei fleste kjønnskilnadene er små, i alle fall i den forstand at dei ikkje er signifikante. Likevel er det fleire av differansane som ligg mellom om lag 10 og 20 prosentpoeng, noko som må seiast å vera av ein viss storleik. Dette gjeld berre i dei tilfella der det er mennene som i høgast grad nyttar nye variantar. I hypotesen uttrykte eg uvisse rundt om det kom til å visa seg ei felles variasjonsretning for alle dei språklege variablane og for begge aldersgruppene. Ut frå Diagram 7.3 vil eg påstå at tendensar til ei felles endringsretning eksisterer. Dei tre døma på at kvinner nyttar flest nye former er i klart mindretal, og dei representerer alle nokså låge verdiar. Utover dette nyttar kvinnene fleire tradisjonelle variantar enn mennene. Eg vil dermed seia at statistikkane presenterte ovanfor viser tendensar til ei felles endringsretning. Om dette gir uttrykk for ein faktisk kjønnskilnad vil bli drøfta nærmare i 7.5.2.

For dei yngre informantane skil V1: segmentasjon av *ll* og V5: *kjem* seg ut med langt større kjønnskilnad enn V2 og V3. I begge desse tilfella er det éin informant sine resultat som i stor grad trekk opp gjennomsnittsprosenten for gruppa. Tilsvarande finst det ein eldre mannleg informant som skil seg ut med ein høgare individprosent for den nye, velare varianten av V3 (52,6 prosent) enn resten av dei eldre mennene. To av tre eldre informantar med variasjon for denne språklege variabelen er menn. For begge aldersgruppene samla stikk V5: *kjem* seg fram som den språklege variabelen med størst kjønnskilnad, der mennene bruker meir *komme* enn kvinnene.

### 7.1.3 Foreldre sin oppvekststad

Hypotese IV: *Informantane med éin lokalt oppvaksen forelder nyttar fleire av dei nye språkformene enn informantane med to lokale foreldre.*

Nedanfor summerer eg opp bruken av dei nye variantane av V1–V5 for dei eldre og dei yngre informantane etter tal på foreldre som er vaksne opp i Åkra.

	Eldre					Yngre				
	V1	V2	V3	V4	V5	V1	V2	V3	V4	V5
<b>1 lokal forelder</b>	8,5	2,3	17,8	7,5	12,1	93,7	86,1	99,0	100	90
<b>2 lokale foreldre</b>	2,6	0	5,9	13,7	0	81,2	79,3	98,4	100	54,2
<b>Differanse</b>	5,9	2,3	11,9	-6,2	12,1	12,5	6,8	0,6	0	35,8

Tabell 7.3: Bruk av nye variantar, lokale foreldre, oppgitt i prosent




Diagram 7.5: Bruk av nye variantar, lokale foreldre, oppgitt i prosent

- V1: Segmentasjon av //
- V2: Delt hokjønnsbøying
- V3: Palatalisering av velarar
- V4: Formelt subjekt
- V5: *Kjem*




Diagram 7.4: Differanse mellom bruk av nye variantar, lokale foreldre, oppgitt i prosentpoeng

Diagram 7.5 viser ein oversikt over bruken av dei nye formene ut frå tal på lokale foreldre for alle dei språklege variablane der det finst grunnlag for ei slik samanlikning. Diagram 7.4 viser differansen mellom bruken av dei nye variantane for informantar med éin eller to lokale foreldre. Dette er ikkje den prosentvise skilnaden, men differansen mellom gjennomsnittstala for kvar kategori, oppgitt i prosentpoeng. Negative tal viser at informantane med to lokale foreldre har høgast bruk av nye variantar, medan positive tal viser at informantar med éin lokal forelder bruker flest nye former. Ut frå Diagram 7.4 ser ein at forventingane frå hypotese IV i stor grad er oppfylte, men at det finst eitt unntak, nemleg bruken av *der* eller *det* som formelt subjekt (V4) blant dei eldre. Her er det informantane med to lokale foreldre som har høgast bruk av den nye varianten, *det*. I motsetnad til for kjønnskategoriane (sjå pkt. 7.1.2), der det viste seg at enkeltinformantar gjorde store utslag på statistikkane på gruppenivå, er det i dette tilfellet ikkje éin informant som skil seg markant frå resten av gruppa.

Når det gjeld foreldra sin oppvekststad, er det verdt å trekka fram den statistiske signifikansen. For variabel V2: delt hokjønnsbøying er skilnaden signifikant for dei eldre informantane. I tillegg finst det ein tendens til signifikans for V4: formelt subjekt for dei eldre og for V5: *kjem* for både dei eldre og dei yngre. Merk at unntaket eg presenterte ovanfor, der dei eldre med to lokale foreldre bruker fleire nye former enn dei eldre med éin lokal forelder for V4, er blant dei som viser tendens til statistisk signifikans.

### 7.1.4 Yrkeskontaktflate

Hypotese V: *Informantane med yrkeskontaktflate utanfor Åkra bruker fleire nye språkformer enn informantane med yrkeskontaktflate innanfor Åkra.*

Nedanfor har eg samla informasjon om bruken av dei ulike språklege variablane etter om informantane har/har hatt yrkeskontaktflata si innanfor eller utanfor Åkra. Dette gjeld berre dei eldre informantane.

	V1	V2	V3	V4	V5
<b>Innanfor Åkra</b>	1,4	0	9,8	6,5	3,7
<b>Utanfor Åkra</b>	9,0	2,3	16,1	6,5	11
<b>Differanse</b>	7,6	2,3	6,3	0	6,8

Tabell 7.4: Bruk av nye variantar, yrkeskontaktflate, eldre, oppgitt i prosent

V1: Segmentasjon av //  
V2: Delt hokjønnsbøying  
V3: Palatalisering av velarar  
V4: Formelt subjekt  
V5: Kjem




Diagram 7.7: Bruk av nye variantar, yrkeskontaktflate, eldre, oppgitt i prosent




Diagram 7.6: Differanse mellom bruk av nye variantar, yrkeskontaktflate, oppgitt i prosentpoeng

Frå Diagram 7.6, som er basert på nedste rada av Tabell 7.4, ser ein at differansen mellom bruken av dei nye variantane for alle dei språklege variablane er positiv eller lik null. For denne sosiale bakgrunnsvariabelen er det alltid informantane med yrkeskontaktflate utanfor Åkra som bruker flest nye former. Unntaket er V4: formelt subjekt, der det ikkje finst nokon skilnad. På bakgrunn av dette vil eg hevda at hypotese IV er styrkt. Styrkinga av denne hypotesen er sentral for fleire av drøftingane seinare i kapittelet. Kontakt mellom språkbrukarane i området er sentral for tilpassingsteorien som blei presentert i kapittel 3 (sjå pkt. 3.2.2 og 3.3.3) og har på mange måtar blitt brukt som bindeleddet mellom samfunnsutviklinga og eventuell språkending. Dette vil bli drøfta vidare i resten av kapittelet, særleg i 7.5.4.

### 7.1.5 Hovudmål i skulen

Den siste hypotesen eg sette fram i kapittel 4 gjaldt hovudmål i skulen.

Hypotese VI: *Informantane med bokmål som hovudmål i skulen nyttar fleire nye former enn informantane med nynorsk som hovudmål.*

For denne hypotesen uttrykte eg uvisse rundt om det kom til å visa seg nokon systematisk variasjon. Dersom det fanst slik systematisk variasjon, forventta eg at bokmåselevane ville vera dei med størst bruk av dei nye variantane. Hovudmål i skulen er tilnærma konstant for dei eldre informantane og er dermed berre analysert for dei yngre. Nedanfor presenterer eg ei oppsummering av bruken av dei nye variantane for V1–V4. For V5 og V6 er det ikkje gjort noka samanlikning mellom nynorsk- og bokmåselevane grunna få informantar i kvar kategori.

	V1	V2	V3	V4
<b>Nynorsk</b>	85,2	81,6	97,3	100
<b>Bokmål</b>	90,9	84,4	99,2	100
<b>Differanse</b>	5,7	2,8	1,9	0

V1: Segmentasjon av //  
 V2: Delt hokjønnbøying  
 V3: Palatalisering av velarar  
 V4: Formelt subjekt

Tabell 7.5: Bruk av nye variantar, hovudmål, oppgitt i prosent




Diagram 7.9: Bruk av nye variantar, hovudmål, oppgitt i prosent




Diagram 7.8: Differanse mellom nye variantar, hovudmål, oppgitt i prosentpoeng

Diagram 7.9 viser ein oversikt over bruken av dei nye variantane for V1–V4. Frå Diagram 7.8 ser ein at det berre er V1–V3 som har skilnad mellom nye og tradisjonelle variantar som er ulik null. Alle desse verdiane er positive. Det betyr at det for V1–V3 er bokmåselevane som nyttar flest av dei nye formene. På denne måten er hypotese VI styrkt. Merk derimot at gruppa av bokmålsinformantar berre er fire i talet, og at den yngre informanten eg tidlegare har trekt fram for sine høge individprosentar på realisasjonar av nokre av dei tradisjonelle variantane høyrer til blant nynorskelevane. I tillegg utgjer alle dei tre aktuelle differansane låge verdiar, som gjer at ein kan trekka i tvil om det er grunnlag for å seia at hypotesen er styrkt. Ingen av skilnadene er statistisk signifikante.

Alt i alt kan det sjå ut til at dei fleste hypotesane er styrkte og at materialet oppfører seg som venta ut frå det teoretiske utgangspunktet. I resten av kapittelet vil eg fokusera meir på det diakrone perspektivet av variasjonen, og eg vil sjå om den synkrone variasjonen kan tolkast som eit uttrykk for ei pågåande språkending.

## DEL B: Diakron variasjon

### 7.2 Språkendring?

Ut frå dataa som er presenterte og drøfta i kapittel 6 og i delkapittel 7.1, kan ein slå fast at det finst variasjon i språkbruken til informantutvalet og at det finst tendensar til mønster i denne variasjonen. Det neste spørsmålet blir då om denne synkrone variasjonen i tillegg uttrykker ein diakron variasjon. I delkapittel 5.3.1 lista eg ulike måtar å vurdere om generasjonsskilnad kan reknast som uttrykk for språkendring. Det første punktet, generell validering ut frå annan litteratur, byggjer på teorien presentert i 3.3.6 og vil ikkje bli gjenteke her. Spørsmålet om det finst andre undersøkingar der dei aktuelle språklege variablane har blitt undersøkte i både tilsynelatande og verkeleg tid i landsdelen, vil eg koma tilbake til i neste delkapittel, 7.3. Det eg vil sjå nærmare på nedanfor, er om indikasjonane på språkendring knytte til sjølve variasjonsmønsterane er oppfylte, slik dei blei presenterte i 5.3.1.

Eitt forhold eg meinte kunne indikera språkendring, var om aldersskilnaden var stor. «Stor» er eit vagt omgrep utan nokon tydeleg definisjon og gir dermed rom for subjektiv tolking. I 7.1.1 viste det seg at skilnaden mellom dei eldre og dei yngre informantane sin bruk av dei nye variantane ligg mellom 68,2 og 90,6 prosentpoeng og er statistisk svært signifikant for alle dei språklege variablane. Dette reknar eg som store skilnader.

Eit anna forhold eg presenterte, som kan indikera språkendring, er grada av intraindividuell variasjon. Nedanfor er eit utdrag frå Tabell 0.13 i Vedlegg 13, som viser alle individprosentane for dei nye variantane.

	Eldre							Yngre					
	V1	V2	V3	V4	V5	V6		V1	V2	V3	V4	V5	V6
<b>2160</b>	0	4,2	1,9	21,2	0		<b>2172</b>	100	100	100	100		62,5
<b>2161</b>	9,1	5,7	3,0	6,4	0	0	<b>2173</b>	86,4	63	93,5	100	62,5	100
<b>2162</b>	0	0	34,2	3,2	40	5,9	<b>2174</b>	95,5	95	100	100	100	100
<b>2163</b>	16,7	6,2	52,6	13,6	33,3	26,3	<b>2175</b>	81,8	80	95,7	100		
<b>2164</b>	29,4	0	6,7	0	0	0	<b>2176</b>	100	100	100	100	100	
<b>2165</b>	0	0	14,9	3,4	0	12,5	<b>2177</b>	100	100	100	100	100	
<b>2166</b>	7,7	0	10,7	20,2	0		<b>2178</b>	38,2	55	100	100	0	100
<b>2167</b>	0	0	3,3	11,4	0	0	<b>2179</b>	87,5	100	100	100	100	
<b>2169</b>	4,3	0	11,1	4,6	11,1		<b>2180</b>	100	91	100	100	100	
<b>2170</b>	0	0	3,7	9,5	0	0	<b>2181</b>	85,7	44	95,2	100	50	57,1

Tabell 7.6: Individprosentar for nye variantar, oppgitt i prosent

Av alle dei 110 registrerte individprosentane er 58 fullstendig konsekvente i bruken av den eine eller den andre varianten, uttrykt ved verdiane 0 og 100 i tabellen. Av dei 52 som viser intraindividuell variasjon, viser 36 individprosentar ein variasjon på mindre enn 20 prosentpoeng. Det vil seia verdiar som ligg under 20 og over 80 i tabellen. Samanlagt viser 91

av 110 individprosentar ein variasjon på 0–20 prosentpoeng mellom den tradisjonelle og den nye varianten av ein variabel. Fleirtalet av informantane er altså nokså konsekvente i bruken av den eine eller den andre varianten av ein språkleg variabel. For fleire av informantane ville dermed ei eventuell språkending som følgje av livsfaseending involvera ei stor eller total omlegging av bruken av fleire av dei seks språklege variablane. Dette ser eg som lite truleg, og eg vil derfor heller argumentera for ei språkending enn rein livsfasevariasjon.

Den siste indikasjonen på språkending ut frå variasjonsmønster som eg presenterte i 5.3.1, er i kva for retning variasjonen går. Her meinte eg at dersom dei yngre nyttar fleire nye variantar enn dei eldre, er det meir truleg at det er snakk om ei språkending, enn dersom utviklinga går andre vegen. Dette spørsmålet har eg allereie drøfta under punkt 7.1.1 i samband med hypotese IIb, og eg har slått fast at det for alle dei språklege variablane er dei yngre som har størst bruk av dei nye variantane.

Oppsummert viser det seg at alle dei tre forholda eg i 5.3.1 meinte kunne indikera språkending, heller enn berre livsfaseending, i større eller mindre grad er oppfylte og at den synkrone variasjonen i åkramålet peiker i retning av diakron variasjon. Dette legg eg til grunn for resten av kapittelet, der eg vil drøfta resultata med utgangspunkt i at aldersvariasjonen i materialet kan reknast som språkending i tilsynelatande tid.

### **7.3 Dei språklege variablane i eit diakront perspektiv**

Det har vist seg at dei yngre i større grad enn dei eldre bruker dei nye variantane av dei språklege variablane. Dersom dette skal reknast som eit uttrykk for språkending, reiser det seg fleire spørsmål knytte til korleis denne språkendinga kan og bør tolkast. Eg har ved fleire tilfelle vist til generasjonsskilnaden som «stor», men eg har endå ikkje samanlikna han med noko eller gitt andre referansepunkt enn sjølve materialet i denne undersøkinga. I det fylgjande ynskjer eg å sjå på korleis aldersvariasjonen for kvar enkelt språkleg variabel kan lesast i eit språkendringsperspektiv. Her vil eg både sjå på fordelinga av realisasjonane for dei enkelte informantane og aldersgruppene, som presentert i Tabell 7.1, og eg vil jamføra resultata frå denne undersøkinga med annan litteratur frå Sørvestlandet, der det lar seg gjera. Jamføringa med annan litteratur er gjort på bakgrunn av kvantitative undersøkingar utførte dei siste 10 åra med informantgrupper som kan seiast å tilsvara dei som er undersøkte i denne avhandlinga. Eg har sett på alle resultata for variablar tilsvarande V1–V6 for aldersgrupper som fell innanfor det som i *Dialektendringsprosessar* er definert som Årsklasse II og IV, altså informantar fødte mellom 1920 og 1949 og mellom 1980 og 2009 (Anderson, 2013). Der det

ikkje finst nyare undersøkingar av talemålssituasjonen på Sørvestlandet å jamføra med, har eg berre sett på korleis den aktuelle variabelen opptrer i Åkra-materialet.

### 7.3.1 V1: Segmentasjon av *ll*

Når det gjeld segmentasjon av norrøn *ll*, er det fleire som har studert dette fenomenet innom det sørvestlandske dialektområdet. Av desse ynskjer eg å trekka fram tre undersøkingar. Alle er mastergradsoppgåver, to innanfor *Dialektendringsprosessar* og den siste frå Universitetet i Stavanger. Nedanfor har eg samla resultatata frå Randaberg i Sør-Rogaland (Doublet, 2015, s. 70), Sand i Suldal kommune i Ryfylke (Klungtveit, 2017, s. 72) og områda sør og nord for Åkrafjorden i Kvinnherad og Etne kommunar (Tjelmeland, 2016, s. 81).

	Åkra (Karmøy)	Randaberg	Sand (Suldal)	Åkrafjorden sør	Åkrafjorden nord
Eldre	6,7	70,9		0	8,1
Yngre	87,5	100	98,5	91,2	83,7

Tabell 7.7: Bruk av usegmentert *ll* på Sørvestlandet, oppgitt i prosent

Ei samanlikning som den eg har sett opp her er ikkje uproblematisk, og eg vil derfor vera forsiktig med å trekka konklusjonar frå tal som ikkje nødvendigvis er samanliknbare. Alle tala som er oppgitte er samla inn i løpet av dei siste fem åra og gjeld for informantar i årsklasse II og IV. Informantane frå Sand er elevar i vidaregåande opplæring og er dermed litt eldre enn dei andre ungdomsinformantane på opptakstidspunktet. Frå Tabell 7.7 ser ein at bruken av den nye, usegmenterte forma, */l/*, har auka i alle områda dei siste to generasjonane, og at det er den som dominerer blant dei unge i dag. Utviklinga i Åkra ser ut til å følgja same mønster som resten av regionen. Randaberg skil seg frå dei andre stadene ved å ha ein mykje større bruk av den nye varianten blant dei eldre informantane, heile 70,9 prosent. I tilsynelatande tid svarar dette til ei utvikling som har kome lengre i endringsprosessen enn dei andre stadene.

Dersom ein skal tolka endringa ut frå S-kurvmodellen presentert i 3.3.5, må overgangen frå segmentasjon til ikkje-segmentasjon av *ll* seiast å vera ein påbegynt prosess, som endå ikkje er fullført. Dei eldre informantane med variasjon i bruken av */dl/* og */l/* må då reknast som tidlege brukarar av den nye variabelen, gjerne i omtrent same generasjon som innovatørane. Dei yngre informantane med intraindividuell variasjon utgjer truleg nokre av dei siste brukarane av den tradisjonelle varianten. Når det er sagt, er det vanskeleg å seia noko om når innovasjonen oppstod eller kor lang tid det vil ta før den siste talaren med innslag av den tradisjonelle varianten lever, ut frå dette materialet.

Det kan òg tenkast at dei eldre informantane ligg nærare innovasjonstidspunktet enn det som går fram av tala i materialet. Dersom ein inkluderer moglege *livsløpsendringar* (sjå pkt. 3.3.6)



for dei eldre informantane, er det mogleg at språkbruken deira har endra seg i same retning som dei yngre talarane i løpet av livet. Tendensar til ei slik livsløpsendring ser me døme på for segmentasjon av *ll* i Tjelmeland (2016, s. 87) si undersøking av endring i verkeleg tid på nordsida av Åkrafjorden. Tala hennar er baserte på eit lite datagrunnlag, men ho ser ein auke i bruken av usegmentert *ll* frå 2,9 prosent i dei gamle lydopptaka (1960–1990) til 8,1 prosent for den same årsklassen i 2014–2016.

### 7.3.2 V2: Delt hokjønnsbøying

Når det gjeld delt hokjønnsbøying, har eg ikkje vore i stand til å finna nyare kvantitative undersøkingar som ser på bruken av ulike endingsvokalar for sterke og svake hokjønn på Sørvestlandet. Dette er kanskje heller ikkje særleg uventa, ettersom store delar av Sørvestlandet, inkludert alle områda som V1 blei jamført med i 7.3.1, ligg innom området «A-mål utan delt femininum» (Sandøy, 1985, s. 116).

V2 er den språklege variabelen som har lågast gjennomsnittsprøsent for bruk av den nye varianten blant dei eldre informantane. I eit endringsperspektiv kan dette tolkast som at endringa har teke til litt seinare enn for dei andre språklege variablane. Det er berre tre av dei 10 eldre informantane som varierer mellom dei to variantane. Alle har ein bruk av den nye varianten på mindre enn 10 prosent.

### 7.3.3 V3: Palatalisering av velarar i innlyd

Palatalisering av velarar i innlyd har blitt undersøkt fleire stader på Sørvestlandet dei siste 10 åra. Her er det viktig å merka seg at avgrensinga av variabelen og kva for grammatikalske kategoriar han skal gjelda for er litt ulik i dei ulike avhandlingane eg presenterer nedanfor. I avhandlinga om Sand i Suldal tek ikkje Klungtveit (2017, s. 70–71) omsyn til grammatikalske kategoriar i avgrensinga av variablane. Han deler palataliseringa av velarar i innlyd i to ulike variablar etter stemtheit, altså om det er /k/ eller /g/ som blir palatalisert. For Øygarden i Hordaland legg Villanger (2010, s. 23, 66) vekt på at variabelen berre gjeld for enkelte grammatikalske kategoriar, men ho oppgir ikkje desse kategoriane. Både Lid (2015, s. 50–51, 71, 100) for Ullensvang og Tjelmeland (2016, s. 26, 34, 82) for Åkrafjorden oppgir dei grammatikalske kategoriane variabelen gjeld for, men desse er ikkje dei same for desse to undersøkingane og for undersøkinga av åkramålet.

	Åkra (Karmøy)	Øygarden	Ullensvang	Sand /g/	Sand /k/	Åkrafjorden sør	Åkrafjorden nord
Eldre	14,2	6,0	22,3			15,3	8,8
Yngre	98,4	93,7	97,8	93,2	100	98,6	88,2

Tabell 7.8: Bruk av ikkje-palataliserte velarar på Sørvestlandet, oppgitt i prosent

Som presisert innleiingsvis er premissane og analysane for denne variabelen litt ulike for kvar avhandling. Likevel vil eg tolka tala i Tabell 7.8 som eit uttrykk for ei felles utvikling i området. For dei yngre informantane varierer bruken av den nye, ikkje-palataliserte forma frå 88 til 100 prosent. Både bygdene sør for Åkrafjorden og Ullensvang viser eit liknande variasjonsmønster som Åkra, der dei eldre informantane har ein relativt høg bruk av den nye varianten i forhold til fleire andre språklege variablar.

Det er gjennomført undersøkingar av denne variabelen i verkeleg tid både for materialet nord for Åkrafjorden og for Øygarden. Ved å samanlikna mellomgenerasjonen i dei eldre opptaka med dei eldre informantane i dei nyare opptaka, ser ein at bruken av ikkje-palataliserte velar har auka frå 0 prosent til 8,8 prosent i bygdene nord for Åkrafjorden (Tjelmeland, 2016, s. 87), men at bruken av den nye varianten har blitt redusert frå 15,9 prosent til 6,0 prosent i Øygarden (Villanger, 2010, s. 66). Endringa i tilsynelatande tid er derimot heller ikkje særleg stor mellom mellomgenerasjonen og den eldre generasjonen i Øygarden, og eg går ut frå at det er dette som blir spegla i nedgangen av nye former i verkeleg tid.

V3 er den språklege variabelen som har høgast bruk av den nye varianten blant dei eldre informantane og nest-høgast bruk av den nye varianten for dei yngre informantane. Dette kan tolkast som at endringa har teke til litt tidlegare for V3 enn for dei andre språklege variablane og at ho er nærmare fullføring enn for fleire av dei andre variablane. I kva grad det finst eit mønster i kva for grammatikalske kategoriar endringa har skjedd først eller sist, blir drøfta i 7.4.3. Det kan nemnast at to av dei eldre informantane, 2162 og 2163, har ein nokså høg individprosent for bruken av den nye ikkje-palataliserte varianten, høvesvis 34,2 prosent og 52,6 prosent. Desse dreg dermed opp gjennomsnittet til den eldre informantgruppa.

#### **7.3.4 V4: Formelt subjekt i presenteringssetningar**

V4 er den einaste språklege variabelen der det ikkje finst nokon som helst variasjon for éi av aldersgruppene. Dei eldre informantane nyttar den tradisjonelle varianten, *der*, i 90,6 prosent av tilfella, medan dei yngre ikkje har eitt einaste belegg for denne varianten. Dette er trass i at V4 er den språklege variabelen med flest belegg i heile materialet, og dermed den som bygger på eit størst datagrunnlag. Det at ingen av dei yngre informantane i noko tilfelle nyttar *der* som formelt subjekt i presenteringssetningar, tolkar eg som at denne varianten er ute av talemålet til dei yngre, i alle fall hos dei 10 informantane i dette utvalet. Når det gjeld dei eldre informantane, er det fleire moglege tolkingar av bruken av den nye varianten, *det*. Gjennomsnittsprosenten for bruken av den nye varianten er ikkje spesielt mykje høgare for denne variabelen enn for dei andre variablane. Eg vil dermed ikkje gå ut frå at endringa har

teke til særleg mykje tidlegare for V4 enn for dei andre språklege variablane. Saman med V3 skil V4 seg ut som dei variablane med mest intraindividuell variasjon, altså at flest informantantar varierer mellom dei to variantane. For V4 varierer 9 av dei 10 eldre informantane mellom dei to variantane av variabelen. Dette kan tolkast som at endringsprosessen har kome lengre for desse variablane enn for dei andre, og at variasjon har blitt vanleg for dei fleste, ikkje berre for dei første innovatørane. Dette ville stemma med at V3 og V4 er dei språklege variablane med høgast prosent bruk av dei nye variantane hos dei eldre informantane. Ei anna mogleg forklaring er at eg kan ha definert variablane V3 og V4 for vide og inkludert omstende der ingen informantar nyttar dei tradisjonelle variantane.

Ei siste, litt meir spekulativ moglegheit tek utgangspunkt i livsløpsendringa til dei eldre. Som presentert i 3.3.6 og drøfta for V1 i 7.3.1, vil livsløpsendring seia at språket til dei eldre talarane i eit språksamfunn endrar seg i løpet av livet, i same retning som endringane til språksamfunnet som heilskap. Ettersom spreininga av *det* som formelt subjekt ser ut til å vera heilt fullført, og denne endringa i stor grad har skjedd i løpet av berre to generasjonar, vil eg påstå at det er grunn til å sjå på dette som ei produktiv eller effektiv språkending, altså at innovasjonen har spreidd seg raskt i språksamfunnet. Det kan dermed tenkast at denne endringa har hatt større innverknad på talemålet til dei eldre informantane i løpet av livet enn ei endring som skjer langsamt og viser større variasjon hos dei yngre. På den måten kan det tenkast at den eldre generasjonen likevel er blant dei aller første brukarane av *det* som formelt subjekt i presenteringssetningar. Uansett korleis variasjonstala skal tolkast, er det ingen tvil om at det har skjedd ei stor endring i bruken av denne variabelen blant informantutvalet, frå over 90 prosent bruk av *der* hos dei eldre til 100 prosent bruk av *det* hos dei yngre.

### **7.3.5 V5: Kjem**

V5 viser den lågaste generasjonsskilnaden blant dei språklege variablane. Dette kjem hovudsakleg av at ungdommane har ein høgare bruk av den tradisjonelle varianten, *kjeme*, for denne variabelen enn for dei andre variablane. Dersom ein berre ser på samanlikningane på *gruppenivå*, slik dei er presenterte i kapittel 6 og i 7.1.1, må utviklinga av bruken av *komme* reknast som ein langsamare spreiningssprosess enn for V1–V4. Bruken av *komme* (8,4 prosent) for dei eldre indikerer ikkje at spreininga skal ha teke til spesielt mykje seinare for denne variabelen enn for dei andre, men 76,6 prosent bruk av *komme* for dei yngre indikerer at spreining- eller endringsprosessen ikkje har kome like langt som for dei språklege variablane med høgare prosentar for denne aldersgruppa.

I tillegg til analysen på gruppenivå vil eg trekka merksemda mot realisasjonane av denne variabelen på individnivå, slik dei er presenterte i Tabell 7.6 under punkt 7.2 (med fullstending presentasjon i Vedlegg 14–19). Av alle dei 10 eldre informantane ser ein at berre tre varierer mellom bruken av dei to variablane. Bruken av den nye varianten er dermed nokså høg for desse tre informantane, høvesvis 40 prosent, 33,3 prosent og 11,1 prosent. Av dei 8 yngre informantane som er med i utvalet, har fem informantar 100 prosent bruk av den nye varianten. Av dei resterande tre har éin informant 50 prosent bruk av kvar variant, éin har 62,5 prosent bruk av den nye varianten og den siste har 100 prosent bruk av den *tradisjonelle* varianten, *kjeme*. Variasjonen på gruppenivå speglar altså ikkje eit utval der alle informantane varierer mellom dei to variantane og har éin variant dei nyttar klart oftast, men eit utval der dei fleste informantane er konsekvente i bruken av éin variant, medan dei informantane som har variasjon har nokså stor variasjon. I tillegg skil den eine yngre informanten seg ut med ein språkbruk som er stikk motsett av fleirtalet i aldersgruppa.

For dei leksikalske variablane, V5 og V6, finst det færre belegg for kvar variant enn det gjer for V1–V4. På denne måten vil kvart enkelt belegg gi nokså stort utslag på individprosentane til dei ulike informantane og vidare på gruppenivå. Ettersom nokre av informantane er ekskluderte frå utvalet, vil fleire av dei sosiale kategoriane innehalda færre informantar, og individprosenten til kvar enkelt informant vil dermed utgjera ein større del av gruppeprosenten. Det er vanskeleg å seia om både individ- og gruppeprosentane hadde vore dei same med eit større datamateriale. Eg vil derfor vera ekstra forsiktig med å trekka generelle konklusjonar på bakgrunn av tala for V5 og V6.

### **7.3.6 V6: Kanskje**

For V6 er gjennomsnittsprosenten for bruken av den nye varianten, *kanskje*, 6,4 prosent for dei eldre og 83,9 prosent for dei yngre, noko som gir ein generasjonsskilnad på 77,5 prosent. På gruppenivå kan desse tala tolkast som ei språkending som har teke til blant dei eldre informantane, men som ennå ikkje er fullført blant dei yngre. Likt som for V5 vil eg derimot peika på distribusjonen på individnivå. For V6 er endå fleire informantar og samanlikningskategoriar utelatne på grunn av få belegg, enn for V5. Av dei sju eldre informantane som er med i utvalet har fire ingen intraindividuell variasjon og nyttar den eldre varianten *gjærne* i alle tilfelle. For dei tre eldre informantane som varierer mellom dei to variantane, er bruken av den nye varianten, *kanskje*, høvesvis 5,9 prosent, 26,3 prosent og 12,5 prosent. Av dei fem yngre informantane som er med i utvalet, bruker tre av dei konsekvent den nye forma *kanskje*,

medan dei siste to har nokså stor variasjon, med 62,5 prosent og 57,1 prosent bruk av den nye varianten.

Ei mogleg forklaring på dette er nok ein gong det låge talet på realisasjonar av denne variabelen, som gir stort utslag for få belegg. Likevel synest eg det er interessant at begge dei leksikalske variablane viser variasjon som i stor grad er knytt til enkeltindivid. Det er ikkje slik at alle informantane varierer litt, men at enkelte individ skil seg ut ved å ha nokså stor variasjon eller å bruka ein annan variant enn resten av gruppa. Eit liknande tilfelle fann eg òg for bruken av *vore* eller *vært* som partisipp av *å vera*, som ikkje er presentert i denne avhandlinga (sjå pkt. 8.2.1). Her viste heller ingen av dei 20 informantane intraindividuell variasjon, men hadde 100 prosent bruk av den eine eller den andre varianten. Eg kjem tilbake til spørsmålet om samanhengen mellom individprosent og variabeltype i 7.4.4.

### 7.3.7 Regionalisering

I forskingsspørsmåla til del B av problemstillinga stilte eg mellom anna spørsmål til korleis utviklinga av talemålet i Åkra såg ut i forhold til språkutviklinga i resten av området, og om dette skal tolkast individuelt/lokalt eller som ein større regionaliseringsprosess. Ut frå samanlikningane av V1 og V3 med resultat frå andre avhandlingar i 7.3.1 og 7.3.3, ser det ut til at talemålet i Åkra beveger seg i ei felles retning med resten av regionen. Samanlikninga av desse to språklege variablane er ikkje nok til slå fast at det går føre seg ein regionaliseringsprosess i området, men dei kan argumentera for at ein slik påstand fortener vidare undersøking. Ut frå det innsamla materialet er det vanskeleg å gjera noka vidare drøfting av dette spørsmålet. Alle dei språklege endringane eg har peikt på går i retning av standardisering og former som ligg tettare opp mot, eller er meir brukte i, skriftspråket. For V3: palatalisering av velarar og V5: *kjem* må endringane seiast å likna det bokmålske skriftspråket,<sup>28</sup> medan dei andre nye variantane ikkje er knytte til éi målform. Det er dei nye, standardnære formene som ser ut til å spreia seg i heile regionen.

Fleire av dei språklege markørane for det sørvestlandske dialektområdet (sjå pkt. 2.5.2) blir sjeldan eller aldri undersøkte i avhandlingane eg har referert til og samanlikna med. Dette tolkar eg som at det er lita forventning til variasjon for fleire av desse trekka. Eit døme på eit slikt karakteristisk, men lite undersøkt sørvestlandstrekk er *-a* i infinitiv og svake hokjønn.<sup>29</sup> Det ser altså ut til at mange lokale språktrekk utviklar seg i ei felles retning, men at det likevel finst regionale trekk som held seg meir eller mindre stabile.

---

<sup>28</sup> Palataliserte velarar i nynorsk gjeld hovudsakleg verb.

<sup>29</sup> Kristine Nymark Aasen (2011) undersøker infinitivsending i si oppfølgjingsgransking av bymålet i Stavanger.

Dersom ein skal rekna dette som uttrykk for ein regionaliseringsprosess, der dei lokale målføra i ein region alle nærmar seg ein felles, grammatisk enklare varietet, gjerne med utgangspunkt i målføret i den største byen, kan ein spørja seg kva for region og kva for bysentrum åkramålet konvergerer mot. Finst det ei felles vestlandsk utvikling, med til dømes bergensmålet som utgangspunkt? Finst det ei hordalandsk og ei rogalandsk utvikling med Bergen og Stavanger som sentrum? Finst det ei eiga utvikling på Haugalandet eller i Nord-Rogaland og Sunnhordland med Haugesund som sentrum? Er utgangspunktet ikkje noko bysentrum i det heile, men er prosessen ein rural regionaliseringsprosess (sjå pkt. 3.3.4)? Desse spørsmåla gir ikkje materialet noko svar på, og eg vil dermed la spørsmåla stå opne med oppmoding om vidare forskning (sjå pkt. 8.2.2).

Det at hypotesane, som alle er baserte på den teoretiske bakgrunnen for dei språklege og sosiale variablane (sjå kap. 4), i stor grad ser ut til å stemma, byggjer opp under påstanden om ei felles språkutvikling i eit større område. Det ser i alle fall ikkje ut til å vera nokon språkleg variabel eller sosial gruppe i Åkra-materialet som oppfører seg veldig annleis enn det ein skulle venta ut frå litteraturen eg har presentert i kapittel 2–4.

## **7.4 Diakron variasjon i eit språkinternt perspektiv**

Til no har kapittel 7 teke føre seg variasjonsmønsterane til dei ulike sosiale kategoriane på gruppenivå, spørsmålet om aldersvariasjonen kan og bør tolkast som ei endring i tilsynelatande tid og kva statistikkane kan fortelja om retninga og raten til ei slik språk-  
endring. I desse spørsmåla har alle dei språklege realisasjonane blitt tolka under eitt, som like sannsynleg eller lite sannsynleg brukte. I dette delkapittelet vil eg sjå nærmare på ordformene der dei ulike språklege variantane opptre. Dei fonologiske, morfologiske og morfofonologiske variablane V1–V3 blir alle drøfta einskildvis, dei andre samla. Målet med denne drøftinga er å sjå om det kan ligga mønster eller føresetnader for endring eller bevaring av eit språktrekk i det indrespråklege, som presentert i 3.3.1. Drøftinga av V1–V3 blir hovudsakleg gjort på bakgrunn av ordlistene presenterte i Vedlegg 14–16.

### **7.4.1 V1: Segmentasjon av *ll***

Gjennomsnittsbruken av den tradisjonelle varianten, /dl/, er 93,3 prosent for dei eldre informantane. Eg går dermed ut frå at dette er det umarkerte for denne aldersgruppa, og er mest interessert i realisasjonar som skil seg frå bruken til fleirtalet. Det vil seia ordformene der dei eldre nyttar den usegmenterte forma /l/. Av dei 12 realisasjonane av /l/ er seks samansette ordformer med *rulle-* som forledd, anten leksemet *rullegardin* eller *rullestol*. I

tillegg finst samansetjinga *hyllseksjonen*. Dei siste fem realisasjonane er fire realisasjonar av *gammal* /gamale/ og éin av *hylla* /hyla/. For alle desse ordformene finst det derimot tilsvarende mange eller fleire realisasjonar med segmentert form /dl/.

For dei yngre informantane er det bruken av den tradisjonelle forma /dl/ som er den avvikande frå fleirtalet (12,5 prosent) og som dermed er av størst interesse. Lista består av berre fem ulike ordformer, der tre av dei har nokså høg frekvens. Her ser det ut til å vera ordforma i seg sjølv som er styrande for bevaringa av segmentasjonen av /l/, ikkje morfologiske eller fonologiske faktorar<sup>30</sup>. Alle formene som blir nytta med /dl/ finst derimot i tillegg på lista over ordformer realiserte med /l/. *Alle* blir brukt 11 gonger segmentert og 40 gonger usegmentert, *mellom* blir brukt 10 gonger segmentert og 9 gonger usegmentert, *imellom* blir brukt 7 gonger segmentert (og *innimellom* éin gong) og éin gong usegmentert og *fjellet* blir brukt éin gong segmentert og 26 gonger usegmentert.

Det er vanskeleg å trekka generelle konklusjonar ut frå desse ordlistene, men eg vil oppsummera eit par tendensar som i alle fall gjeld for dette spesifikke utvalet og data-materialet. Det er ingenting i desse listene som tyder på at det er skilnad mellom utviklinga til /l/ i innlyd og utlyd. Det er rett nok ingen av leksema som har halde på segmentasjonen blant dei yngre som høyrer til gruppa av einstavingsord på lang eller kort /l/, som ved segmentasjon får lang vokal og to stavingar. Når lista over /dl/ for dei yngre er så kort, er dette heller ikkje nødvendigvis å venta. Det ser ut til at orda som først har gått over frå /dl/ til /l/ er forledd i samansetjingar. Det kan derimot tenkast at dette er knytt til *rulle*- spesifikt og ikkje gjeld for samansetjingar generelt. Mot slutten av endringsprosessen ser segmentasjonen ut til å vera knytt til enkelte, nokså høgfrekvente leksem, spesielt ordet *imellom*.

#### 7.4.2 V2: Delt hokjønnsbøying

Når det gjeld bruken av delt hokjønnsbøying, ser eg ingen tydelege mønster i dei eldre sin bruk av *-å* for sterke hokjønn eller dei yngre sin tilsvarende bruk av *-e*. Blant dei eldre finst det berre fire belegg på den nye varianten *-å*. Desse er spreidde på tre informantar, og det er ikkje nokon tydeleg fellesnemnar mellom dei. Ordformene er *jorda* /jurə/, *krambua* /krambʊə/, *kråa* /krunə/ og *tida* /tiə/. Alle desse ordformene blir òg brukte med *e*-ending i materialet. For dei yngre sin bruk av *-e* for sterke hokjønn ser eg heller ingen klar fellesnemnar. Gjennomsnittsfrekvensen er på 1,9 realisasjonar per ordform, altså er det nokså stor variasjon i ordformer. Dette er ulikt mønsteret for V1, der det var få ord som hadde høg

---

<sup>30</sup> Sjølv om både morfologiske og fonologiske faktorar kan spela inn på kva for ordformer som held på tradisjonelle trekk, gjerne i kombinasjon med frekvens og saliens.

frekvens. Dei mest frekvente ordformene på lista, *brua* (5 gonger), *tida* (4 gonger) og *døra* (3 gonger), er alle blant dei fire mest frekvente ordformene på lista over bruk av *-å* for sterke hokjønn. Det kan dermed sjå ut til at bruken av *-e* for sterke hokjønn har minka nokså jamt for ordutvalet og at frekvensen for bruk av *e*-ending blant dei yngre speglar den faktiske frekvensen til ordformene i materialet.

Ordlistene for dei sterke hokjønnsorda kan kanskje ikkje gi særleg stor innsikt i endringsprosessen frå delt til felles hokjønnsbøying for sterke hokjønns substantiv i bestemt form eintal, men ordlistene for svake hokjønn kan derimot gi ganske tydelege svar på det andre spørsmålet eg stilte til hokjønnsbøyinga, nemleg bruken av *-e* for *svake* hokjønn. Då eg presenterte den språklege variabelen V2 i 4.1.3, peikte eg på at eg hadde observert døme på at *e*-endinga blei nytta for svake hokjønn. Dette kopla eg vidare til Særheim, som i si undersøking av stadnamn på Vest-Karmøy observerte det same. Han konkluderte med at variasjonen såg ut til å vera størst i områda der den delte hokjønnsbøyinga var minst brukt, og at han var spesielt knytt til enkelte etterledd. Denne variasjonen, eller «vaklinga», som Særheim kallar det, meinte han truleg kom av at systemet var i endring og at det rådde uvisse rundt når dei to endingsvokalane skulle nyttast. Med utgangspunkt i dette merka eg alle dei svake hokjønns substantiva i bestemt form eintal i materialet, på same måte som dei sterke. Som det går fram av Tabell 0.66 i Vedlegg 15, viser bruken av *e*-ending for svake hokjønn eit heilt konsekvent mønster i materialet. Alle førekomstane av *-e* for svake hokjønn er etterledd i samansetjingar. Ut frå det totale talet på samansetjingar der etterleddet er eit svakt hokjønns substantiv i bestemt form eintal ser det òg ut til å vera tendensar til eit konsekvent system for dei to aldersgruppene. Av dei 18 totale førekomstane av slike samansetjingar for dei eldre informantane blir formene med *-e* nytta i 15 tilfelle. For ungdommane blir eitt av sju samansett svakt hokjønns substantiv realisert med *e*-ending. Prosentvis utgjer dette 83,3 prosent for dei eldre og 14,3 prosent for dei yngre, som er tal som ikkje er veldig ulike bruken av *e*-ending for sterke hokjønn, høvesvis 98,4 prosent og 17,4 prosent.

Som for dei andre drøftingane i dette delkapittelet er det vanskeleg å trekka generelle konklusjonar på bakgrunn av så få belegg som er tilgjengelege her. Eg vil likevel argumentera for at ordformene nemnte ovanfor kan visa at bruken av *-e* i samansetjingar med svake hokjønns substantiv har vore ein del av bøyingssystemet for hokjønn i dialekten, men at dette er i endring, på same måten som den delte bøyinga. Ekspertpanelgruppa av lokale dialektkjennarar (sjå pkt. 2.5.3) stadfestar det same mønsteret som eg ser i mitt materiale, at ein



tradisjonelt har nytta *-å* for svake hokjønner i usamansette former og *-e* som etterledd i samansettingar.

### 7.4.3 V3: Palatalisering av velarar

Når det gjeld palatalisering av velarar, er det ikkje ordformene i seg sjølve eg ynskjer å sjå nærmare på, men dei grammatikalske kategoriane dei høyrer til og dei ulike lydovergangane som førekjem. Ettersom dei yngre informantane berre har fire belegg på denne variabelen samla, vil eg konsentrera meg om dei eldre sin bruk av den nye, ikkje-palataliserte varianten. Målet med dette er å sjå om det finst indikasjonar på i kva for tilfelle den tradisjonelle varianten først har gått ut av bruk. Nedanfor presenterer eg utdrag frå Tabell 0.11 og Tabell 0.12 i Vedlegg 6, som viser kor stor prosentdel dei ikkje-segmenterte realisasjonane utgjer av det samla talet på realisasjonar i kvar grammatikalsk kategori (Tabell 7.10) og for kvar lydovergang (Tabell 7.9). Merk at dette berre er utdrag av dei fullstendige tabellane.

	Kategori	Eldre som ikkje pal.
1	Svake hankjønner	8,1 %
2	Sterke hankjønner b.f. eint.	12,3 %
3	Sterke hankjønner ub.f. eint.	41,7 %
4	Hankjønner flt. er-klasse	0 %
5	Svake hokjønner	0 %
6	Sterke hokjønner b.f. eint.	8,7 %
7	Sterke hokjønner flt.	25 %
8	Svake inkjekjønner	8,3 %
9	Sterke inkjekjønner b.f. eint. og flt.	20,4 %
10	Verb i infinitiv og presens	30,8 %
11	Sterke verb perf.part.	0 %
12	Adjektiv på <i>-nge</i> (tonelag 2)	8,5 %
13	Forledd med vokalfuge	25 %
14	Determinativ	5,1 %

Tabell 7.10: Grammatikalske kategoriar der eldre ikkje palataliserer (utdrag frå Tabell 0.11 i Vedlegg 6)

Lydovergang	Eldre som ikkje pal.
k>tʃ	14,3 %
g>dʒ	10,8 %
g>j	5,6 %
ŋ>ɲ	10,2 %
sk>ʃ	12,5 %

Tabell 7.9: Lydovergangar der eldre ikkje palataliserer (utdrag frå Tabell 0.12 i Vedlegg 6)

For dei grammatikalske kategoriane er det nokså stor variasjon i prosenttala som er presenterte i Tabell 7.10. Det kan vera verdt å lesa resten av Tabell 0.11 og merknadene til denne før ein gjer tolkingar ut frå dei oppgitte prosentverdiane. Kategori 3, med høgast bruk av ikkje-palatal uttale, er basert på 12 belegg, men desse dreier seg alle om den same ordforma: *nøkkel*. Andre prosentar som skil seg ut med høg bruk av ikkje-palataliserte velarar er kategori 10, kategori 7, kategori 13 og kategori 9. For kategori 10, verb i infinitiv og presens, nyttar dei eldre 30,8 prosent ikkje-palataliserte former. Denne prosenten er basert på til saman 77 realisasjonar og består av fleire ulike ordformer og lydovergangar. Eg meiner derfor at han kan reknast som meir representativ for sin kategori enn til dømes kategori 3.

Kategori 7, sterke hokjønn fleirtal, og kategori 14, forledd med vokalfuge, har begge 25 prosent bruk av ikkje-palataliserte former. Dette utgjør i begge tilfella éin av fire realisasjonar, men dreier seg om meir enn éi ordform for kvar av dei. Den siste kategorien som har over 20 prosent bruk av dei ikkje-palataliserte formene, er kategori 9: sterke inkjekjønn bestemt form eintal og fleirtal. Her nyttar dei eldre 20,4 prosent ikkje-palataliserte former av totalt 44 realisasjonar i kategorien. Kategoriane med 0 prosent bruk av den nye varianten har 2, 5 og 14 realisasjonar, altså nokså låge tal.

Når det gjeld bruken av ikkje-palataliserte variantar ut frå lydovergangar, finst det langt mindre variasjon i prosenttala. Lydovergangen som skil seg ut med høgast frávær blant dei eldre er overgangen frå /k/ til /tʃ/, med ein bruk av /k/ på 14,3 prosent. Lydovergangen som har prosentvis høgast bruk for dei eldre er /g/ til /j/, der /g/ blir nytta i 5,6 prosent av tilfella.

Ut frå desse tala kan det sjå ut til at overgangen frå /g/ til /j/ er den best bevarte blant dei eldre informantane. Den same lydovergangen blir òg nytta i to av dei fire realisasjonane av palataliserte velarar blant dei yngre, *helga* /helje/ og *stige* /stije/. Overgangen som har endra seg mest i dette materialet er /k/ til /tʃ/. Når det gjeld dei grammatikalske kategoriane, er det vanskeleg å avgjera om prosentane som bygger på få belegg og/eller ordformer skal reknast som representative for sine kategoriar eller ikkje. Dersom ein ser bort frå kategoriane som blei kommenterte ovanfor fordi dei hadde få ordformer eller få samla realisasjonar, vil eg trekka fram verb i infinitiv og presens og sterke inkjekjønn bestemt form eintal og fleirtal som dei kategoriane som skil seg ut med høgast bruk av ikkje-palataliserte former blant dei eldre. Ut frå ein slik overflattisk kvantitativ analyse og drøfting av desse tala vil eg ikkje prøva å trekka slutningar om kva for regelendringar som er i gang. Eg vil derimot konkludera med at det finst nokså stor morfologisk og fonologisk variasjon både blant dei ikkje-palataliserte formene til dei eldre og dei palataliserte formene til dei yngre.

#### **7.4.4 Meir om indre faktorar til språkending**

Frå teorien presentert i 3.3.1 gjekk det fram at grammatiske og leksikalske språkendingar skjer gjennom ulike prosessar. Dei grammatiske trekka endrar seg ved omlegging av strukturen i språkssystemet, medan dei leksikalske endringane skjer ord for ord. Dersom ein legg til grunn at individprosentane for bruken av dei ulike språklege variantane er representative,<sup>31</sup> viser det seg òg eit anna mønster i språkbruken til informantane. Frå pkt. 7.3.5 og 7.3.6 går det fram at mønsteret for intraindividuell variasjon for dei leksikalske

---

<sup>31</sup> Av pkt. 7.3.5 og 7.3.6 går det derimot fram at det låge talet på realisasjonar av V5 og V6 ikkje nødvendigvis er representativt.

variablane V5 og V6 skil seg frå til dømes V3 og V4 ved at få informantar har stor variasjon, medan fleirtalet er konsekvente i språkbruken. Ut frå dette er det freistande å spekulera i om det kan vera nokon samanheng mellom fordelinga av den intraindividuelle variasjonen og skilnaden mellom endringa av språkssystem eller enkeltleksem. Hovudinnvendinga mot ei slik tolking er fordelinga av individprosentane for den morfologiske variabelen V2 (sjå t.d. Tabell 7.6 pkt. 7.2). Her viser det seg eit liknande mønster som for leksikalske V5 og V6, nemleg at mange av informantane har 100 prosent bruk av éin av variantane, medan dei som varierer har nokså høge variasjonstal. Dette gjeld først og fremst dei yngre informantane. Dei eldre har veldig låg bruk av den nye varianten *-å*. I tillegg kan det nemnast at V5: *kjem* gjeld ei morfologisk endring, trass i at ho her blir behandla leksikalsk. På grunnlag av fordelinga av individprosentane i materialet vil eg derfor ikkje konkludera med at individprosentane nødvendigvis har samanheng med om språkendringa gjeld systemet eller lekseminventaret. Likevel kan det tenkast at spreingsprosessen er ulik for systemendringar og lekseminventar, og at endringar i leksikonet i større grad er knytte til enkeltindivid enn endringar i språkssystemet er.

Når det gjeld indre faktorar til språkendring, kan i tillegg nemnast foreldre sin oppvekststad. Når eit barn byggjer opp språkssystemet sitt, ligg det store moglegheiter til endringar frå talemålet til foreldregenerasjonen (sjå pkt. 3.3.1). Innverknaden talet på lokale foreldre har på språkbruken til ein informant har eg allereie drøfta under punkt 7.1.3, og det vil ikkje bli teke opp igjen her.

I drøftingane og analysane presenterte i dette delkapittelet har eg nemnt fleire observasjonar og moglegheiter for mønster i variasjonen ut frå indrespråklege faktorar. Eg har derimot vore forsiktig med å trekka klare konklusjonar ut frå desse drøftingane. Analysane av ordformene er gjort på gruppenivå og tek ikkje omsyn til kva for informantar som har nytta formene. Dei bør derfor lesast i kombinasjon med resten av kapittelet, særleg delkapittel 7.1.

## **7.5 Diakron variasjon i eit språkeksternt perspektiv**

I formuleringa av problemstillinga i kapittel 1 valde eg å ikkje inkludera noko forskings-spørsmål som direkte dreier seg om å finna årsaker til den synkrone og diakrone variasjonen som måtte finnast. Dette er ikkje fordi eit slikt spørsmål ikkje er interessant eller relevant, men fordi det er eit stort spørsmål som vanskeleg lar seg svara på innanfor omfanget av ei mastergradsavhandling som denne, der mykje av fokuset har lege på å dokumentera at slik

variasjon eksisterer og å skildra og tolka variasjonsmønster i datamaterialet. Eg stilte derimot følgjande spørsmål:

På kva måte er språkleg variasjon/språkendingar knytte til endringar i samfunnsstrukturen i språksamfunnet?

I dette delkapittelet vil eg venda tilbake til oppsummeringa av samanlikningane av dei sosiale kategoriane frå 7.1 og kommentera dei i eit ytre årsaksperspektiv, med spesielt fokus på koplingar mellom samfunnsutvikling og språkending. Desse drøftingane vil vera nokså overflatiske, og eg vil vera forsiktig med å trekka klare konklusjonar, likt som for dei indre faktorane drøfta i 7.4. For å avgrensa omfanget vil eg primært konsentrera meg om dei tre omgrepa *prestisje*, *kontakt* og *nettverk* (sjå pkt. 3.3.2 og 3.4).

### 7.5.1 Alder

Den største variasjonen for alle dei språklege variablane finst mellom dei to aldersgruppene. Det er dermed denne samanlikninga som har blitt vigd mest plass i kapittel 7. Aldersvariasjonen ligg òg til grunn for den diakrone tolkinga som har vore fokuset i heile del B av kapittelet. Aldersgruppene blir slik på mange måtar overordna i forhold til dei andre sosiale bakgrunnsvariablane. I eit årsaksperspektiv kan aldersvariasjonen koplast til alle dei tre omgrepa nemnde innleiingsvis. Som presisert i 4.2.1 viser den sosiale kategorien alder både til faktisk alder og til generasjon.

Gjennom den språklege delen av samtalane med informantane har eg fått inntrykk av at dei eldre og dei yngre informantane har nokså like syn på kva som gir prestisje. Dei nyttar ord som «fint», «pent» og «bokmål» når dei snakkar om talemålet i byar som Kopervik, Haugesund og Oslo. Dette vurderer dei gjerne negativt, men det er tydeleg at dei likevel reknar det som meir «korrekt». Dei fleste opphøgjer dessutan eige talemål, og for mange ser dette ut til å vera nært knytt til den lokale identiteten deira. Både dei eldre og dei yngre nemner at dei må leggja om talemålet, eller «knota», i møte med talarar av andre varietetar som dei opplever (eller forventar) at ikkje forstår dei. Når det gjeld skriftspråkpraksis er det òg mange fellestrekk mellom dei eldre og dei yngre. I uformelle situasjonar, som ved skriving av tekstmeldingar på mobiltelefonen og chattemeldingar på sosiale medium, opplyser alle dei unge om at dei skriv «dialekt». Det same gjeld for dei eldre som nyttar slike tenester, sjølv om fleire av dei presiserer at dei unngår forkortingane som dei unge bruker. For både dei eldre og dei yngre ser det heller ikkje alltid ut til å vera noko tydeleg skilje mellom dialektskriving, nynorsk og bokmål. «Bokmål» og «nynorsk» blir gjerne av informantane nytta om

standardisering i form av å skriva alle ord ut fullstendig og normera stavemåten av ord i retning av skriftnormene.

Det finst sjølvsagt individuelle forskjellar, men alt i alt ser eg ingen teikn til store endringar i kva som gir språkleg prestisje i dei to generasjonane. Dersom dette skal vera ei årsak til språkending, må det dermed vera som ein konsekvens av auka kontakt med prestisjevarietetane og -variantane, ikkje i haldningane til dei. Kapittel 2 viste at det har skjedd store endringar i vestkarmøysamfunnet dei siste hundre åra, som har ført til enklare og meir nødvendig kontakt mellom innbyggjarane frå dei ulike bygdene, tettstadene og byane på Karmøy og resten av Haugalandet. Mykje har skjedd dei 50–60 åra sidan dei eldre var ungdommar, men mange av endringane i infrastruktur, sysselsetjing og busetnad hadde allereie teke til då dei eldre informantane var unge. Fleire av dei eldre informantane har gått på realskulen som låg i Kopervik, har hatt arbeidsplassar utanfor både Åkra og Karmøy og fortel om dansar og andre fritidsaktivitetar ulike stader på øya. Det som derimot har endra seg endå meir enn kontaktmønster i lokalsamfunnet, er kontaktmønster i storsamfunnet. Med dagens teknologi har det blitt vanlegare å kommunisera med både kjende og ukjende menneske over heile landet, både sosialt og i kommentar- og responsfelt på nettsider og liknande. Særleg dei yngre informantane fortel om dette som ein viktig del av kvardagen. Dette gir auka omfang av språkkontakt, i tillegg til å i større grad opna opp for kontakt mellom talarar av langt meir ulike varietetar enn ved kontakt andlet til andlet i distriktet. Dersom ein utvidar dialektkontaktteoriane til Giles og Trudgill (sjå pkt. 3.3.3) til å gjelda slik skriftleg avstandskontakt, er det nærliggande å anta at den auka kontakten òg fører til auka språkleg tilpassing og dermed, over tid, språkending. Dette vil då gjerne i større grad gjelda dei yngre enn dei eldre.

Den siste ytre årsaksfaktoren eg vil nemna er nettverk. Spørsmålet om endring i dei sosiale nettverka og korleis dette eventuelt påverkar talemålet vil eg knyta til den demografiske utviklinga i området. I delkapittel 2.2 såg me korleis folketalet i Åkra har blitt nesten dubla frå 1960 til i dag (2019), frå om lag 5.500 innbyggjarar til over 11.000. Dei to sentra i området, Vedavågen og Åkrehamn, veks begge jamt både i folketal og utbygging, og det er ingenting som tyder på at området kjem til å gå frå å vera eit område i vekst til å bli eit utflyttarområde. Vekst i folketalet får fleire konsekvensar for nettverksstrukturen i eit område. Først og fremst blir det vanlegare for eit individ å forholde seg til fleire andre individ i kvardagen på ein større tettstad enn i eit lite lokalsamfunn. Relasjonane blir dermed gjerne mindre komplekse og nettverka blir mindre tette. Ifølgje Milroy (1980, s. 52) har tette nettverk ein normdannande

effekt. Slik kan det tenkast at endringa frå tette og komplekse til opnare og meir uniplexe nettverk har gitt god grobotn for nye språklege impulsar og innovasjonar og mindre rom for sanksjonar på språkbruk. Då informantane blei spurde om dei hadde opplevd at språket blei eksplisitt retta på, viste det seg at fleire yngre enn eldre kunne fortelja om til dømes foreldre som retta språkbruken deira, stort sett i retning av meir tradisjonelle dialektformer. Frå dette kan ein trekka to moglege konklusjonar: 1) Endringa i nettverksstrukturen i Åkra har ikkje ført til endring i sanksjonar på språkbruk, eller 2) sanksjoneringa går ikkje føre seg eksplisitt, men kjem til uttrykk i det skjulte eller det umedvitne.

### **7.5.2 Kjønn**

Frå oppsummeringa i 7.1.2 ser ein det er mennene som har høgast bruk av dei nye variantane for dei fleste språklege variablane. Før eg ser på kvifor menn bruker fleire nye former enn kvinner, vil eg stilla spørsmål til om dette faktisk er tilfellet. Ingen av kjønnskilnadene er statistisk signifikante. Det vil seia at sannsynet for at resultata er tilfeldige og at det ligg andre forklarande faktorar bak er relativt høg. I tillegg er det ikkje slik at alle dei språklege variablane viser den same utviklinga. Rett nok er dei språklege variablane der kvinnene bruker flest nye former i mindretal, og kjønnskilnadene er minimale for desse variablane, men saman med andre argument som svekker kjønnsmonsteret kan ein spørja seg om dette er nok til å tolka tendensen som ein trend i utvalet.

Ved å samanlikna med resultata frå andre kategoriar ser ein at det kan tenkast at det er andre kryssreferansar som ligg bak resultata. Sett bort frå alder er talet på lokalt oppvaksne foreldre den kategorien som viser størst grad av statistisk signifikans. Ut frå teorien presentert i kapittel 2 og 3 er det òg mange logiske grunnar til at denne kategorien skal ha innverknad på talemålet til informantane. Heile fem av dei sju informantane med to lokale foreldre er kvinner. På same måte er to av dei tre eldre informantane med yrkeskontaktflate innanfor Åkra kvinner. Det er derfor truleg at skilnaden som blir målt ikkje eigentleg gjeld kjønnskilnader, men at han speglar andre faktorar.

Dersom ein likevel skal tolka resultata frå samanlikningane av språkbruken til dei ulike kjønna som ein trend for utvalet, vil eg trekka fram kontakt som ei mogleg årsak til den høgare bruken av dei nye språkformene blant menn, i alle fall for dei eldre informantane. Ein kan tenka seg at mennene i samfunnet tradisjonelt har vore ute og arbeidd, gjerne på sjøen, medan kvinnene har hatt større ansvar for heimen og det lokale. Dette er derimot ikkje ein god forklaringsmodell for det aktuelle informantutvalet. For det første forklarar ein slik hypotese

ikkje språkbruken til den yngre gruppa, og for det andre har fleirtalet av dei eldre kvinnene vore yrkesaktive, mange utanfor Åkra.

### **7.5.3 Lokale foreldre**

Tal på lokalt oppvaksne foreldre har allereie blitt nemnt som ein mogleg intern faktor til språkending (sjå pkt. 7.4.4) og som ein mogleg faktor som ligg bak kjønsskilnaden (sjå pkt. 7.5.2). I eit eksternt årsaksperspektiv kan foreldrebakgrunnen knytast til både kontakt og nettverk. Ein informant som veks opp med éin eller to foreldre som nyttar ein annan talemålsvarietet enn den lokale på staden, vil gjennom heile oppveksten vera i kontakt med eit anna talemål enn det som primært blir nytta i det lokale språksamfunnet. Dersom minst éin av foreldra kjem frå ein annan stad, anten i distriktet eller i ein annan del av landet, har ein gjerne meir kontakt med fleire familiemedlemmar på denne staden gjennom livet. Dersom slekta på mors- og farssida kjem frå ulike stader, kan det i tillegg tenkast at ein person er medlem av opnare og meir uniplekse nettverk. Familien på dei to sidene vil då ikkje vera medlemmar av dei same sosiale nettverka og det same lokalsamfunnet. Ut frå datamaterialet er det vanskeleg å måla korleis foreldrebakgrunn påverkar talemålet. Eg vil derfor berre konstatera at variasjonen finst og konkludera med at det ikkje finst noko som ugyldiggjer argumenta presenterte ovanfor og i kapittel 3 som forklaringsmodell for Åkra-informantane.

### **7.5.4 Yrkeskontaktflate**

Som det går fram av variabelnamnet, vil eg primært knyta variasjon ut frå yrkeskontaktflate innanfor eller utanfor Åkra til kontakt. Likt som tal på lokale foreldre kan det derimot òg tenkast at yrkeskontaktflaten har innverknad på den typen sosiale nettverk ein informant er eller har vore ein del av. Forholdet mellom kontakt og språkleg variasjon og endring har vore eit gjennomgåande tema i den teoretiske gjennomgangen i kapittel 2 og 3 og går igjen i fleire av drøftingane. Det vil derfor ikkje bli nærmare drøfta her.

### **7.5.5 Hovudmål i skulen**

På same måte som for kjønn vil eg vera forsiktig med å trekka klare linjer mellom hovudmål i skulen og bruk av nye språkformer. Skilnaden i språkbruken til nynorsk- og bokmålslevane er ikkje statistisk signifikant for nokon språkleg variabel, og tendensen er basert på berre tre språklege variablar (sjå pkt. 7.1.5). For desse er differansen på det meste 5,7 prosentpoeng. I den grad det finst nokon systematisk skilnad, og dermed ei årsak til denne skilnaden, vil eg trekka fram prestisje som ein mogleg ytre faktor. Slik eg definerte dette omgrepet i kapittel 3 (sjå pkt. 3.3.2) står skriftspråket sentralt. Det kan dermed tenkast at elevane som skriv bokmål i større grad blir påverka av dette språket, gjennom auka kontakt, eller at det finst ein

samanheng mellom språkhaldningane til dei som vel bokmål som hovudmål, eller er vaksne opp med foreldre som gjer det, og bruken av nye variantar. Dette går derimot ikkje eksplisitt fram av datamaterialet.

## 7.6 Språksamfunnet Åkra

Under punkt 3.4.2 stilte eg for første gong spørsmålet om Åkra kan og bør reknast som eitt språksamfunn, eit spørsmål som har dukka opp fleire gonger i løpet av dei føregåande kapitla. Som nemnt tidlegare er dette eit spørsmål som ikkje fell direkte under problemstillinga, men som er eit viktig teoretisk utgangspunkt for avgrensinga av utvalet og undersøkinga, og dermed heile avhandlinga. I tillegg er defineringa av Åkra som eitt, ingen eller fleire språksamfunn relevant for drøftinga av i kor stor grad funna frå denne undersøkinga kan seia noko generelt om resten av populasjonen i området.

### 7.6.1 Eitt språksamfunn?

Då eg presenterte omgrepet *språksamfunn* i 3.4.1, la eg vekt på at dette var eit omstridd omgrep som blir nytta med fleire tydingar. Eg vil ikkje leggja til grunn eitt spesielt syn på språksamfunnsomgrepet og sjå i kor stor grad Åkra oppfyller krava til ein gitt teoretikar, men eg vil drøfta området ut frå lingvistisk og haldningsmessig einskap. Eg legg til grunn at det finst eit hierarki av språksamfunn, der det som blir drøfta her er eit dialektalt nivå innanfor eit større regionalt, nasjonalt og nordisk språksamfunn.

Ved å sjå på dei lingvistiske forholda i Åkra og Karmøy kan det både argumenterast for at innbyggjarane i Åkra er talarar av ein felles varietet og at dei ikkje er det. Når eg i kapittel 2 definerte åkramålet som ein del av det sørvestlandske dialektområdet og lista opp ulike lingvistiske kjenneteikn for dette området, tok eg utgangspunkt i talemålet til fleirtalet av dei som veks opp i området. I tillegg til desse kjem tilflyttarar frå distriktet, resten av landet og utlandet og lokale innbyggjarar som måtte ha teke talemålet til innflyttarforeldre, trass i å vera oppvaksne i området. Dersom talemålet til alle innbyggjarane skal leggast til grunn, kan ein neppe snakka om nokon lingvistisk einskap. Dette vil derimot vera tilfellet dei aller fleste stadene i landet, og eg ser det derfor ikkje som ein grunn til å automatisk avkrefta lingvistisk einskap som eit argument for eller mot språksamfunnsspørsmålet.

Ei mogleg tilnærming til drøftinga av lingvistisk einskap i Åkra kan vera å leggja til grunn ei liknande avgrensing som eg har gjort for informantutvalet. Finst det lingvistisk einskap mellom innbyggjarane som har vakse opp i området frå skulealder og sjølve meiner at dei er talarar av eit haugalandsmål? Frå resultatata av undersøkinga eg har gjort, må svart seiest å vera



ja. Ettersom informantutvalet er ganske lite og ikkje er valt ut med utgangspunkt i jamn geografisk fordeling, har eg ikkje gjort noka systematisk samanlikning av dei ulike delområda som utgjer Åkra. I Vedlegg 20 har eg derimot sett opp ein tabell som viser individprosentane for bruken av dei nye variantane, gruppert etter geografiske delområde. Denne tabellen viser ingen tydelege mønster for bruken av dei nye variantane etter geografi. Eg vil derfor definera Åkra som eit meir eller mindre einskapleg område når det kjem til språkbruk, i alle fall for informantane og variablane som blir undersøkte her. Eg vil likevel nemna at då informantane blei spurde om språksituasjonen i området, meinte dei fleste informantane at det var skilnad mellom alle dei ulike delområda og tettstadene på Karmøy, både i heile kommunen og innanfor området som eg i denne avhandlinga kallar Åkra. Fleire gir uttrykk for å vera bevisste på variasjonen mellom aldersgrupper og interindividuell variasjon innanfor same generasjon og tettstad.

*Intervjuar: Snakkar dei annleis på Vea enn dei gjer på Åkra? [...]*

A: Spørst. Det er liksom, det er jo egentleg den same dialekta. [...] Men så har du jo at noko er, liksom, det, men det er jo forskjell på Åkra òg, kor tjukt folk snakkar, sant. (Yngre kvinne, Åkrehamn)

For å definera Åkra som eit språksamfunn basert på lingvistisk avgrensing, er det ikkje nok å berre visa til felles språkbruk i området. I tillegg må det vera slik at språkbruken i dette området skil seg frå området rundt. Utan jamførande litteratur eller undersøkingar frå dei nærliggande områda vil tilnærminga til dette spørsmålet vera basert på eigen lokalkunnskap og samtale med eldre og yngre lokalpersonar. Blant den eldste generasjonen eg har undersøkt vil eg argumentera for at det finst eit vestkarmøysk språkområde, med mange språklege fellestrekk som er mindre vanlege på resten øya. Dette er hovudsakleg trekk som tidlegare har vore vanlege i eit større område, men som har halde seg lengre på Vest-Karmøy enn i sentrumsområda Skudenes og Kopervik og på den nordre halvdelen av øya. Dette er det same området der Særheim (1998) har funne døme på delt hokjønnsbøying i stadnamn. Området strekker seg frå Vedavågen i nord<sup>32</sup> til Sandve i sør og omfattar mellom anna heile tidlegare Åkra kommune. Områda frå Vedavågen til Ferkingstad, ekskludert byområdet Åkrehamn, utgjer ein kjerne i området, og det kan diskuterast om områda sør for Ferkingstad framleis skal reknast med til området i dag. I sør grensar det vestkarmøyske målføret mot skudenesmålet, som tradisjonelt har hatt fleire fellestrekk med det sørrogalandske målet i Stavanger. I nord grensar området mot det meir bymålsprega koperviksmålet.

---

<sup>32</sup> Ofte finn ein dei same trekka på nordsida av vågen, i områda rundt Ytraland.

Typiske kjennemerke for området eg skisserte ovanfor er mellom anna segmentasjon av *ll*, differensiasjon av *rn*, delt hokjønnsbøying, ikkje leninisering<sup>33</sup>, palatalisering av velarar, i-omlydte presensformer (som *kjeme*) og mange fleire<sup>34</sup>. Etersom dei yngre informantane i dag i lita grad bruker desse tradisjonelle målmerka, slik undersøkinga eg har gjort viser, kan det diskuteras om ein i dag kan snakka om eit felles vestkarmøysk språkssystem på same måte som tidlegare.

Spørsmålet om felles haldningar til språket er tett knytt til den faktiske realiseringa av språket, presentert ovanfor, og vil derfor ikkje bli vigd like stor plass. Når informantane blei spurde om kva for dialekt dei snakkar, viste dei alle til tettstaden dei kjem frå, ikkje Karmøy eller Vest-Karmøy. Enkelte oppgav endå meir spesifikke område, og det var tydeleg at dette spørsmålet er knytt til den lokale identiteten deira. «Eg har ikkje veadialekt. Eg har salvøydialekt.» (Yngre mann, Vedavågen) På same måten som for språkbruken ser det ut til å finnast to ulike nivå av identitet og haldningar. På den eine sida er det viktig for informantane å skilja mellom dei ulike stadene innanfor området eg har valt å kalla Åkra. Likevel gir dei uttrykk for å sjå på heile dette området som éin felles språkfellesskap, og naboopposisjonen viser seg i størst grad mot Kopervik og Haugesund. Mange bruker Kopervik som det nærmaste dømet på eit tydelege anna målføre enn deira eige og skildrar dette som «pent» og «fint» eller «uekte» og «tilgjort» karmøymål. Skudenes blir ikkje omtalt like negativt, men også dette blir av mange trekt fram som ein annan dialekt enn den dei sjølve har. Som drøfta i 7.5.1, viser alle informantane stort sett semje om kva som er å rekna som prestisjeformer.

Oppsummert vil eg seia at spørsmålet om Åkra skal reknast som eitt språkområde kjem heilt an på definisjonen ein legg til grunn og på auga som ser. I eit smalt perspektiv kan ein argumentera for at området ikkje består av eitt språkområde, men fleire, til dømes Vedavågen, Sevland, Åkra og Liknes. I eit breiare perspektiv kan ein argumentera for at området ikkje utgjer noko eige språksamfunn i det heile, men at det utgjer halvparten av det vestkarmøyske språksamfunnet. I tillegg kan det tenkast at ein burde gjera eigne vurderingar av omgrepet for kvar aldersgruppe, ettersom språkbruken og dels haldningane er så ulike.

## 7.6.2 Generalisering til populasjonsnivå

Eitt av forskingsspørsmåla eg stilte i kapittel 1 dreidde seg om i kor stor grad det går an å generalisera resultatata frå denne undersøkinga til å gjelda for heile populasjonen, altså for alle

---

<sup>33</sup> Dette har eg ikkje lista opp fordi det har skjedd ei endring på Vest-Karmøy, men fordi det ser ut til at yngre skudenesbuar i dag ikkje nyttar blaute konsonantar i like stor grad som før, og isoglossen i sør kan vera i endring. Dette er eit salient trekk som mange nemner.

<sup>34</sup> Sjølv om desse trekka òg førekjem andre stader på øya.

innbyggjarane i Åkra som oppfyller dei same kriteria til alder, oppvekststad og eit sjølvklært lokalt talemål, som var utvalskriteria for informantane. Ei slik generalisering meiner eg er problematisk av fleire grunnar.

Først og fremst vil eg vera forsiktig med å gjera ei generalisering på grunn av statistiske veikskapar. Informantutvalet er nokså lite, og fleire av kategoriane som har blitt samanlikna består av berre tre eller fire informantar. I tillegg har nokre av dei språklege variablane nokså få belegg, og ein kan spørja seg om det finst nok grunnlag til å trekka generelle slutningar. Ein annan statistisk veikskap ligg i analysen av dei ulike sosiale og språklege variablane.

Datamaterialet består av ei rekke sosiale variablar som alltid vil verka saman og som i kombinasjon utgjer bakteppet for bruken av ein språkleg variabel. Når eg har gjort bivariate analysar, der det til ei kvar tid berre er éin avhengig språkleg variabel som blir samanlikna med éin uavhengig sosial variabel og seinare samanlikna som to kategoriar, blir det ikkje teke omsyn til korleis dei andre sosiale variablane spelar inn på dei sosiale gruppene som blir konstruerte. På grunn av dei tydelege og signifikante forskjellane mellom dei eldre og dei yngre informantane for kvar språkleg variabel, har eg teke omsyn til dette ved å manuelt dela alle dei sosiale bakgrunnskategoriane i to aldersgrupper, og eg har unngått å samanlikna kategoriar med ulikt tal på eldre og yngre informantar. På denne måten har eg teke omsyn til kryssreferansar for alder og dei andre sosiale kategoriane. Eg har derimot ikkje hatt høve til å gjera dette for kryssing mellom dei andre sosiale variablane. Det er derfor mogleg at ei samanlikning av to sosiale kategoriar måler noko anna enn det ho er meint til å måla.

I tillegg til dei statistiske utfordringane kan ein òg problematisera utvalet og utveljinga av informantane. Alle informantane er kontakta etter prinsippet om tilfeldig utval etter dei oppgitte kriteria. Deltakinga har derimot vore frivillig, og fleire informantar har takka nei til å vera med i undersøkinga, både eldre og yngre. Dette opnar dermed for ei ny feilkjelde. Finst det nokon samanheng mellom kva for informantar som vel å delta i ein samtale som denne og språkbruken deira? Takkar folk ja ut frå ei interesse for det lokale talemålet og eit ynskje om å visa fram det tradisjonelle talemålet? Skil folk som takkar ja til å bli forska på seg ut som meir sosiale eller kontaktsøkande og er meir vande med å akkomodera eller tilpassa språket sitt? Har eg presentert prosjektet og førespurnaden om å delta likt for alle informantane?

Trass i utfordringar som dei eg har presentert ovanfor vil eg påstå at det finst argument for å sjå på resultatane frå denne undersøkinga som tendensar som kan gjelda for heile, eller i alle fall større delar av, populasjonen i området. I delkapittel 7.1 viste eg at alle hypotesane eg sette fram i kapittel 4 i større eller mindre grad stemte med dei faktiske resultatane. Slik ser

språkbruken til informantutvalet ut til å stemma med forventingane frå det teoretiske bakgrunns materialet. Dette vil eg argumentera for at aukar validiteten til resultata og gjer det meir aktuelt å tolka resultata som gyldige utover sjølve informantutvalet. I tillegg såg me i delkapittel 7.3 at resultata i stor grad samsvarte med annan nyare talemålsforskning i regionen, der slik jamføring var mogleg. Det at variasjonen til utvalet frå Åkra liknar utval frå andre stader på Sørvestlandet, kan argumentera for at resultata viser ein generell trend utover det undersøkte informantutvalet. Utvala i dei andre undersøkingane vil gjerne vera valde ut på liknande måtar som mine, og resultata vil ha same statistiske utfordringar. Eg vil likevel argumentera for at jo fleire undersøkingar som viser liknande resultat, jo meir truleg er det at dette gjeld ei språkendring i heile dei aktuelle språksamfunna.

## **7.7 Oppsummering**

I dette kapittelet har eg drøfta resultata som blei presenterte i kapittel 6 og prøvd å knyta dei opp mot det teoretiske utgangspunktet presentert i kapittel 2–4. Dei ulike tilnærmingane til datamaterialet har hatt som mål å svara på problemstillingane og forskingsspørsmåla frå kapittel 1. Resultata eg har kome fram til blir oppsummerte i neste kapittel (kap. 8).

## 8 Oppsummering

### 8.1 Konklusjon

I denne oppgåva har eg undersøkt korrelasjonen mellom seks språklege variablar og dei sosiale bakgrunnsvariablane *alder, kjønn, tal på lokale foreldre, yrkeskontaktflate innanfor eller utanfor området og hovudmål i skulen* blant 20 informantar frå to generasjonar i området som tidlegare utgjorde Åkra kommune, vest på Karmøy. Dei språklege variablane som har blitt undersøkte er *segmentasjon av ll, delt hokjønnsbøying, palatalisering av velarar i innlyd, formelt subjekt i presenteringssetningar, sterk eller svak bøying av verbet å koma i presens og bruken av gjerne eller kanskje om potensialinnhald*.

I kapittel 1 formulerte eg ei todelt problemstilling og ei rekke forskingsspørsmål som har vore utgangspunktet for datamaterialet eg har samla inn og drøftingane som blei gjort i kapittel 7. Del A av problemstillinga dreidde seg om variasjon i eit synkront perspektiv og tok utgangspunkt i spørsmålet om det finst variasjon i talemålet til informantane og korleis denne variasjonen opptrer både på individ- og gruppenivå. For å undersøka dette sat eg fram seks hypotesar om variasjonsmønsterane i utvalet på gruppenivå.

Den første hypotesen, som låg til grunn for alle dei andre hypotesane, var at det fanst variasjon i bruken av dei ulike variablane. Då det blei stadfesta at denne var oppfylt, gjekk eg vidare til å sjå på dei resterande fem hypotesane, som alle gav uttrykk for ei forventning til retninga eller omfanget av variasjonen mellom to sosiale grupper. Frå presentasjonen av resultata i kapittel 6 og drøftinga av desse i første del av kapittel 7, viste det seg at alle hypotesane blei meir eller mindre styrkte. Variasjonen mellom aldersgruppene var større enn variasjonen mellom nokon av dei andre samanlikningskategoriane.

For fleirtalet av dei språklege variablane viste det seg at yngre bruker fleire nye former enn eldre, menn bruker fleire nye former enn kvinner, personar med éin lokal forelder bruker fleire nye former enn personar med to lokale foreldre, personar med yrkeskontaktflate utanfor Åkra bruker fleire nye former enn personar med yrkeskontaktflate innanfor Åkra og bokmåselevar bruker fleire nye former enn nynorskelevar. Det er derimot stor skilnad på kor sterk denne tendensen er og på kor mange språklege realisasjonar, informantar, sosiale kategoriar og språklege variablar som ligg til grunn for tolkinga. Den einaste tendensen som er statistisk signifikant for alle dei seks språklege variablane, er aldersvariasjonen, som utgjorde hypotese IIa.

Del B av problemstillinga dreidde seg om korleis variasjonsmønstera som måtte bli påviste i del A skulle tolkast. Her argumenterte eg først for at den synkrone aldersvariasjonen kunne og burde tolkast som eit uttrykk for diakron variasjon, altså språkendring. Med utgangspunkt i dette drøfta eg kva variasjonsmønstera kan fortelja om korleis språkendringsprosessen ser ut for dei ulike språklege variablane i det aktuelle området, når ei endring har teke til og kor langt endringsprosessen er komen.

Eg viste at språkbruken til dei eldre informantane kunne indikera at dei, som stort sett er fødte i 1940-åra, ser ut til å vera blant dei første til å ta i bruk dei nye variantane. Ut frå språket til dei yngre informantane såg me at det er dei nye variantane som dominerer i dag. Aldersvariasjonen er i tillegg litt ulik for dei seks språklege variantane. Dette tolka eg som at endringa har teke til på litt ulike tidspunkt, at endringa skjer med ulikt tempo og at endringane i ulik grad er fullførte. Den felles tendensen er derimot at alle dei eldre primært bruker dei tradisjonelle variantane og at alle dei yngre primært bruker dei nye variantane. Nett når overgangen frå primært tradisjonelle til primært nye variantar har skjedd kan ikkje materialet fortelja noko sikkert om.

Vidare drøfta eg moglege indre og ytre årsaker til språkendring og såg på endringar i språket ut frå samfunnsmessige endringar i Åkra og i storsamfunnet. Dette har eg ikkje undersøkt systematisk, og eg var derfor forsiktig med å trekka klare konklusjonar.

Eg har òg undersøkt og drøfta korleis utviklinga i Åkra skil seg eller liknar den språklege utviklinga andre stader på Sørvestlandet. Her viste eg mellom anna til likskapstrekk i utviklinga av segmentasjon av *ll* og palatalisering av velararar i Åkra og andre stader i regionen. Dette argumenterte eg for at kan tyda på ei regionalisering av talemåla i området, men at dette spørsmålet krev vidare forskning og utvida empiri for å svarast tilfredsstillande på.

Den felles utviklinga i Åkra og andre stader i nærleiken har eg brukt som argument for at resultata eg har kome fram til i denne undersøkinga til ei viss grad kan seia noko om språkbruken blant resten av innbyggjarane i Åkra, trass i at utvalet er lite og ikkje utan vidare kan generaliserast til populasjonsnivå.

## **8.2 Vidare forskning**

I kapittel 1 gjorde eg det klart at føremålet med avhandlinga ikkje berre var å finna fram til ny kunnskap om åkramålet, men at det i tillegg har vore eit mål å byggja opp eit materiale som seinare kan utvidast og analyserast vidare. Slik har ikkje lydopptaka som er samla inn, transkriberte og kopla til bakgrunnsinformasjon om talarane berre verdi som eit middel for å

koma fram til resultat i denne undersøkinga, men kan lagrast og brukast opp igjen seinare. «Vidare forskning» blir her nytta i fleire ulike tydingar. For det første vil det vera mogleg å gjera vidare analysar av materialet i Talebanken og av resultat presenterte i denne avhandlinga i notid. Slik kan ein undersøka fleire aspekt ved åkramålet enn det eg har hatt høve til her. Eit anna bruksområde for materialet er seinare forskning. Det er vanskeleg å seia kva for metodar og teknologiske nyvinningar som vil ligga til grunn for talemålsforskinga i framtida, men med både digitale lydopptak, digitale transkripsjonar til normert nynorsk og registreringar av fødselsår, oppvekststad og andre bakgrunnsopplysingar om alle informantane, er det truleg og ynskjeleg at materialet kan nyttast seinare, sjølv om formatet skulle bli endra. I tillegg til vidare forskning på datamaterialet frå denne studien kjem vidare forskning på det same temaet med andre tilnærmingar og anna empirisk materiale.

### 8.2.1 Vidare forskning på åkramålet

På bakgrunn av datamaterialet eg har samla inn til denne undersøkinga, går det an å gjera analysar av fleire språklege og sosiale variablar enn dei som er undersøkte og presenterte her. I tillegg til dei sosiale kategoriane eg har analysert i denne avhandlinga er det mellom anna samla inn informasjon om eigen og foreldre sin yrkesbakgrunn, geografisk tilhøyrse innanfor området og kvar foreldre som ikkje er frå Åkra er vaksne opp. Eg har allereie nemnt fleire språklege variablar som kunne blitt undersøkte. Lista over moglege variablar å undersøka er lang og inneheld mellom anna *e*-ending for adjektiv i ubestemt form eintal maskulinum og femininum (*ein fine tekst*), fleirtalsending for sterke inkjekjønns i bestemt form (*brever*), vokalkvaliteten til samansetjingsfuger (*ei lysakruna*), eventuelt samanfall av kort /u/ og /y/ (*gytt, tusk*), prosodisk analyse av tonelag 2 likt eller ulikt Haugesund, verb med endring i rotvokal utover *koma* og mange fleire. I tillegg til dei seks språklege variablane som er presenterte i denne avhandlinga har eg annotert og dels analysert tre andre variablar, som dessverre ikkje fekk plass i denne avhandlinga. Dette gjeld differensiasjon av *rn* (sjå pkt. 4.1.2), ending i bestemt form fleirtal av sterke inkjekjønns (samanlikna med bestemt form eintal av sterke hokjønns) og partisippane *vore* eller *vært* av verbet *å vera*. For den opphavlege V4, bruken av *sånn* som adverb, determinativ og fyllord, har eg materiale som består av ein utfyllande teoretisk introduksjon, annotasjon av aktuelle realisasjonar i Talebanken og påbegynte analysar, som samla kan publiserast i ein artikkel om emnet.

I tillegg til utvida analysar av datamaterialet vil det vera mogleg (og ynskjeleg) å samla inn eit utvida datagrunnlag for å gjera liknande analysar. Ved å samla inn materiale frå nærliggande område vil ein kunna seia meir om spreiding av ulike variantar. Ein vil òg betre kunna definera

området som eit språksamfunn, slik det blei drøfta under punkt 7.6.1. Ved å undersøka éin eller fleire mellomliggande generasjonar vil ein kunna seia meir om når språkendingane eg har peikt på har skjedd. I delkapittel 7.3 tok eg utgangspunkt i S-kurvemodellen for spreining av nye språktrekk (sjå pkt. 3.3.5) og observerte at alle dei seks språklege variablane viste ei utvikling tilsvarande dei flate endane i byrjinga og slutten av kurva. *Når* skiftet frå at majoriteten bruker flest tradisjonelle former til at majoriteten bruker flest nye former har skjedd, er det ikkje mogleg å seia noko om ut frå dette materialet. Ved å oppdriva eldre opptak, eller ved å gjennomføra ein ny studie om tid tilsvarande minst éin generasjon, vil det vera mogleg å gjera undersøkingar i verkeleg tid for å undersøka livsfasevariasjon og livsløpsvariasjon.

### **8.2.2 Vidare sosiolingvistisk forskning på Vestlandet og i Noreg**

Saman med materialet frå dei andre delane av Vestlandet utgjer materialet frå Åkra eit godt utgangspunkt for studiar av bruk og spreining av ulike språkdrag i distrikta og regionane på Vestlandet. Ettersom grunnlaget for innsamlinga i stor grad samsvarar med utgangspunktet for avhandlingane i *Dialektendringsprosessar*, vil det i tillegg vera mogleg å studera alt datamaterialet frå Vestlandet meir eller mindre samla, for å seia noko om talemålssituasjonen og endringa av denne i heile landsdelen. I dette perspektivet vil eg igjen reisa spørsmålet om utviklinga i Åkra kan seiast å vera del av ein regionaliseringsprosess, eit spørsmål ein treng eit utvida datamateriale for å kunna svara på.

### **8.2.3 Andre disiplinar**

Heilt til slutt vil eg nemna at det ikkje berre er vidare sosiolingvistisk forskning som er mogleg ut frå datamaterialet som er samla inn. Som ein del av det permanente korpuset Talebanken kan transkripsjonane nyttast til studium av det talte språket innanfor fleire andre lingvistiske disiplinar. I tillegg kan undersøkingane og drøftingane som er gjort om talemålet i Åkra vera relevante for lokalhistorisk eller meir folkelingvistisk forskning og interesse i området. I eit meir dialektologisk perspektiv vil det vera mogleg, og gjerne ynskjeleg, med eit kartleggingsarbeid av tradisjonelle og nye former i området, gjerne i samarbeid med prosjektgruppa som blei introdusert i 2.5.3.



## Litteratur

- Akselberg, G. (1995) *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune* [doktoravhandling]. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Akselberg, G. (1999) Prosjektet *Talemålsendring i Noreg. Språknytt*, 2.
- Akselberg, G. (2002) Språkleg identitet og haldning. *Målbryting*, 6, s. 5–11.
- Akselberg, G. (2005) Talemålsregionalisering - modellar og røynd. *Målbryting*, 7, s. 109–130.
- Anderson, R. L. (2013) *Metodisk opplegg for feltarbeid på Vestlandet* [Internett].  
Tilgjengeleg frå:  
<<https://folk.uib.no/hnohs/DEP/Methodisk%20opplegg,%20versjon%206.pdf>> [Lese: 27.03.2019].
- Berntsen, M. og Larsen, A. B. (1925) *Stavanger bymål*. Oslo: I kommisjon hos H. Aschehoug & Co.
- Bloomsfield, L. (1933) *Language*. New York: Henry Hold and Company.
- Cameron, D. (1992) *Feminism and Linguistic Theory*. London: Macmillan Press Ltd.
- Christiansen, H. (1946) *Norske dialekter*. Oslo.
- Christiansen, H. (1954/1973) Hovedinndelingen av norske dialekter. I: *Maal og Minne*, 1954, s. 30–41. Seinare publisert i Beito, O. T. og Hoff, I. (red.) (1973) *Frå norsk målføregransking. Utvalde utgreiingar 1908–1969*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 39–48.
- Danielsen Ungdomsskole Karmøy (u.å.) *Historien* [Internett]. Tilgjengeleg frå:  
<<https://www.danielsen-skoler.no/dukarmoy/om/>> [Lese 01.12 2018].
- Doublet, I. A. C. (2015) *Randaberg, den grønne landsbyen. Ei sosiolingvistisk undersøkning av talemålet i Randaberg* [masteravhandling]. Volda: Høgskulen i Volda.
- Eliassen, P. og Strøm, B. Aa. (1989) *Av egen kraft: Hydro Aluminium Karmøy Fabrikker 1963-1989*. Alnor.
- Faarlund, J. T., Lie, S. og Vannebo, K. I. (1997) *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fintoft, K. og Mjaavatn, P. E. (1980) *Språksosiologiske forhold i Trondheim bymål*. Trondheim: Tapir.
- Fyllingsnes, F. (2014) *Karmøys historie: Fra 1900 til 1950*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Gabrielsen, F. (1991) *Haugesund bymål*. Bergen: Målføresamlinga ved Nordisk institutt, UiB.
- Giles, H. (1973) Accent Mobility: A Model and Some Data. *Anthropological Linguistics*, 15, s. 87–105.
- Gjersvik, M. (1984) *De som dro fra Karmøy til Amerika*.
- Gumperz, J. (1968/1972) The Speech Community. I: *International Encyclopedia of the Social Sciences*. Macmillan, s. 381–386. Seinare publisert i Giglioli, P. P. (red.) (1972) *Language and Social Context*. Harmondsworth: Penguin Books, s. 219–231.
- Hanssen, E. (2010) *Dialekter i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hanssen, E., Hoel, T., Jahr, E. H., Rekdal, O. og Wiggen, G. (1978). *Oslomål: prosjektbeskrivelse og syntaktisk analyse av Oslomål med henblikk på sosiale skilnader*. Oslo: Novus Forlag.

- Helleland, B. og Papazian, E. (1981) *Norsk talemål*. Oslo: NRK.
- Hognestad, J. K. (2012) *Tonelagsvariasjon i norsk. Synkrone og diakrone aspekter, med særlig fokus på vestnorsk* [doktoravhandling]. Kristiansand: Universitetet i Agder.
- Hydro (2016a) *Karmøy Metallverk* [Internett]. Tilgjengeleg frå:  
<<https://www.hydro.com/no/hydro-i-norge/var-virksomhet/her-finner-du-oss/karmoy/karmoy-metallverk/>> [Lese: 05.02.2019].
- Hydro (2016b) *Karmøy Valseverk* [Internett]. Tilgjengeleg frå:  
<<https://www.hydro.com/no/hydro-i-norge/var-virksomhet/her-finner-du-oss/karmoy/karmoy-valseverk/>> [Lese 05.02.2019].
- Hægstad, M. (1915) *Vestnorske maalføre fyre 1350. II Sudvestlandsk. 1. Rygjamaal*. Kristiania: I kommisjon hos Jacob Dybwad.
- Karmsund havn (2018) *Karmsund trafikk- og fiskerihavn* [Internett]. Tilgjengeleg frå:  
<<https://karmsundhavn.no/trafikkhavn/havnespesifikasjoner/>> [Lese 05.02.2019].
- Kartverket (u.å.) *Utan tittel* [Internett]. Tilgjengeleg frå:  
<<https://norgeskart.no/#!?project=norgeskart&layers=1005&zoom=8&lat=6608871.71&lon=-55004.20&sok=karm%C3%B8y&markerLat=6611553.382182328&markerLon=-51167.052249074564&panel=searchOptionsPanel>> [Lese 18.03.2019].
- Klungtveit, E. A. (2017) *Sandsmålet «i morgon»: en sosiolingvistisk studie av talemålet på Sand i Suldal* [masteravhandling]. Stavanger: Universitetet i Stavanger.
- Kolsrud, S. (1951) *Nynorsken i sine målføre*. Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad.
- Kristiansen, T. (1992) Køn og sproglig usikkerhed. I: Gunnarsson, B. L. og Liberg, C. (red.) *Språk, språkbruk och kön. Rapport från ASLA:s nordiska symposium. Uppsala 7-9 november 1991*. Uppsala: ASLA, Svenska föreningen för tillämpad språkvetenskap, s. 97–106.
- Labov, W. (1972a) *Language in the Inner City. Studies in the Black English Vernacular*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Labov, W. (1972b) *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Labov, W. (1982) *The Social Stratification of English in New York City*. 3. utg. Washington: Center for Applied Linguistics.
- Labov, W. (2001). *Principles of Linguistic Change. Volume 2: Social Factors*. Malden: Blackwell Publishers.
- Larsen, A. B. (1897) *Oversigt over de norske bygdemål*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.'s Forlag.
- Larsen, A. B. (1907) *Kristiania bymål. Vulgærsproget med henblik på den utvungne dagligtale*. Kristiania: I kommisjon hos Cammermeyers Boghandel.
- Larsen, A. B og Stoltz, G. (1912) *Bergens bymål*. Kristiania: I kommisjon hos H. Aschehoug & Co.
- Lid, H. (2015) *Men Odda e' jo da naturle' sentere' fy oss, dao. Ei sosiolingvistisk gransking av variasjon og endring i dialekta i Ullensvang herad* [masteravhandling]. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Lie, S. (2003) *Innføring i norsk syntaks*. 5. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lillehammer, A. (1980) *Bygdebok for Karmøy: Åkra*. Bygdebokutvalget i Karmøy.
- Lyons, J. (1970) *New Directions in Linguistics*. London: Penguin.

- Milroy, L. (1980) *Language and Social Networks*. Oxford: Basil Blackwell.
- Milroy, L. og Gordon, M. (2006). *Sociolinguistics. Method and Interpretation*. Oxford: Blackwell Publishing.
- Mæhlum, B. (1996) Opposisjonsinnlegg ved disputasen til Gunnstein Akselberg. *Maal og Minne*, s. 170–184.
- Mæhlum, B. (2008) Språk og identitet. I: Mæhlum, B, Akselberg, G., Røynealand, U. og Sandøy, H. (red.) *Språkmøte*. 2. utg. Oslo: Cappelen Damm, s. 105–126.
- Mæhlum, B. og Røynealand, U. (2012) *Det norske dialektlandskapet: Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm.
- Nynorskordboka (2018). Oppslagsord: "gjerne".
- Omdal, H. (1994) *Med språket på flyttefot* [doktoravhandling]. Uppsala: Uppsala universitet.
- Papazian, E. og Helleland, B. (2005). *Norsk talemål: lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Regjeringa (2017) *Historisk utvikling. Den norske kommunestrukturen opp gjennom tidene (1837-2013)* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/utviklingen-av-den-norske-kommunestruktu/id751352/>> [Lese: 01.12.2018].
- Romaine, S. (1982) What is a speech community? I: Romaine, S. (red.) *Sociolinguistic Variation in Speech Communities*. London: Edward Arnold.
- Romaine, S. (1994) *Language in Society. An Introduction to Sociolinguistics*. Oxford: Oxford University Press.
- Ross, H. (1909). *Norske bygdemaal*. Kristiania: I kommisjon hos Jacob Dybwad.
- Ryfylke IKS, Ryfylkealliansen og Ryfylkefondet (u.å.) *Om Ryfylke* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://ryfylke.no/om-ryfylke/#kor>> [Lese: 08.03.2019].
- Sandvik, O. H. (1979) *Talemål i Rogaland – i går, i dag og i morgen*. Stavanger: Rogalandsforskning, Rapport nr. 1.
- Sandøy, H. (red.) (1983) *Talemål i Bergen*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Sandøy, H. (1985) *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, H. (1996) *Talemål*. Oslo: Novus forlag.
- Sandøy, H. (2008) Kontakt og spreining. I: Mæhlum, B, Akselberg, G., Røynealand, U. og Sandøy, H. (red.) *Språkmøte*. 2. utg. Oslo: Cappelen Damm, s. 221–240.
- Sandøy, H. (2014) *Talebanken ved LLE, UiB* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <[https://folk.uib.no/hnohs/DEP/Om\\_TB.pdf](https://folk.uib.no/hnohs/DEP/Om_TB.pdf)> [Lese: 30.03.2019].
- Sandøy, H. (2015) Vestnorsk etter 1800. I Sandøy, H. (red.) *Talemål etter 1800. Norsk i jamføring med andre nordiske språk*. Oslo: Novus forlag.
- Sandøy, H., Akselberg, G. og Kristoffersen, G. (2007) *Dialektendringsprosessar* (prosjektskisse).
- Sankhoff, G. og Blondeau, H. (2007) Language Change Across the Lifespan: /r/ in Montreal French, *Language*, Vol. 83.
- Sjekkeland, M. (1980) *Bø-målet i går og i dag*. Bø: Telemark distriktshøgskole.
- Sjekkeland, M. (2005) *Dialektar i Noreg: tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

- Sjekkeland, M. (2009) *Språk og samfunn i endring: Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus forlag.
- Sjekkeland, M. og Venås, K. (2017). Dialekter i Ryfylke. *Store norske leksikon* [Internett.] Tilgjengeleg frå: <[https://snl.no/dialekter\\_i\\_Ryfylke](https://snl.no/dialekter_i_Ryfylke)> [Lese: 14.03.2019].
- Statistisk sentralbyrå (2009) *Sentraliseringen fortsetter* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/sentraliseringen-fortsetter>> [Lese: 11.05.2019].
- Statistisk sentralbyrå (2018a) *Elevar i grunnskulen* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utgrs/aar>> [Lese: 10.05.2019].
- Statistisk sentralbyrå (2018b) *Norges 100 mest folkerike kommuner* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://www.ssb.no/folkemengde>> [Lese: 20.03.2019].
- Statistisk sentralbyrå (2018c) *Variabeldefinisjon: tettsted* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://www.ssb.no/a/metadata/conceptvariable/vardok/141/nb>> [Lese: 20.03.2019].
- Statistisk sentralbyrå (u.å.a) Utan tittel [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://kart.ssb.no/>> [Lese: 18.03.2019].
- Statistisk sentralbyrå (u.å.b) 07979: *Sysselsatte per 4. kvartal, etter region, næring (SN2007), statistikkvariabel og år* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://www.ssb.no/statbank/table/07979/tableViewLayout1/>> [Lese: 14.05.2019].
- Statsarkivet i Stavanger (2017) *A-100311 - Karmsund tingrett* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://www.arkivportalen.no/contributor/no-a1450-06000000013736>> [Lese: 14.05.2019].
- Særheim, I. (1998) Ei dialektgrense i Nordvest-Rogaland. I: Karmsund folkemuseum (red.) *Årbok for Karmsund 1997–1998*. Haugesund: Haugesund Bok og Offset. A. S.
- Thorsnæs, G. (2017) Ryfylke. I: *Store norske leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://snl.no/Ryfylke>> [Lese: 20.03.2019].
- Thorsnæs, G. (2018). Karmøy. I: *Store norske leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://snl.no/Karm%C3%B8y>> [Lese: 01.12.2018].
- Thorson, P. (1929) *Målet i Nordaust-Ryfylke: umrit av ljodlæra*. Oslo: I kommisjon hos Aschehoug & co.
- Thorson, P. (1930) *Ryfylke-målet: eit umrit av ljod- og formlæra*. Oslo: I kommisjon hos Olaf Norli.
- Tjelmeland, L. T. (2016) *Språket i Åkraffjorden. Ei sosiolingvistisk gransking av dialekten i to fjordbygder* [masteravhandling]. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Trudgill, P. (1972) Sex, Covert Prestige and Linguistic Change in the Urban British English of Norwich. *Language in Society*, Vol. 1, s. 179–195.
- Trudgill, P. (1983) *The Social Differentiation of English in Norwich*. 2. utg. Cambridge: Cambridge University Press.
- Trudgill, P. (1983) *Sociolinguistics: An introduction to language and society*. London: Penguin Books.
- Trudgill, P. (1986) *Dialects in Contact*. Oxford: Basil Blackwell.
- Tveit, M. (2006) *Amerikafarten mellom Karmøy og New Bedford* [masteravhandling]. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Venås, K. (1991) *Mål og miljø: Innføring i sosiolingvistikk eller språksosiologi*. Oslo: Novus forlag.

- Villanger, S. (2010) *Da hadde vært litt kult visst vi hadde snakka strilsk om hondra år. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Øygarden* [masteravhandling]. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Vormedal, T. I. (2009) *Historien om Haugalandet: 1950-tallet*. Haugesund: Vormedal Forlag.
- Vormedal, T. I. (2010) *Historien om Haugalandet: 1960-tallet*. Haugesund: Vormedal Forlag.
- Vormedal, T. I. (2011) *Historien om Haugalandet: 1970-tallet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Vormedal, T. I. (2012) *Historien om Haugalandet: 1980-tallet*. Haugesund: Vormedal Forlag.
- Vormedal, T. I. (2013) *Historien om Haugalandet: 1940-tallet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Vormedal, T. I. (2015) *Historien om Haugalandet: 1990-tallet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Østrem, N. O. (2010) *Karmøys historie – mot havet du deg vender: Fra 1800 til 1900*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Aasen, I. (1864) *Norsk Grammatik*. Kristiania.
- Aasen, K. N. (2011) *Stavanger-dialekten 30 år etter. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Stavanger* [masteravhandling]. Bergen: Universitetet i Bergen.

## Litteratur i vedlegg

Wikipedia (u.å.) *Rogaland* [Internett]. Tilgjengeleg frå:

<<https://no.wikipedia.org/wiki/Rogaland#Kommuner>> [Lese: 22.03.2019].

Statistisk sentralbyrå (u.å.) Utan tittel [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://kart.ssb.no/> [Lese 22.03.2019].

Google Maps (u.å.) Karmøy [Internett]. Tilgjengeleg frå:

<<https://www.google.com/maps/place/Karm%C3%B8y/@59.7112537,5.1426972,7z/data=!4m5!3m4!1s0x463b0f2b894fc315:0xa1d491c4185cb1c2!8m2!3d59.2801018!4d5.3071112?hl=no>> [Lese: 22.03.2019].

Statistisk sentralbyrå (1960) *Folketellingen 1. november 1960. 1149 Åkra*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.

Statistisk sentralbyrå (1970) *Folke- og bolig telling 1. november 1970. 1149 Karmøy*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.

Statistisk sentralbyrå (1980) *Folke- og bolig telling 1980. 1149 Karmøy*. Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.

Statistisk sentralbyrå (1990) *Folke- og bolig telling 1990. Karmøy*.

Statistisk sentralbyrå (2001) *Folke og bustadteljing 2001. Karmøy*. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.

Statistisk sentralbyrå (2018) *Kommunefakta Karmøy - 1149 (Rogaland)* [Internett].

Tilgjengeleg frå: <<https://www.ssb.no/kommunefakta/karmoy>> [Lese 19.03.2019].

Statistisk sentralbyrå (u.å.) 05471: Innenlandsk innflytting, utflytting og nettoinnflytting (K) 1994 – 2017 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://www.ssb.no/statbank/table/05471/>> [Lese: 19.03.2019].

Statistisk sentralbyrå (u.å.) 09501: *Folkemengde ved folketellingene (K) (avslutta serie) 1769-2011* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://www.ssb.no/statbank/table/09501/>> [Lese: 19.03.2019.]


Statistisk sentralbyrå (u.å.) 09588: *Flytting, etter region, statistikkvariabel og år* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<https://www.ssb.no/statbank/table/09588/>> [Lese: 19.03.2019].

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Kart

### Regioninndeling i Rogaland

Figur 0.1 viser regioninndeling i Rogaland fylke på kommunenivå. Det turkise området Karmøy er ein del av utgjør Haugalandet. Det gule området utgjør distriktet Ryfylke, i denne avhandlinga kalla «geografiske Ryfylke». Haugalandet og Ryfylke (det turkise og gule området) utgjør saman det som blir referert til som «språklege Ryfylke».




Figur 0.1: Regioninndeling i Rogaland

Kartet er henta frå Wikipedia (u.å.).

[https://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/thumb/c/cb/Kommuner\\_og\\_distrikter\\_i\\_Rogaland.svg/400px-Kommuner\\_og\\_distrikter\\_i\\_Rogaland.svg.png](https://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/thumb/c/cb/Kommuner_og_distrikter_i_Rogaland.svg/400px-Kommuner_og_distrikter_i_Rogaland.svg.png)

## Tettsteder på Haugalandet

Kartet nedenfor viser tettstadbygning på Haugalandet. Tidlegare Åkra kommune er markert i blått.




Figur 0.2: Kart over tettsteder på Haugalandet



Kartet er henta frå Statistisk sentralbyrå (u.å.).

## Sørvestlandet

Kartet nedanfor er eit utsnitt frå Google Maps (u.å.) av Sørvestlandet. Karmøy kommune er markert i raudt.



Figur 0.3: Kart over Sørvestlandet

## Vedlegg 2: Folketal

### Folketalsutviklinga i Åkra og Karmøy:

	Folketal Åkra	Folketal Karmøy
1890	1962	12887
1900	2337	12662
1910	2761	13645
1920	3215	15825
1930	3687	15942
1946	4808	18292
1950	5121	19311
1960	5610	21597
1970	6891	27635
1980	7818	32035
1990	8469	35087
2001	9367	37083
2010	10420	39624
2019	11310	42161
2030		43028
2040		43804




Diagram 0.1: Folketal i Åkra og Karmøy kommunar

Tabell 0.1: Folketal i Åkra og Karmøy kommunar

Tala presenterte i tabellen og diagrammet ovanfor er henta frå fleire ulike statistikkar ved Statistisk sentralbyrå (SSB):

- Folketala for Karmøy før 1965 er estimerte ut frå folketalet i dei ulike kommunane.

Tala, slik dei er rapporterte her, er henta direkte frå Statistisk sentralbyrå:

#### 09501: Folkemengde ved folketellingene (K) (avslutta serie) 1769 - 2011

<https://www.ssb.no/statbank/table/09501/> [Lese 19.03.19.]

- Folketala for Karmøy fram til 2011 er henta frå same statistikk som tala før kommunesamanslåinga i 1965. Folketalet for Karmøy i 2019 er henta frå Statistisk sentralbyrå:

<https://www.ssb.no/kommunefakta/karmoy> [Lese 19.03.19.]

Dette er tal for 4. kvartal 2018. Eg har vald å setja dette talet inn i tabellen under «2019» for jamstilling med folketalet for Åkra.

- Folkemengda i Karmøy i 2030 og 2040 er den forventa utviklinga oppgitt av Statistisk sentralbyrå:

<https://www.ssb.no/kommunefakta/karmoy> [Lese 19.03.19.]

- Folketalet i Åkra kommune frå 1890 til 1960 er henta frå kommuneheftet for Åkra ved folketeljinga i 1960, s. 5:  
Statistisk sentralbyrå (1960) *Folketellingen 1. november 1960. 1149 Åkra*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.  
[https://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1960/kh\\_1960\\_1149.pdf](https://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1960/kh_1960_1149.pdf)
- Folketalet frå 1970 til 1990 er rekna ut frå folketeljingane i kommunehefta frå 1970, 1980 og 1990:  
Statistisk sentralbyrå (1970) *Folke- og boligtelling 1. november 1970. 1149 Karmøy*. Oslo: Statistisk sentralbyrå, s. 22–23.  
[https://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1970/kh\\_1970\\_1149.pdf](https://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1970/kh_1970_1149.pdf)  
Statistisk sentralbyrå (1980) *Folke- og boligtelling 1980. 1149 Karmøy*. Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå, s. 31–32.  
[https://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1980/kh\\_1980\\_1149.pdf](https://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1980/kh_1980_1149.pdf)  
Statistisk sentralbyrå (1990) *Folke- og boligtelling 1990. Karmøy*. S. 39–40.  
[https://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1990/kh\\_1990\\_1149.pdf](https://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1990/kh_1990_1149.pdf)
- Tala for 1970 står ikkje oppgigde i delområde og grunnkrinsar men i teljokrinsar i kommuneheftet. Det oppgigde folketalet er summen av folketalet i følgjande teljokrinsar:
  10. Vedavågen tettbygd
  11. Vedavågen spreiddbygd
  12. Sevlandsvik tettbygd
  13. Sevlandsvik spreiddbygd
  14. Åkrehamn tettbygd
  15. Åkrehamn spreiddbygd
  16. Medhaug/Ådland (spreiddbygd)
  17. Fagerland/Liknes (spreiddbygd)

Tabell 0.2 på neste side:

- Folketalet i Åkra frå 1999 til 2019 er henta frå Statistisk sentralbyrå:  
**04317: Grunnkretsenes befolkning (G) 1999 - 2019**  
<https://www.ssb.no/statbank/table/04317>

04317: Befolkning, etter grunnkrets, statistikkvariabel og år

	1980	1990	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Sævik	582	637	636	648	645	633	645	652	655	655	661
Østhus	430	366	364	356	360	359	366	367	363	373	372
Østhusneset	424	549	523	517	506	490	482	483	492	498	501
Munkejord	509	448	483	485	495	491	496	499	505	492	528
Vea	328	447	532	545	573	606	613	615	602	594	606
Heiå	307	242	243	241	240	240	227	223	217	206	222
Mannes	427	637	702	702	725	722	711	712	699	681	686
Sevlandsvik	484	347	429	424	412	440	430	425	429	452	440
Varne	175	276	244	263	259	251	263	275	269	271	265
Tjøsvoll	463	469	476	468	485	487	475	467	462	499	488
Tjøsvoll øst	214	597	730	766	743	729	754	773	777	786	810
Åkrehamn	640	563	681	745	753	745	735	775	841	938	979
Årvold	318	430	501	545	558	562	604	614	614	624	641
Grindhaug	454	457	464	466	461	458	447	439	434	417	436
Mosbron	709	730	881	867	884	883	887	882	895	865	901
Stong	371	409	384	394	404	397	460	459	479	494	506
Ådland	586	497	483	488	499	510	514	499	509	516	537
Liknes	397	368	371	364	365	348	348	348	352	343	322
Sum:	7818	8469	9127	9284	9367	9351	9457	9507	9594	9704	9901

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Sævik	663	690	678	682	729	710	676	709	705	730	732	724
Østhus	367	367	399	401	384	395	398	429	406	425	428	447
Østhusneset	498	484	495	488	493	495	522	531	540	549	555	554
Munkejord	520	543	553	581	563	571	590	592	603	627	618	618
Vea	633	644	644	644	679	673	685	704	729	733	753	769
Heiå	226	223	228	224	218	224	230	242	253	249	245	242
Mannes	678	686	675	686	691	683	674	656	656	635	626	606
Sevlandsvik	475	475	476	473	457	472	481	469	466	473	471	467
Varne	258	239	252	261	254	248	250	263	264	266	262	252
Tjøsvoll	508	514	523	515	524	518	528	519	511	503	505	503
Tjøsvoll øst	838	875	883	872	894	885	891	902	929	959	989	1021
Åkrehamn	1057	1061	1076	1091	1121	1158	1188	1153	1168	1163	1181	1171
Årvold	641	710	700	695	699	692	722	758	794	794	828	822
Grindhaug	450	479	494	509	537	547	540	531	562	557	564	547
Mosbron	892	847	825	835	847	832	834	827	849	845	801	791
Stong	520	532	570	595	607	663	710	707	726	721	724	734
Ådland	565	595	611	620	626	648	659	684	677	690	683	716
Liknes	314	341	338	349	343	338	338	344	338	330	336	326
Sum:	10103	10305	10420	10521	10666	10752	10916	11020	11176	11249	11301	11310

Tabell 0.2: Folketal i Åkra etter grunnkrins

Følgjande framstillingar av folketalsutviklinga dei siste 20 åra (1999–2019) i kvart av dei tre delområda i Åkra er baserte på tala i tabellen ovanfor (Tabell 0.2). I tillegg til data frå Tabell 0.2 er folketala for 1960–1990 henta frå kommunehefta for folketeljningane i 1960–1990 (Statistisk sentralbyrå, 1960, 1970, 1980, 1990).

### Folketalsutvikling i Vedavågen

	1960	1970	1980	1990
<b>Sævik</b>			582	637
<b>Østhus</b>			430	366
<b>Østhusneset</b>			424	549
<b>Munkejord</b>			509	448
<b>Vea</b>			328	447
<b>Sum Vedavågen</b>	1657	1941	2273	2447

Tabell 0.3: Folketalsutvikling i Vedavågen, 1960–1990




Diagram 0.3: Folketalsutvikling i Vedavågen, 1960–1990




Diagram 0.2: Folketalsutvikling i Vedavågen etter grunnkrinsar

Diagram 0.2 og Diagram 0.3 er baserte på tala i Tabell 0.2 og i Tabell 0.3.

### Folketalsutvikling i Sevland:

	1960	1970	1980	1990
<b>Heiå</b>			307	242
<b>Mannes</b>			427	637
<b>Sevlandsvik</b>			484	347
<b>Varne</b>			175	276
<b>Sum Sevland</b>	1175	1373	1393	1502

Tabell 0.4: Folketalsutvikling i Sevland, 1960–1990




Diagram 0.4: Folketalsutvikling i Sevland, 1960–2009




Diagram 0.5: Folketalsutvikling i Sevland etter grunnkrinsar

Diagram 0.4 og Diagram 0.5 er baserte på tala i Tabell 0.2 og Tabell 0.4.

### Folketalsutvikling Åkrehamn

	1960	1970	1980	1990
Tjøsvoll			463	469
Tjøsvoll øst			214	597
Åkrehamn			640	563
Årvold			318	430
Grindhaug			454	457
Mosbron			709	730
Stong			371	409
Ådland			586	497
Liknes			397	368
<b>Sum Åkrehamn</b>	<b>2777</b>	<b>3577</b>	<b>4152</b>	<b>4520</b>

Tabell 0.5: Folketalsutvikling i Åkrehamn, 1960–1990




Diagram 0.7: Folketalsutvikling i Åkrehamn, 1960–1990




Diagram 0.6: Folketalsutvikling i Åkrehamn etter grunnkrinsar

Diagram 0.6 og Diagram 0.7 er baserte på tala i Tabell 0.2 og Tabell 0.5.

### Vedlegg 3: Flytting

#### Flytting til og frå Åkra kommune, 1951–1959

Tala er henta frå kommuneheftet for Karmøy ved folketeljinga i 1960.

Statistisk sentralbyrå (1960) *Folketellingen 1. november 1960. 1149 Åkra*. Oslo: Statistisk sentralbyrå, s. 5.

[https://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1960/kh\\_1960\\_1149.pdf](https://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1960/kh_1960_1149.pdf)

	1951	1952	1953	1954	1955	1956	1957	1958	1959
<b>Innflytting</b>	82	73	88	116	105	148	142	99	93
<b>Utflytting</b>	127	101	124	95	106	154	137	166	149
<b>Nettoinnflytting</b>	-45	-28	-36	21	-1	-6	5	-67	-56

Tabell 0.6: Flytting til og frå Åkra, 1951–1959




Diagram 0.8: Flytting til og frå Åkra, 1951–1959

#### Flytting (inn- og utland) til og frå Karmøy kommune, 2002–2017

Tala er henta frå Statistisk sentralbyrå:

09588: Flytting, etter region, statistikkvariabel og år

<https://www.ssb.no/statbank/table/09588/>

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
<b>Innflytting</b>	1061	1169	1220	1251	1401	1601	1547	1308	1546	1766	1706
<b>Utflytting</b>	1149	1261	1109	1099	1206	1202	1353	1277	1383	1487	1355
<b>Nettoinnflytting</b>	-88	-92	111	152	195	399	194	31	163	279	351
	2013	2014	2015	2016	2017						
<b>Innflytting</b>	1740	1588	1531	1457	1418						
<b>Utflytting</b>	1344	1539	1628	1595	1544						
<b>Nettoinnflytting</b>	396	49	-97	-138	-126						

Tabell 0.7: Flytting (inn- og utland) til og frå Karmøy kommune, 2002–2017




Diagram 0.9: Flytting (inn- og utland) til og frå Karmøy kommune, 2002–2017

## Flytting (innland) til og frå Karmøy kommune, 1994–2017

Tala er henta frå Statistisk sentralbyrå:

**05471: Innenlandsk innflytting, utflytting og nettoinnflytting (K) 1994 – 2017**

<https://www.ssb.no/statbank/table/05471/>

	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
<b>Innflytting</b>	1031	962	1099	1004	1067	1076	1013	970	900	943	1055	1085
<b>Utflytting</b>	1221	1202	1156	1079	1027	1139	1188	1275	1087	1190	1033	1032
<b>Nettoinnflytting</b>	-190	-240	-57	-75	40	-63	-175	-305	-187	-247	22	53
	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Innflytting</b>	1220	1187	1163	1018	1228	1388	1273	1379	1296	1279	1174	1222
<b>Utflytting</b>	1136	1148	1250	1124	1279	1350	1239	1237	1394	1466	1405	1367
<b>Nettoinnflytting</b>	84	39	-87	-106	-51	38	34	142	-98	-187	-231	-145

Tabell 0.8: Flytting (innland) til og frå Karmøy, 1994–2017




Diagram 0.10: Flytting (innland) til og frå Karmøy, 1994–2017



## Vedlegg 4: Pendling

### Utpendling frå Karmøy kommune, 2001

